

Gerd Sylvi Steinnes

## Profesjonalitet under press?

Ein studie av førskulelærarar si meistring av rolla i lys av kvalifiseringa til yrket og arbeidsdelinga med assistentane

Avhandling for graden Ph.d i profesjonsstudier  
Senter for profesjonsstudier  
Høgskolen i Oslo og Akershus

CC-BY-SA Høgskolen i Oslo og Akershus

Avhandling 2014 nr 2

ISSN 1893-0476

ISBN 978-82-93208-75-4

Opplag trykkes etter behov, aldri utsolgt

HiOA,  
Læringsenter og bibliotek,  
Skriftserien  
St. Olavs plass 4,  
0130 Oslo,  
Telefon (47) 64 84 90 00

Postadresse:  
Postboks 4, St. Olavs plass  
0130 Oslo

Adresse hjemmeside: <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Nettbokhandel>  
For elektronisk bestilling klikk Bestille bøker  
For manuell bestilling fax (47) 64 84 90 07.

Trykket hos Allkopi  
Trykket på Multilaser 80 g hvit

## Forord

Som ein av svært få i min generasjon, gjekk eg i barnehage. Rett nok i berre nokre få månader, men nok til å sette spor. Eg hugsar lite konkret frå innhaldet i kvardagane denne tida, med unntak av Astrid som vart den beste venen min i barnehagen, og nokre skräemande store gutar. Men eg hugsar lukter som er knytt til vase minne, og då eg i vaksen alder var på besøk i den gamle barnehagen, kom særleg eitt minne fram, framkalla av kjende lukter. Det var første dagen, og mor mi som arbeidde på ein butikk i sentrum, sykla til barnehagen med meg på bagasjebrettet. Vi var nok like spente begge to. Eg var det einaste nye barnet, så alle andre kjende kvarandre godt frå før. Mor mi helste på dei vaksne, og hjelpte meg å finne hylla mi før ho sykla til sin eigen jobb. Det vart ikkje praktisert noko som likna på tilvenningstid, så ein fekk finne seg til rette som best ein kunne. For dei andre borna og personalet heldt dagen fram som vanleg. Sidan eg ikkje fann min plass i dette, valde eg å ta sekken min og rusle stilt ut døra i mine nye tøfler. Det høyrer med til historia at då mor mi tok meg med tilbake til barnehagen, hadde personalet ikkje lagt merke til at eg hadde vore borte.

Dette var starten på mitt barnehageliv og mi interesse for barnehagefeltet. Seinare har eg vore involvert i dette feltet gjennom mange års arbeid som forskulelærar, som høgskulelektor i forskulelærarutdanninga og gjennom rolla som prosjektleiar for rettleiing av nyutdanna. Heile vegen har eg hatt eit sterkt engasjement for feltet og ei interesse for forskulelæraren si rolle. Å få høve til fordjuping som eit slikt avhandlingsarbeid gir, har difor vore eit privilegium. Det har også vore utfordrande å skulle sjå på barnehagefeltet og forskulelærarrolla med eit ope og kritisk blikk. Det er mange som skal takkast for samarbeid og støtte gjennom prosessen.

Først vil eg takke rettleiaren min, Kåre Heggen, som har følgt meg heilt sidan arbeidet med hovudfaget. Du har bidrige med konstruktive tilbakemeldingar og nyttige perspektiv, og har stor fagleg innsikt. Slik har du vore ei uunnverleg støtte. Takk også til Høgskulen i Volda som har gitt meg rom for å arbeide med avhandlinga, og til Senter for profesjonsstudier for god tilrettelegging. Ei særleg takk til Lars Inge Terum.

Utan at kollega Bente Vatne hadde tatt initiativ til ein søknad om midlar frå forskingsrådet til det som etter kvart vart kalla MAFAL-prosjektet, hadde ikkje denne avhandlinga vore mogleg. Ein stor takk for samarbeidet i prosjektet, og for di avgjerande rolle for å få meg til å ta steget inn i forskinga. Peder Haug har vore prosjektleiar, og fortener takk for at døra alltid har stått open når eg har ynskt å diskutere små og store spørsmål. Å ha ein kollega som så raust deler av sin kunnskap med andre, er ein uvurderleg ressurs. Takk også til dei andre

deltakarane i MAFAL-prosjektet, og særleg til Jens Christian Smeby og Lars Gulbrandsen, for tilbakemelding på tekster. Takk til Liv Gjems for konstruktive innspel på sluttlesingsseminaret.

Gjennom det nasjonale kompetansenettverket *Nettverk for veiledning av nyutdannede lærere* møtte eg Liv Torunn Eik og Elin Ødegård, som i løpet av dei siste par åra har avslutta sine doktorgradsarbeid om nyutdanna førskulelærarar. Gjennom interessa for barnehagefeltet og førskulelærarane sine vilkår, utvikla det seg raskt eit fellesskap. Takk for diskusjonar, fagleg samarbeid, inspirasjon og vennskap.

Å arbeide med ei avhandling inneber langsame og einsame prosessar. Ei særskild takk går difor til kollega og stipendiat Randi Myklebust, som gjennom alle desse åra har lytta til mine frustrasjonar og som har vore til støtte både fagleg og sosialt. Gjennom vår felles pause med «kveldsmat» på gangen om ettermiddagen, før vi begge har tatt fatt på kveldsøkta, har det vorte skapt eit fellesskap som har vore svært viktig. Takk for samhald, vennskap og oppmuntring, og for at du har delt av di tid med meg! Takk også til medstipendiat Hilde Opsal som har gått i førevegen og bidrege med gode råd i prosessen.

Sist, men ikkje minst, ein stor takk til dei nærmaste og kjæraste som har heia på meg frå sidelinja og hatt forståing for at avhandlingsarbeidet har tatt mykje konsentrasjon og opptekne meg både kveldar og helgar. Eg ser fram til å få meir tid saman med dykk som er aller viktigast for at livet skal vere godt.

Volda, mai 2014

Gerd Sylvi Steinnes

## **Samandrag**

Denne avhandlinga handlar om førskulelærarar si meistring av rolla i lys av kvalifiseringa til yrket og samarbeidet med assistentane. Førskulelærarane arbeider i eit felt som er statleg regulert, men der mange av arbeidsoppgåvene liknar på oppgåver som vert gjennomført i dei fleste heimar med barn. Skiljet mellom det profesjonelle og det private kan difor vere uklart.

Etter ein periode med sterk ekspansjon har barnehagen blitt ein sentral del av velferdsstaten, og både innhald og organisering har relevans for stadig fleire familiar. Lenge har det politiske fokuset vore retta mot kvantitet og utbygging, meir enn på kvalitet. Per i dag manglar det omlag 4000 førskulelærarar for å stette krava i Lov om barnehagar. Førskulelærarane utgjer ein tredel av personalet, medan fleirtalet av dei tilsette er assistenter, mange av dei utan barnehagefagleg utdanning. I seinare tid har innhald og kvalitet vorte framheva, og høg pedagogisk kvalitet vert relatert til eit kompetent personale. Både arbeidet sin karakter og samansetjinga av personalet kan representere eit press mot profesjonen. Det aktualiserer forsking på korleis førskulelærarane forstår og meistrar den profesjonelle rolla, og kva vilkår dei møter for profesjonell utvikling.

Formålet med studien har vore å utvikle kunnskap om førskulelærarane si profesjonelle utvikling, og forståing for kva utfordringar dei møter i profesjonaliseringsprosessen. Tidlegare studiar har i avgrensa grad undersøkt tilhovet mellom førskulelærarar og assistenter empirisk. Gjennom surveyundersøkinga FluData har avhandlinga hatt tilgang til data frå eit stort tal assistenter og førskulelærarar i norske barnehagar. Dette gir innsikt i korleis dei ulike yrkesgruppene vurderer eigen, og kvarandre sin, kompetanse. Intervju av førskulelærarstudentar i siste semester av utdanninga, gir data om endringar i kunnskapsbasen gjennom utdanninga.

Problemstillinga for avhandlinga er: *Korleis meistrar førskulelærarane rolla i lys av kvalifiseringa til yrket og samarbeidet med assistentane?* Avhandlinga består av eit innleiande essay og fire artiklar. Avhandlinga er inspirert av perspektiv frå sosiokulturell teori, profesjonsteori og rammefaktorteorি. Profesjonsteorien gir innsikt i kva vilkår som er sentrale i profesjonaliseringsprosessen for at profesjonen skal oppnå jurisdiksjon og legitimitet. Perspektiv frå sosiokulturell teori handlar i denne samanhengen primært om kunnskapsutvikling i utdanning og yrke. Rammefaktorteorи er nytta for å vise korleis ulike vilkår heng saman, og dannar ei overordna ramme for å forstå førskulelærarane si meistring og profesjonelle utvikling. I det ligg det ei forståing av at ulike teoretiske perspektiv kan finne sin plass innanfor denne ramma.

Den første artikkelen har tittelen *Frå utdanning til yrke. Førskulelæraren som profesjonell aktør?* Det empiriske grunnlaget for artikkelen bygger på tre informasjonskjelder; StudData, FluData og intervju med nyutdanna førskulelærarar. Intervjumaterialet som er nytta her, er henta frå eit tidlegare arbeid (Steinnes, 2007). Med utgangspunkt i utfordringar knytt til det som vert definert som eit lekmannsprøg i barnehagen, drøftar artikkelen ulike tilhøve som pregar førskulelæraren sitt møte med yrket og vilkår for profesjonell utvikling. Slike vilkår relaterer seg mellom anna til tradisjon og strukturelle tilhøve i barnehagen, og ein horisontal

diskurs, der allmennkunnskap står sterkt. Tilhøvet mellom teoretisk og praktisk kunnskap kan representera ei utfordring for forskulelæraren si mestring av rolla. Eit sentralt spørsmål er om den teoretiske delen av forskulelæraren sin kunnskapsbase har tilstrekkelege vilkår for utvikling, eller om denne vert gjort usynleg i møtet med ein praksisnær kultur. Som del av dette er det undersøkt og drøfta kva forskulelærarar i ulike fasar av yrkeslivet opplever som sentrale kompetanseområde i yrket. FluData viser at sjølv om verdsetjing av fagkunnskap aukar i takt med erfaring frå yrket, vurderer forskulelærarar i alle fasar av yrkeslivet fagkunnskap lågare enn personlege evner og verdiar og haldningar. Berre praktiske ferdigheter vert rangert lågare.

Vilkår som vidare er tematiserte, er korleis nyutdanna forskulelærarar opplever møtet med yrket, og i kva grad dei opplever å få tilgang til fagleg oppdatering i arbeidet. Dei nyutdanna forskulelærarane rapporterte gjennom intervju om ei oppleveling av manglande samsvar mellom innhaldet i arbeidet, og forventningar om kva utdanninga hadde kvalifisert dei for. I tillegg opplevde dei i liten grad systematisk introduksjon til yrket. Både StudData og FluData stadfestar ei oppfatning av at systematisk rettleiing og opplæring er mangelfullt i barnehagen.

Artikkel to, *Common sense or professional qualifications? Division of labor in kindergarten*, studerer arbeidsdelinga mellom forskulelærarar og assistentar i norske barnehagar, og drøftar dei to gruppene sine oppfatningar av kva som er viktig kunnskap for å utføre ulike pedagogiske oppgåver. Det empiriske grunnlaget for artikkelen er analysar av FluData. Analysane viser at forskulelærarar og assistentar utfører om lag like mykje praktisk arbeid som ikkje involverer borna, medan forskulelærarane nyttar meir tid på administrasjon enn assistentane. Det inneber at assistentane er mest til stades i det daglege arbeidet med borna.

Materialet viser at det er marginale skilje i arbeidsoppgåvene mellom dei to gruppene, og korleis dei opplever seg kvalifiserte for arbeidet. Eit aktuelt spørsmål er om kulturen i barnehagen er mindre dominert av forskulelærarane sine formelle kvalifikasjoner, og desto meir prega av allmennkunnskap og populære oppfatningar av kva som er sentralt i oppseding av barn. Artikkelen presenterer to ulike scenario for i kva grad forskulelæraren får gjennomslag for profesjonell kunnskap. Det første handlar om at forskulelæraren entrar barnehagefeltet med tiltru til eigen kunnskapsbase og at denne kunnskapen vert verdsett i feltet. Alternativt kan forskulelæraren tilpasse seg ein ikkje-akademisk kultur for å unngå motstand blant assistentane. Ei sentral utfordring for forskulelæraren, er at kunnskapsbasen har mange fellestrek med allmennkunnskap om barn. I tillegg er barnehagen prega av ein likskapskultur, der skilnader i kompetanse vert tilslørt meir enn framheva. Artikkelen konkluderer med at den profesjonelle kunnskapen likevel til ei viss grad vert verdsett. Det kjem til uttrykk gjennom at verdsetjing av fagkunnskap stig i takt med erfaring frå arbeid i barnehagen, slik det vart presentert i artikkelen.

Den tredje artikkelen, *Frå assistent til nyutdanna forskulelærarar*, har studert studentar med og utan lang erfaring som assistent før dei tok til i forskulelærarutdanninga. Det empiriske grunnlaget er individuelle intervju og fokusgruppeintervju av studentar i siste semester av si forskulelærarutdanning på deltid. Utgangspunktet for artikkelen var om studentar med lang erfaring som assistent før utdanninga, oppfattar målet med å ta utdanning primært som

kvalifiserande eller sertifiserande. Den siste tilnærminga indikerer at erfaringane frå arbeidet som assistent i seg sjølv har utstyrt studentane med den nødvendige kompetansen for arbeidet som forskulelærar, men at utdanninga er eit nødvendig virkemiddel for å tilfredsstille formelle krav. Artikkelen har samanlikna korleis informantane har opplevd verdien av utdanninga, og innhaldet i denne, og drøftar korleis både utdanning og yrkeslivet kan vere verdifulle arenaer for læring. Å studere korleis studentane opplever endringar i den profesjonelle kunnskapsbasen, gir perspektiv på verdien av formell utdanning for rolla som forskulelærar. Begge grupper rapporterer om at dei har lært mykje gjennom utdanninga. Studien konkluderer med at samanlikna med studentar utan lang erfaring frå arbeid i barnehage før utdanninga, har dei erfarne meir kontekstuell kunnskap som kan gi støtte til meiningsskaping relatert til innhaldet i utdanninga. Omfattande praksiserfaringar viser seg nyttige som grunnlag for å ta opp i seg innhaldet i utdanninga. Dette kjem til uttrykk gjennom korleis dei erfarne er i stand til å setje ord på tileigna kunnskap og kva som skil denne frå kunnskapen dei hadde før utdanninga. Studien viser også at den profesjonelle kunnskapsbasen dei tidlegare assistentane har tileigna seg gjennom utdanninga, gjer dei i stand til å reflektere over pedagogiske spørsmål på ein annan måte enn tidlegare. Medvitet om korleis denne kunnskapen er viktig og relevant for det pedagogiske arbeidet i barnehagen, kan vere viktig for å oppnå legitimitet og anerkjenning i yrket.

Den siste artikkelen, *Consequences of staff composition in Norwegian kindergarten*, studerer samansetjinga av personalet, kompetanse og arbeidsdeling i barnehagen i lys av eit rammefaktoperspektiv, og bygger på analysar av FluData. Hovudspørsmåla som er drøfta er korleis samansetjinga av personalet og den formelle kompetansen påverkar arbeidsdelinga, og korleis den eksisterande praksisen kan forklarast. Den rammefaktorteoretiske tilnærminga (Dahllöf, 1967; Lundgren, 1984) løftar fram ei forklaringsramme som ser arbeidsdelinga i barnehagen i samanheng med fleire tilhøve. Artikkelen drøftar korleis arbeidsdelinga i barnehagen er prega av barnehagen sin tradisjon og rådande ideal, av strukturelle tilhøve, og av utfordringar knytt til kompetanse i personalgruppa. Innanfor rammefaktortenkninga er den individuelle kompetansen sentral i det som kan definerast som forskulelæraren sitt handlingsrom. Ei forklaring på arbeidsdelinga er at forskulelæraren manglar legitimitet i den profesjonelle rolla og at den profesjonelle kompetansen ikkje har sterkt nok gjennomslagskraft. Det kan såleis vere at utdanninga ikkje har tilført den nødvendige kompetansen. Manglande legitimitet kan også botne i at forskulelæraren manglar den individuelle personlege styrken i møtet med ei personalgruppe som har overvekt av ufaglærte. Det empiriske materialet gir ikkje grunnlag for å trekke klare konklusjonar om kva som er den sterkeste faktoren. Konklusjonen i artikkelen er difor at det ikkje vil vere tilstrekkeleg å studere berre ein faktor om ein skal forstå og endre eksisterande praksis. Skal grunnleggande endring skje, må det gjerast tiltak både i utdanninga og i barnehagen som organisasjon.

Avhandlinga konkluderer med at barnehagen er prega av lite differensiert arbeidsdeling mellom forskulelærarar og assistenter. Dette, kombinert med korleis dei ulike gruppene vurderer eigen og kvarandre sin kompetanse, bidreg til manglande synleggjering av forskulelæraren sitt særskilde kunnskapsgrunnlag. Avhandlinga har likevel identifisert nokre arbeidsoppgåver der forskulelærarane ser ut til å ha eit tilnærma monopol på ansvar.

Utfordringa er at desse er tidsmessig marginale aktivitetar og at symbolverdien difor er avgrensa. Det er vanskeleg å sjå konturar av ein sterk, fagleg kunnskapsbase blant førskulelærarane når vi analyserer surveydata. Intervjumaterialet viser likevel at utdanninga har gitt utvida teoretisk forståing som grunnlag for refleksjon over praksis. Denne kunnskapen er lite synleg for andre og må difor artikulerast for at andre skal få innsyn i den. Dersom førskulelærarane underkommuniserer eigen kunnskap og vurderer assistentane som like kompetente som dei sjølve, undergrev dei sin eigen posisjon. Førskulelærarane må difor sjølve ta ansvar for profesjonen. Avhandlinga konkluderer med at førskulelærarane sin profesionalitet står under press ved at dei på den eine sida skal vere garantistar for kvalitet i barnehagetilbodet, og som del av dette må bidra til å styrke assistentane sin kompetanse, samtidig som dei i eit profesjonsperspektiv må verne om profesjonen sine grenser om dei skal lukkast med å styrke førskulelærarane sin status. Dette presset vert aktualisert gjennom samansettjinga av personalet og barnehagen si heilskaplege organisering, der omsorg og læring er integrerte prosessar. Det er også eit resultat av ein overordna diskurs om kva som er viktig kompetanse for å gjere ein god jobb i barnehagen, representert gjennom kva Lov om barnehagar definerer som nødvendige profesjonelle kvalifikasjonar for arbeidet.

## **Abstract**

This thesis explores how kindergarten teachers are coping with their professional role in light of the qualification process and their cooperation with the kindergarten assistants.

Kindergarten teachers work in a field which is regulated by the government, but where a lot of the work tasks resemble those being performed in most homes with children. Hence, the difference between the professional and the private might be indistinct.

After some years of heavy expansion, kindergartens have become an integral part of the welfare state, and both its content and organization have relevance for an increasing number of families. For a long time the political focus has been directed towards quantity and development, rather than on quality. As of today, there is a shortage of 4000 kindergarten teachers in order to meet the requirements in the Act on Day Care Institutions. Kindergarten teachers constitutes one third of the staff, while the majority is kindergarten assistants, many of which do not have a relevant education. In recent time the contents and quality has been emphasized more strongly, and a high pedagogical quality is being related to a competent staff. Both the character of the work and the composition of the staff can represent a strain on the profession. This actualizes research on how kindergarten teachers understand and manage the professional role, and on what kind of conditions they meet in their professional development.

The aim of this study has been to further developing knowledge about kindergarten teachers' professional development and their understanding of the challenges they face in the process of professionalization. Previous studies have to a limited degree examined the relation between kindergarten teachers and assistants empirically. Through the survey FluData this thesis has had access to data from a large number of assistants and kindergarten teachers in Norwegian kindergartens. This gives an insight into how the different professions regard their own, and each other's, competence. Interviews of kindergarten teacher students during their last semester of the education, gives data on changes in their knowledge base throughout the education.

The problem discussed in this thesis is: *How do kindergarten teachers cope with their role, in light of qualifying for the profession and the cooperation with the assistants?* The thesis consists of an introductory essay and four papers. The thesis is inspired by perspectives from sociocultural theory, theory on professions and frame factor theory. Theory on professions provides an insight into important terms in the process of professionalization, in order for the profession to attain jurisdiction and legitimacy. Perspectives from sociocultural theory, in this context, relates to the development of knowledge in education and profession. The contribution of the frame factor theory is to show how different terms are connected, and it creates an overarching framework for the understanding of kindergarten teachers' proficiency and professional development. This calls for an understanding where the different theoretical perspectives can find their place within this framework.

The first article is named *From education to profession. Kindergarten teachers as professionals?* Empirical the article is built on three sources of information; StudData,

FluData and interviews with kindergarten teachers in their first year of work. The interviews were collected in a previously conducted research (Steinnes, 2007). Starting with the challenges that are defined as layman characteristics in the kindergarten, this article discusses the different conditions that affect the kindergarten teachers in their encounter with the profession and the terms for professional development. These terms are related to conditions including tradition and structural circumstances in kindergartens, and a horizontal discourse, where general knowledge has a strong standing. The relation between theoretical and practical knowledge can represent a challenge for kindergarten teachers and their proficiency in the role. An important question is whether the theoretical part of kindergarten teachers' knowledge base has the sufficient terms of development, or if it is made invisible in the encounter with a practice-based culture. As part of this, the study has examined what kindergarten teachers in different phases of their professional life experience as central areas of competence in the profession. FluData shows that even though there is an increasing valuation of professional knowledge in line with experience from the occupation, kindergarten teachers in all phases value professional knowledge lower than personal ability, values and attitudes. Only practical knowledge is less valued.

Other conditions that are discussed, are how newly educated kindergarten teachers experience the introduction to the profession, and to what degree they feel that they are getting access to professional updating in their work. The newly educated kindergarten teachers reported through the interviews that they experienced a missing relation between the content of their work and the expectation of qualifications that had been instilled through their education. In addition they experienced a lack of systematic introduction to the profession. Both StudData and FluData confirm a perception of a lack of systematic guidance and training in kindergartens.

The second paper, *Common sense or professional qualifications? Division of labor in kindergarten*, studies the division of labor between kindergarten teachers and assistants in Norwegian kindergartens, discussing the perception from each group of what is the most important knowledge needed to perform different pedagogical tasks. The empirical foundation for the article is analysis of FluData. The analyses show that kindergarten teachers and assistants perform about the same amount of practical work that does not involve children, while kindergarten teachers spend more time on administration. This implies that the assistants are spending the most time with the children during day-to-day work.

The empirical material shows only a marginal difference in the tasks performed by the two groups, and in how adept they feel towards their work. A relevant question then is if the culture in the kindergarten is less dominated by the kindergarten teachers' formal qualifications, and more affected by general knowledge and popular beliefs on what is important in the upbringing of children. The paper presents two different scenarios of the impact of the kindergarten teachers' professional knowledge. The first is that kindergarten teachers enter the kindergarten field with a confidence in their own knowledge base, and that this knowledge is valued in the field. An alternative is that the kindergarten teachers adapt to a non-academic culture to avoid resistance among the assistants. A main challenge for the kindergarten teacher is that the knowledge base has many traits that are similar to general

knowledge about children. In addition kindergartens are characterized by a culture of equality, where differences in competence are obscured rather than emphasized. The paper still concludes that the professional knowledge is valued to a certain degree. This appears through an increasing valuation of expertise in parallel with the increase in experience from working in kindergartens, as presented in the first paper.

The third paper, *From assistant to newly educated kindergarten teacher*, has studied students with and without comprehensive experience as kindergarten assistants previous to the kindergarten teacher education. The empirical basis of the paper is individual interviews and focus group interviews of students in their last semester of their part-time education. The point of departure for the article was to examine whether students with comprehensive experience as assistants previous to the education, primarily perceived the education as qualifying or as certifying. The latter approach would indicate that experience from working as a kindergarten assistant in itself has equipped the students with the necessary competence for working as a kindergarten teacher, but that the education is needed to satisfy formal demands. The paper compares how the informants experienced the content and the value of their education, and discusses how both education and workplace can be valuable venues for learning. Studying how the students perceive changes in the professional knowledge base, gives perspectives on the value of formal education for the role as kindergarten teacher. Both groups report that they have learned a lot through the education. The conclusion of the study is that compared to students with limited experience from working in kindergartens, the students with comprehensive experiences have more contextual knowledge, which can support the students understanding of the contents of the education. Comprehensive practical experience has shown to be useful as a foundation to absorb the contents of the education. This is expressed through how the experienced students are capable of articulating the knowledge they have acquired, and what separates this from the knowledge they had prior to the education. The study also shows that the professional knowledge base the former assistants acquired through education has made them more capable of reflection on pedagogical questions. Consciousness of how this knowledge is relevant to the pedagogical work in kindergartens is probably important to achieve legitimacy and recognition of the profession.

The last paper, *Consequences of staff composition in Norwegian kindergartens*, studies the composition of staff, competence and division of labor in kindergartens in light of a frame factor perspective, building on analysis of FluData. The main questions that are discussed are how the composition of staff and formal competence affects the division of labor, and how the existing practice can be explained. The frame factor-theoretical approach (Dahllöf, 1967; Lundgren, 1984) offers an explanatory framework seeing the division of labor in kindergartens being affected by the tradition and prevailing ideals, of structural conditions, and by challenges related to competence in the staff. Within the frame factor theory the individual competence is central in what can be defined as the kindergarten teacher's domain. One possible explanation of the division of labor is that kindergarten teachers are lacking legitimacy in the professional role, and that the professional competence does not have an impact that is strong enough. Hence, the education might have failed in providing the

necessary competence. A lack of legitimacy can also occur because the kindergarten teacher does not have the individual personal strength when facing a staff where the majority has a low level of professional education. The empirical material does not give the basis to conclude about which one of these is the strongest factor. The paper therefore concludes that it will not be sufficient to study only one factor if one is to understand and change the existing practices. If there is to be a fundamental change, it must be done by making changes in both the education and in kindergartens as an organization.

The thesis concludes that kindergartens are affected by a weak differentiation in division of labor between kindergarten teachers and assistants. This combined with the assessments made by the different groups in regards to their own and each other's competence, adds to a lacking demonstration of kindergarten teachers distinctive knowledge base. The thesis has however identified some tasks where kindergarten teachers seem to have a monopoly of responsibility. The challenge is that these are marginally time-consuming activities and hence the symbolic value is limited. It is not easy to see contours of a strong, professional knowledge base amongst kindergarten teachers when we analyze the empirical data. The interview-material does however show that the education has given an extended theoretical understanding as a foundation for reflection. This knowledge is not very visible for others and has to be articulated for others to gain an insight into it. If kindergarten teachers under-communicates their own knowledge and assess the assistants as equally competent, they undermine their own position. Kindergarten teachers must therefore themselves take responsibility for their profession. The thesis concludes that kindergarten teachers' professionalism is under pressure with them on one side being the guarantee for quality in the kindergarten, and as a part of this having to increase the competence of assistants, while in a profession-perspective having to protect their professions boundaries if they are to succeed in strengthening the status of kindergarten teachers. This pressure is actualized through the composition of staff, and by the organization of the kindergarten, where care and learning and integrated processes. It is also a result of a social discourse, and perceptions of what is the required expertise in order to do a good job in kindergarten, represented through what is defined as formal requirements in The Act on Day Care Institutions.

## Innhald

|  |    |
|--|----|
| 1.0 Introduksjon .....   | 1  |
| 1.1 Det norske barnehagefeltet .....                                     | 1  |
| 1.1.1 Den barnehagepolitiske diskursen .....                             | 3  |
| 1.1.2 Eit døme på førskulelærarane sitt bidrag i diskursen .....         | 5  |
| 1.2 Inntakskvalitet i førskulelærarutdanninga .....                      | 5  |
| 1.3 Presisering og avgrensing av avhandlinga sitt tema .....             | 7  |
| 1.4 Avhandlinga si problemstilling og forskingsspørsmål .....            | 8  |
| 1.5 Avhandlinga si oppbygging .....                                      | 11 |
| 2.0 Relevant forsking på barnehagefeltet .....                           | 12 |
| 2.1 Den norske barnehagemodellen .....                                   | 12 |
| 2.2 Profesjonalisering og kvalifisering .....                            | 13 |
| 2.2.1 Profesjonalisering i eit kvinnedominert felt .....                 | 16 |
| 2.3 Kontekstuelle faktorar .....   | 17 |
| 2.4 Frå utdanning til yrke .....   | 18 |
| 2.5 Tilhøvet mellom ulike grupper av tilsette i barnehagen .....         | 22 |
| 2.6 Forskingsstatus, kort oppsummert .....                               | 25 |
| 3.0 Teoretiske perspektiv .....  | 27 |
| 3.1 Sentrale omgrep i tema og problemstilling .....                      | 28 |
| 3.1.1 Kompetanse og kvalifisering .....                                  | 28 |
| 3.1.2 Rolle og identitet .....   | 30 |
| 3.1.3 Meistring .....  | 30 |
| 3.1.4 Profesjonalitet .....  | 32 |
| 3.1.4.1 Profesjonsomgrepet .....   | 33 |
| 3.1.4.2 Profesjonalisering .....   | 34 |
| 3.2 Utdanninga sin funksjon i eit profesjonssosiologisk perspektiv ..... | 35 |
| 3.2.1 Jurisdiksjon og legitimitet .....                                  | 35 |
| 3.2.1.1 Utfordringar for jurisdiksjonen .....                            | 37 |
| 3.3 Kunnskaputvikling i sosiokulturelle perspektiv .....                 | 39 |
| 3.3.1 Kulturelle reiskapar som medierande artefakt .....                 | 40 |
| 3.3.2 Distribuert kunnskap .....   | 40 |
| 3.4 Kunnskapsutvikling i utdanning og yrke .....                         | 41 |
| 3.4.1 Individuell og kulturell kunnskap .....                            | 42 |
| 3.4.2 Kunnskapsutvikling på arbeidsplassen .....                         | 44 |

|   |    |
|---|----|
| 3.5 Systemperspektiv på kvalifisering .....   | 45 |
| 3.5.1 Rammefaktorteori .....  | 46 |
| 3. 6 Kort oppsummering.....   | 47 |
| 4.0 Metodologiske val og vurderinger .....  | 48 |
| 4.1 Vitskapsteoretisk ramme .....   | 49 |
| 4.2 Tradisjonar i barnehageforskinga i Noreg .....  | 50 |
| 4.3 Kvantitative metodar.....   | 54 |
| 4.3.1 FluData .....   | 54 |
| 4.3.1.1Spørsmålsutval og analysemetodar .....   | 55 |
| 4.3.1.2 Vurdering av FluData .....  | 56 |
| 4.4 Kvalitative data.....   | 58 |
| 4.4.1 Intervju og fokusgruppe .....   | 58 |
| 4.4.2 Transkribering.....   | 60 |
| 4.4.3 Analyse og funn .....   | 61 |
| 4.5 Validitet og reliabilitet .....   | 62 |
| 4.5.1 Forskaren sin posisjon .....  | 64 |
| 4.6 Refleksjonar rundt etiske vurderinger.....  | 65 |
| 5.0 Artiklane .....   | 68 |
| 5.1 Artikkel 1. Frå utdanning til yrke. Førskulelæraren som profesjonell aktør?.....                | 68 |
| 5.2 Artikkel 2. Common sense or professional qualifications? Division of labor in kindergarten .... | 69 |
| 5.3 Artikkel 3. Frå assistent til nyutdanna førskulelærar .....                                     | 71 |
| 5.4 Artikkel 4. Consequences of staff composition in Norwegian kindergarten.....                    | 72 |
| 6.0 Oppsummering og diskusjon.....  | 74 |
| 6.1 Førskulelæraren sin profesjonell kunnskapsbase .....  | 75 |
| 6.2 Arenaer for kvalifisering .....   | 78 |
| 6.2.1 Kvalifisering gjennom utdanninga .....  | 79 |
| 6.2.2 Utdanning som sertifisering eller kvalifisering? .....  | 80 |
| 6.2.3 Læring på arbeidsplassen .....  | 80 |
| 6.3 Profesjonsutøving i barnehagefeltet .....   | 82 |
| 6.3.1 Arbeidsdeling.....  | 82 |
| 6.3.2 Kraftfulle kulturelle reiskapar?.....   | 84 |
| 6.4 Anerkjenning av den profesjonelle rolla .....   | 85 |
| 6.4.1 Språket som grunnlag for profesjonell autoritet.....  | 85 |
| 6.4.2 Kampen om jurisdiksjonen? .....   | 86 |

|  |     |
|--|-----|
| 7.0 Konklusjon .....   | 89  |
| 8.0 Avsluttande kommentarar .....  | 93  |
| 8.1 Avhandlinga sitt bidrag.....   | 93  |
| 8.2 Område for vidare forsking .....   | 93  |
| 9.0 Litteraturliste.....   | 96  |
| Vedlegg.....   | 104 |
| 1 – Spørjeskjema til pedagogiske leiarar .....   | 105 |
| 2 – Spørjeskjema til assistentar .....   | 113 |
| 3 – Figur FluData.....   | 121 |
| 4 – Deltaking i intervju i samband med prosjekt om førskulelærarrolla.....               | 122 |
| 5 – Intervjuguide .....  | 125 |
| 6 – Fokusgruppeintervju.....   | 127 |
| Artiklar.....  | 129 |
| 1 – Frå utdanning til yrke. Førskulelæraren som profesjonell aktør? .....                | 130 |
| 2 – Common sense or professional qualifications? Division of labour in kindergarten..... | 151 |
| 3 - Frå assistent til nyutdanna førskulelærar.....                                       | 170 |
| 4 - Consequences of staff composition in Norwegian kindergarten .....                    | 188 |



## **1.0 Introduksjon**

Denne avhandlinga studerer førskulelærarar<sup>1</sup> si meistring av rolla i lys av kvalifiseringa til yrket og arbeidsdelinga med assistentane, og har eit særleg fokus på yrkesarenaen sine vilkår for meistring. Formålet med studien har vore å utvikle kunnskap om førskulelærarane si profesjonelle utvikling og utvide forståinga av kva utfordringar dei møter i profesjonaliseringsprosessen. Denne kunnskapen og forståinga kan ha relevans for innhaldet i utdanninga og støtte førskulelæraren si profesjonelle utvikling i yrket. Førskulelæraren arbeider i eit felt som er statleg regulert, men der mange av arbeidsoppgåvene liknar mykje på det som går føre seg i private heimar. I tillegg er fleirtalet av dei tilsette utan formell pedagogisk utdanning. Dette kan representere utfordringar for utviklinga av den profesjonelle rolla som førskulelærar. Innleiingsvis ønskjer eg å ramme inn førskulelæraren sitt arbeid i ein samfunnskontekst før eg kjem attende til dei konkrete forskingsspørsmåla. Eg vil også peike på nokre utfordringar knytte til inntakskvalitet i førskulelærarutdanninga, som er relevant for spørsmålet om meistring av den profesjonelle rolla.

## **1.1 Det norske barnehagefeltet**

Den norske barnehagen har gått gjennom ein periode med sterkt ekspansjon, og barnehagetilbod har blitt eit velferdsgode for svært mange familiar. Frå tre prosent dekning på 1970-talet er det i dag rett til barnehageplass for alle over eitt år<sup>2</sup>. Barnehagen sitt innhald vedkjem stadig fleire barn og foreldre, og både organisatorisk og innhaldsmessig er barnehagen i endring. Ein massiv auke i talet på barn under tre år gir nye praktiske og pedagogiske utfordringar, samtidig som det politiske fokuset er retta mot tidleg innsats og barnehagen som verkemiddel i arbeidet med sosial utjamning (Kunnskapsdepartementet, 2012b). Dette gjer barnehagen og førskulelæraryrket, som eit av dei sentrale yrka i velferdsstaten, særleg interessant som forskingsområde.

Fram til nokså nyleg har det politiske nivået hatt fokus på kvantitet, der arbeidet med å skaffe barnehageplass til alle og til ein låg pris, har vore sentralt. Når dette målet er nådd, er ei naturleg følge at det frå politisk hald vert retta merksemd mot kvalitet i barnehagen.

---

<sup>1</sup> Frå hausten 2013 er nemninga på utdanninga endra frå førskulelærarutdanning til barnehagelærarutdanning. Sidan det empiriske materialet omhandlar førskulelærarar, vel eg å nytte denne yrkestittelen i avhandlinga.

<sup>2</sup> Må ha fylt eitt år innan 1. september

Ambisjonane for barnehagen er store. Når tilbodet omfattar majoriteten av barn i Noreg, kan barnehagen som grunnmur for livslang læring vere ein realistisk idé. I St.meld. 41 (2007-2008) er to av hovudmåla for kvalitetsarbeidet i barnehagen å styrke barnehagen som læringsarena og å sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar. NOU-meldinga «Til barnas beste» (Kunnskapsdepartementet, 2012b) som har greidd ut tilhøve kring ny lov om barnehagar, peikar på at personalet sin kompetanse er vesentleg for kvaliteten i barnehagen sitt pedagogiske tilbod. Denne oppfatninga har sin basis mellom anna i EPPE-studien<sup>3</sup> som nettopp konkluderer med at høgt kvalifisert personale er den viktigaste faktoren for høg pedagogisk kvalitet og for barn si læring (Sylva, Melhuish, Sammons, Siraj-Blatchford & Taggart, 2010). Dette vert støtta av anna internasjonal forsking (Bowman, Donovan & Burns, 2001; Whitebook, 2003). OECD konkluderer slik:

Settings that have staff with higher qualifications, especially with a good portion of trained teachers on the staff, show higher quality and their children make more progress [...]. The higher the qualification of staff, particularly the manager of the center, the more progress children made (OECD, 2006, s. 216).

Sjølv om ein er open for at ulike strukturelle faktorar spelar inn, legg utvalet i den omtalte NOU-meldinga til grunn at personalet sin kompetanse er den viktigaste enkeltfaktoren for kvalitet i barnehagen. Samstundes er realitetane at kvalifiserte førskulelærarar utgjer om lag ein tredjedel av det totale personalet i norske barnehagar<sup>4</sup>. Den største gruppa av tilsette er assistenter, dei fleste utan barnehagefagleg utdanning. Det inneber at førskulelæraren skal vere leiar for mange tilsette som kan ha lang erfaring frå arbeid i barnehagen, men som manglar formell pedagogisk utdanning. Førskulelærarane får slik eit hovudsvar både for kompetanseheving i personalgruppa og for å sikre at føringar i barnehagelova og rammeplanen vert følgjt (Moser & Röthle, 2007). På basis av meldinga om kvalitet i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2012b) foreslo Øie-utvalet difor mellom anna å lovfeste ei høgare pedagognorm enn den ein har i dag. Forslaget fekk ikkje gjennomslag. Dette kan forståast i lys av motstridane behov i samfunnet. På den eine sida vil politikarane ha

---

<sup>3</sup> "The Effective Pre-school and Primary Education project" er den største europeiske studien som er gjennomført med formål å studere mellom anna kva påverknad opphald i barnehage har på barn si utvikling og læring.

<sup>4</sup> SSB 2013

kvalitativt gode barnehagar og på den andre sida ønskjer dei å gi tilbod til flest mogleg barn og foreldre. Sidan det per i dag manglar kvalifiserte førskulelærarar for å dekke krava, vil ei styrkt pedagognorm bidra til endå større mangel på førskulelærarar. Det kan i sin tur bidra til at færre barn får tilbod om plass i barnehage.

### **1.1.1 Den barnehagepolitiske diskursen**

Debatten i etterkant av innstillinga frå Øie-utvalet (Kunnskapsdepartementet, 2012b) har vore prega av ulike oppfatningar om kva krav som skal stillast til dei tilsette i barnehagen og kva kompetanse som er viktig. Å framheve at utdanna personale er viktig for høg pedagogisk kvalitet, ser ut til å stimulere behovet for å forsvare tilsette utan førskulelærarutdanning. Oppfatninga av at assistentar med realkompetanse gjer ein minst like god jobb som utdanna førskulelærarar er ein gjengangar i diskusjonen (Greve, Jahnsen & Solheim, 2014; Solheim, 2013). Denne oppfatninga vert forsvarat både av førskulelærarar og assistentar. Som fleire av artiklane i avhandlinga peikar på, ser barnehagen ut til å vere prega av ein lekemannskultur (Steinnes, 2010) og ein flat struktur i arbeidsdelinga. Det inneber mellom anna at oppgåver ikkje vert fordele etter kompetanse, men meir etter praktiske omsyn. Aasen (2012) hevdar at den flate strukturen har bidrige til ein svak autoritetsposisjon for førskulelærarane som gruppe og at dei i liten grad har posisjonert seg som profesjonelle med fagutdanning. Å framheve den profesjonelle kompetansen har vore sett på som egoistisk og lite solidarisk (ibid.). Forsking omkring desse spørsmåla er difor både nødvendig og relevant med tanke på målsetjinga om styrkt pedagogisk kvalitet i barnehagetilbodet.

Dei seinare åra har det vore sett eit politisk fokus på barnehagen som arena for sosial utjamning. I dette ligg det mellom anna forventningar om at barnehagen skal vere ein læringsarena som kan førebygge vanskar i seinare skulegang. At merksemda mot barnehagen aukar i takt med utbygginga, vil vere både naturleg og nødvendig. Fleire åtvarar likevel mot ei utvikling der den tradisjonelle barnehagepedagogikken kjem i bakgrunnen (Johansson, 2007; Moser & Röthle, 2007). Seland (2009) viser korleis auka nasjonal og lokal styring av barnehagane, prega av ein økonomisk rasjonalitet, kan snevre inn førskulelærarane sitt handlingsrom og få konsekvensar for barn sine hove til læring. Eit større fokus på læring har ført til diskusjonar og motstand, basert mellom anna på ein tanke om at auka læringstrykk inneber eit brot med barnehagen sin eigenart (Thoresen, 2009; Vatne, 2012; Øksnes, 2010). Solbrekke og Østrem (2011) hevdar dessutan at førskulelæraren si profesjonelle rolle kjem under press frå kravet om effektivitet og økonomisk nyttetenking, og at det profesjonelle

ansvaret vert utfordra av New Public Management-tankegangen eller det Bernstein (2001) omtalar som ein desentrert marknadspedagogisk identitet. Solbrekke og Østrem peikar mellom anna på at det i Stortingsmelding 41(2007) *Kvalitet i barnehagen* vert nyttta ein økonomisk terminologi for å argumentere for satsinga på gode barnehagar (Solbrekke & Østrem, 2011). I ein slik tradisjon vert pedagogikken styrt av økonomisk rasjonalitet og effektivitet meir enn av faglege vurderingar. Tradisjonelt har interaksjonen med borna vore viktigare enn å synleggjere det faglege innhaldet (Broström, 2009). Ei utfording i denne samanhengen kan vere at mykje av arbeidet i barnehagen er prega av lite målbare pedagogiske mål og mangel på objektive kriterium for måloppnåing. Ei nyttetenking kan skape spenningar og usemje om kva som er godt og effektivt (Solbrekke & Østrem, 2011). Kva som vinn størst terreng, vil vere avhengig av profesjonen og profesjonsutøvaren sin styrke. Dette inneber at forskulelæraren sin profesionalitet kan stå under press frå fleire sider, både i form av ein marknadspedagogisk rasjonalitet, eit arbeidsfellesskap der profesjonen er i mindretal og ved at den profesjonelle kunnskapsbasen vert utfordra. Dei to siste elementa vert utdjupa vidare i avhandlinga.

Debatten ovanfor er eit døme på ein diskurs der representantar for førskulelærarutdanningane har vore særleg aktive. I ein samfunnssdiskurs der fokuset på læring i barnehagen er sterkt, ville det vere naturleg å tru at dette også har innverknad på kva forventningar det politiske nivået har til faglege kvalifikasjoner blant tilsette i barnehagen. Melding til Stortinget 24 (Kunnskapsdepartementet, 2013) gir ikkje grunnlag for å forvente omfattande grep for å styrke den pedagogiske kompetansen i barnehagen dei nærmaste åra. Det vert i ein viss skala satsa på kompetanseheving av assistenter, men det er altså ikkje vedteke å auke talet på førskulelærarar. Det kan difor sjå ut til at samanhengen mellom personalet sin kompetanse og barn sitt læringsutbytte ikkje fullt ut har fått gjennomslag. Argumentasjonen kan likevel vere prega av praktiske omsyn meir enn at han er uttrykk for ideologiske førestellingar. Som eg var inne på ovanfor, manglar ein med dagens pedagognorm mange førskulelærarar for å fylle allereie eksisterande pedagogstillingar. Det må difor utdannast fleire førskulelærarar for å kunne innføre eit krav om styrkt pedagognorm. I eit systemperspektiv vil ulike faktorar henge tett saman, og rammefaktorteorien (Dahllöf, 1967; Lundgren, 1994) viser korleis endring vil vere naudsynt på fleire område om ein skal oppnå maksimal effekt. Berre å styrke pedagognorma vil i dette perspektivet ikkje vere nok for å heve kvaliteten i det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

### **1.1.2 Eit døme på forskulelærarane sitt bidrag i diskursen**

Både ein generell samfunnssdiskurs og den politiske diskursen knytte til barnehagefeltet vil ha relevans for forskulelæraren si oppfatning av eiga rolle. Som fleire av artiklane peikar på, kan skiftande politiske regime ha bidrige til at oppfatninga av kva som skal vere barnehagen sitt primære mål har endra seg over tid. Samstundes er det eit sentralt poeng at forskulelærarane sjølve kan bidra både i diskursen på eit meir overordna plan og til den aktuelle tilstanden i barnehagen gjennom handling og samhandling. Dei vil kunne påverke vilkår for eiga meistring gjennom samspel med relevante aktørar. Eit døme på forskulelærarane sitt bidrag i den politiske diskursen, er debatten som oppstod i forkant av innføring av ein rammeplan for barnehagen sitt innhald i 1996. Mange ønskte planen velkommen og såg den som ei nødvendig styring og synleggjering av barnehagen sitt innhald, men fleire motstandarar var redde for at ein forpliktande plan skulle bidra til ei standardisering av barndommen (Greve, mfl., 2014). Planen kunne også true forskulelæraren sin valfridom og sjølvstende. Erfaringane med innføring av rammeplanen har vist at tolkinga av planen, og også lokal praksis, ikkje har vore strengt regulert, men i stor grad overlate til forskulelærarane sjølve å definere (Østrem, mfl., 2009). Sjølv rammeplanen ser difor ikkje ut til å ha innskrenka forskulelæraren sin autonomi. Dette viser at forskulelæraren sitt handlingsrom kan vere relativt stort. Slik barnehagen er organisert, sentralt og lokalt, må ein likevel ta høgde for at forskulelæraren er styrt av rammer ho eller han sjølv ikkje har fullt ut kontroll over. Den rammefaktoreteoretiske tilnærminga er difor nyttig som forståingsramme. Dette vert utdjupa i kapittel 3.5.1.

## **1.2 Inntakskvalitet i forskulelærarutdanninga**

I takt med den omfattande utbygginga av barnehagar det vart vist til ovanfor, aukar behovet for fleire forskulelærarar. Som ei følgje av dette har det vore sett i gang nye utdanningstilbod for å rekruttere forskulelærarar, som til dømes arbeidsplassbasert forskulelærarutdanning. Dette kan vere viktige tiltak dersom utdanninga gir tilstrekkeleg kvalitet.

Kvalifiseringsresultatet er avhengig av mellom anna kven som vert rekruttert inn i utdanninga (Haug, 2010). Ei utfordring er at ein trass i omfattande rekrutteringskampanjar<sup>5</sup> ikkje har fått fleire til å søkje forskulelærarutdanning. Konkurransen om studieplassane er svak, noko som inneber at søkerar får tilgang til studiet sjølv med eit lågt karaktersnitt. Inntakskvaliteten på

---

<sup>5</sup> T.d. «Verdens fineste stilling ledig», Kunnskapsdepartementet

studentar i førskulelærarutdanninga vert difor relevant med tanke på meistring av rolla. Er studentane som vert rekrutterte inn i utdanninga, fagleg sterke nok til å ta hand om dei utfordringane dei møter i barnehagefeltet? Avhandlinga sitt empiriske materiale gir ikkje grunnlag for å konkludere i desse spørsmåla, men eg vel likevel å løfte dette fram som ein underliggende premiss for å studere førskulelærarane si meistring av rolla.

Inntakskvaliteten til førskulelærarutdanninga har dei siste åra generelt vore relativt låg, sjølv om det er nokre skilnader mellom institusjonane. Ei undersøking av Mastekaasa (2008) viser at samanlikna med studentar i allmennlærarutdanning, sjukepleie og ingeniørutdanning, hadde førskulelærarutdanninga langt lågare del studentar med karaktersnitt over 4,5 ved opptak i åra 1999-2006. NOKUT-evalueringa av førskulelærarutdanninga viser at i 2009 var gjennomsnittleg poengsum for førskulelærarstudentane som møtte til utdanninga, 35,6 (Hagesæther, 2010). Undersøkinga til Mastekaasa (2008) syner at det er ein signifikant samanheng mellom karakterar frå vidaregåande skule og både karakterar og gjennomføringsgrad i høgare utdanning. NOKUT-evalueringa viser likevel at gjennomstrøyminga og studiepoengproduksjonen i førskulelærarutdanninga er god samanlikna med andre studium (Hagesæter, 2010). Dette vert forklart mellom anna ved ei tett oppfølging av studentane og eit nært samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og praksisfeltet. Det er ei mogleg forklaring. Ei anna kan vere at institusjonane over tid medvite eller umedvite tilpassar seg eit lågare nivå. Fleire av førskulelærarutdanningsinstitusjonane i evalueringa vart kritiserte for å nytte lite ressursar på utdanninga. Evalueringa tyder dessutan på at studentane sin innsats i studiet er relativt låg samanlikna med andre grupper. I gjennomsnitt nyttar studentar i førskulelærarutdanninga ca. 25 timer per veke på studiearbeid. Både forskinga omtalt ovanfor og NOKUT-evalueringa kan tyde på at studentar kjem seg gjennom utdanninga utan å legge ned ein særleg stor arbeidsinnsats, sjølv med låge karakterar frå vidaregåande. Det kan difor vere grunn til å spørje om dei ressursane som har vore nytta, både frå utdanningsinstitusjonane og frå studentane si side, har vore tilstrekkelege for å løfte studentar med svakt fagleg grunnlag til eit høgt fagleg nivå.

Inntakskvaliteten og studentane sin bakgrunn er viktig også fordi det kan påverke det faglege miljøet i studiet. Den erfaringa svake studentar tek med seg frå tidlegare skulegang, kan verke inn på korleis dei tek opp i seg utdanningsinnhaldet i førskulelærarutdanninga. Guile og Young (2003) peikar på at studentar som har streva i skulesamanheng tidlegare, vil ha vanskar

med å verdsetje potensialet i akademisk kunnskap og dermed ha vanskar med å støle på at denne skal kunne hjelpe dei i å meistre utfordringar i yrket. Studentane må gjennom utdanninga få støtte til å sjå slik kunnskap som ein ressurs. Særleg viktig vil denne støtta vere i møtet med eit felt der den akademiske kunnskapen kan vere lite synleg, og praktisk kunnskap dominerande. Denne dominansen vert av Gustumhaugen (2013) omtalt som ei praktisk makt, representert ved majoriteten av dei tilsette. Den akademiske kunnskapen sin relevans kan difor verte utfordra frå fleire sider.

MAFAL-studien<sup>6</sup> viser at til lenger førskulelærarar har arbeidd i barnehagen, til høgare verdset dei teoretisk kunnskap (Steinnes, 2010). Årsaka kan vere at den faglege ballasten er sentral og at praksisfeltet representerer ein læringsarena der ein lærer av kvarandre (Vatne & Gjems, 2014). Ei alternativ forståing er at dei som var utdanna for 20 år sidan hadde eit heilt anna grunnlag før utdanninga. Karakternivået var høgare, omfanget av undervisning var større og innhaldet i utdanninga annleis. Tidlegare var førskulelærarstudentane rekrutterte frå middelklassen, medan stadig fleire av førskulelærarstudentane i dag kjem frå heimar der andelen høgare utdanning er låg samanlikna med andre utdanningar (Gulbrandsen, 2009). I lys av perspektiva ovanfor kan dei som tok utdanning på 1980- og 90-talet ha hatt andre føresetnader for verdsetjing av kunnskapsinhaldet i utdanninga, og dermed ein annan styrke til å verne om profesjonen, enn mange av dei som vert utdanna i dag.

### **1.3 Presisering og avgrensing av avhandlinga sitt tema**

Det overordna temaet for avhandlinga er korleis førskulelærarane meistrar den profesjonelle rolla, i lys av kvalifiseringa til yrket og arbeidsdelinga med assistentane. Korleis ein meistrar yrket vil ha konsekvensar både for profesjonsidentitet og profesjonell identitet (Heggen, 2007; Steinnes, 2007). Spørsmålet om meistring av den profesjonelle rolla har vore utdjupa og belyst gjennom fire artiklar som på ulike måtar drøftar sider ved dette temaet. Artiklane har følgjande overskrifter:

1. Frå utdanning til yrke. Førskulelæraren som profesjonell aktør.

---

<sup>6</sup> MAFAL: «Meistring av førskulelærarolla i eit arbeidsfelt med lekmannspreg». NFR-prosjekt i samarbeid mellom forskrarar ved Høgskulen i Volda og Høgskolen i Oslo og Akershus

2. Common sense or professional qualifications? Division of labor in kindergarten.
3. Frå assistent til nyutdanna forskulelærar.
4. Consequences of staff composition in Norwegian kindergarten.

Sentralt i avhandlingsarbeidet er kva rolle forskulelærarprofesjonen sitt kunnskapsgrunnlag spelar for utøvinga av yrket, og kva som konstituerer dei viktigaste utfordringane i møtet med yrkesfeltet. Som ein del av dette vert også arbeidsdelinga mellom forskulelærarane og assistentane undersøkt og diskutert.

Fordjuping og avgrensingar i eit avhandlingsarbeid inneber at ein må velje bort sentrale sider som har innverknad på arbeidet som forskulelærar og meistring av rolla. Kjønnsperspektivet og leiing er to slike viktige tema. Leiing av personalet har i fleire norske studiar vore løfta fram som ei særleg utfordring i barnehagen (Hauge, 2001; Seland, 2009; Sevatdal, 2006; Ødegård, 2011). Når dette temaet ikkje vert utdjupa og drøfta spesifikt i denne samanhengen, skjer det i forståing av at dette er sentrale sider ved forskulelærarolla, men som det ikkje er rom for å fokusere på innanfor ramma av avhandlingsarbeidet. Eg viser difor lesaren til studiane ovanfor der temaet er drøfta inngåande. Også kjønnsperspektivet er særleg relevant i høve til barnehagen som kvinnedominert arbeidsplass, og kunne hatt ein sentral plass innanfor den overordna problematikken for avhandlinga. Mellom anna peikar Johnsottir (2012) på at ei årsak til at forskulelærarar har vanskar med å oppnå anerkjenning for profesjonen, er at det er eit kvinnedominert yrke. Både leiings- og kjønnsperspektivet kan bidra til ei utvida forståing av problematikken rundt forskulelæraren si meistring av rolla. Innanfor rammene av avhandlingsarbeidet vil det likevel ikkje vere rom for å følgje desse perspektiva, utover at nokre aktuelle prosjekt vert omtala i forskingsoversikta i kapittel 2. Eg viser elles til Løvgren (Under vurdering) som innanfor MAFAL-prosjektet mellom anna studerer arbeidsdeling og kjønn.

#### **1.4 Avhandlinga si problemstilling og forskingsspørsmål**

Dei fire artiklane har eit felles utgangspunkt i problemstillinga: *Korleis meistrar forskulelærarane den profesjonelle rolla, sett i lys av kvalifiseringa til yrket og arbeidsdelinga med assistentane?* Den overordna problemstillinga er tematisk konkretisert gjennom tre forskingsspørsmål, som vil verte presenterte og utdjupa i det følgjande.

Studien utforskar tre hovudområde som heng tett saman; utdanninga, yrkesutøvinga i barnehagen og aktørane. Både utdanninga og barnehagefeltet representerer kvalifiseringsarenaer som vil ha innverknad på den profesjonelle rolla. Når eg omtalar forskulelæraren/studenten, handlar dette ikkje om primært om personlege føresetnader knytte til *kven* forskulelæraren/studenten er, men meir om *rolla* og korleis ulike erfaringar spelar inn i kvalifiseringsprosjektet. Som det vart vist til ovanfor, konkluderer Gulbrandsen (2007b) med at den sosiale rekrutteringa til forskulelæraryrket er endra. Dette handlar også om alder på studentane. Han finn at nyutdanna forskulelærarar vert stadig eldre og med praksis frå barnehage før utdanninga<sup>7</sup>. Om det er slik at mange er tidlegare assistenter med lang erfaring frå arbeid i barnehagen, korleis kan då desse erfaringane påverke og forme syn på utdanning, kompetanse og yrkesutøving og korleis skil desse seg frå dei yngre sine erfaringar? Dette er spørsmål som er særleg aktuelle med tanke på auken i tilbod om arbeidsplassbaserte utdanningar.

Når det gjeld utdanninga, er hovudfokuset er retta mot kva utdanninga kan bidra med i profesjonaliseringsprosessen, meir enn i kva grad utdanna kandidatar er nøgde med utdanninga. Sentralt her er spørsmåla om kva som er utdanninga sin primære funksjon; å kvalifisere eller sertifisere for yrket (Abbott, 1988; Freidson, 2001; Parsons, 1978). Både Freidson (2001), Larson (1977) og Collins (1979) har løfta fram maktperspektivet i profesjonaliseringsprosessen, der profesjonane vert sett på som «monopolistiske samansvergelsar» som strevar etter kontroll over posisjonar. Freidson (2001) legg likevel vekt på at basisen for profesjonell skjønnsutøving og autonomi er kunnskap tileigna gjennom profesjonsutdanning. Han framhevar den normative og ideologiske betydninga til profesjonane, samstundes som han framstiller desse som eit alternativ til marknadslogikk og byråkratisk logikk. Fagkunnskap kan i ei slik forståing vere til støtte i skjønsmessige handlingar. Han kan også vere ein reiskap for å motverke at marknadskrefter definerer barnehagen sitt innhald, slik det vert åtvara mot i kapittel 1.1. Freidson (2001) hevdar vidare at det er umogleg å definere og forstå profesjonar uavhengig av kontekst. Det inneber at

---

<sup>7</sup> På 1970-talet var 7 av 10 nyutdanna under 25 år, medan knapt 4 av 10 var i same alderskategori 30 år seinare. No er 16 prosent over 35 år, mot berre 3 prosent 30 år tidlegare (Gulbrandsen 2007b).

førskulelærarprofesjonen også må studerast i lys av den samfunnsmessige samanhengen dei står i. Kva som er den dominerande diskursen i barnehagefeltet, har difor relevans.

Avhandlinga har fokus på at kvalifisering ikkje berre kan overlastast til utdanninga aleine, men at også yrkesfeltet er ein viktig læringsarena (Billett, 2010; Eraud, 2010). I høve til barnehagen som felt, er det vidare interessant å studere om ein finn særskilde vilkår her som har innverknad på utforminga av rolla. Kva forventningar og haldningar er det som pregar barnehagefeltet, dei som arbeider der og andre som på ein eller annan måte er del av feltet? Eit sosialt felt slik Bourdieu omtalar det, er eit nettverk eller indre forhold av objektive samband mellom posisjonar (Bourdieu & Waquant, 1995). Sosiale felt vert skapte av aktørar og institusjonar sine felles interesser, men det vil alltid vere kampar innafor feltet (ibid.). Det som opprettheld barnehagefeltet, vil til dømes vere kampen om kva som er god barnehagepedagogikk. Eg har i studien omtalt barnehagefeltet som lekmannspreg. Omgrepet lekmannspreg handlar i denne samanhengen både om utforming av fysisk miljø, ein tradisjon med vekt på omsorg, og haldningar til kva kompetanse som er viktig for dei som arbeider i barnehagen (Steinnes, 2007). Arbeidsdelinga med assistentane er ein sentral del av dette. Om det er slik at barnehagen er prega av ein lekmannskultur, kva utfordringar representerer dette i høve til førskulelæraren si profesjonelle utvikling?

Følgjande forskingsspørsmål vert utdjupa:

1. *Kva status har den faglege kunnskapsbasen i forståinga av eiga rolle, og korleis verdsatt førskulelærarane denne kunnskapen?*
2. *Korleis pregar utdanninga og etablerte tradisjonar i barnehagefeltet førskulelæraren sin profesjonaliseringsprosess og profesjonsutøvinga?*
3. *Korleis kan vi forstå og forklare sentrale tendensar i materialet i lys av teoretiske perspektiv og forsking på feltet?*

I dei to første spørsmåla ligg det ein diskusjon omkring kvar meistring av praksis har si primære kjelde og kva som er det sterkeste påverknadsfeltet. Dette inneber også ein diskusjon omkring kva rolle ulike former for kunnskapsgrunnlag spelar for utøvinga av yrket og kva utfordringar barnehagetradisjonen kan representera for denne. Medan dei to første forskingsspørsmåla har sitt utspring i det empiriske materialet, har det siste ei innretning der

teori og relevant forsking på feltet vert kopla saman i eit forsøk på å bidra til forståing av empirien.

Studien set søkjelyset både på førskulelærarane sin profesjonelle kompetanse og på tilhøvet mellom ulike yrkesgrupper i barnehagen. Han skil seg frå andre studiar innafor feltet både empirisk og tematisk, og er difor aktuell og relevant som grunnlag for innsikt i særskilde utfordringar for førskulelærarar si profesjonelle utvikling. Avhandlingsarbeidet er del av MAFAL-prosjektet, finansiert av Norges Forskningsråd gjennom «Praksis FOU». Prosjektet har fungert som eit samarbeid mellom forskarar ved Høgskulen i Volda og Høgskulen i Oslo og Akershus, ved Senter for profesjonsstudier.

## **1.5 Avhandlinga si oppbygging**

I kapittel 2 presenterer eg ei oversikt over forsking som er tematisk relevant for mitt arbeid, for å setje avhandlingsarbeidet inn i ei kontekstuell ramme. Kapittel 3 omhandlar teoretiske omgrep og perspektiv. I hovudsak vert sentrale teoretiske perspektiv frå artiklane utdjupa, men også nokre nye teoretiske innfallsvinklar vert presenterte. Sentrale omgrep er kvalifisering, kompetanse, meistring og profesjonalitet. Teoretiske perspektiv er henta frå rammefaktorteori, sosiokulturelle teoriar og profesjonsteori. Metodekapitlet (kapittel 4) gir ei vurdering av forskingsprosessen og drøftar metodologiske preferansar i barnehageforskinga. Kapittel 5 inneheld oversikt over dei fire artiklane avhandlinga bygger på, og kapittel 6 summerer opp og drøftar dei aktuelle forskingsspørsmåla i lys av tidlegare forsking, empiri og teori. Avhandlinga avsluttar med kommentarar omkring studien sine særskilde bidrag og peikar på område for vidare forsking.

## **2.0 Relevant forsking på barnehagefeltet**

I dette kapitlet vil hovudfokuset vere på aktuell forsking knytt til temaet for avhandlinga, som er korleis forskulelærarar meistrar den profesjonelle rolla i lys av kvalifiseringa til yrket og arbeidsdelinga med assistentane. Denne kvalifiseringa går føre seg både gjennom utdanning og erfaring, innehold generelle og spesifikke kvalifiseringselement, og er både formell og uformell. Oversikta over forskingsfeltet er skaffa fram gjennom søk i relevante databasar, gjennom forskingsoversikter, ved deltaking i internasjonale konferansar og gjennom samarbeid med forskrarar nasjonalt og internasjonalt. Dei studiane som vert presenterte her, er oppfatta å vere særleg relevante for forskingsspørsmåla, både ved at dei har inspirert mi forskingsinteresse og at dei gir grunnlag for perspektivering og samanlikning. Oversikta har fokus på det særskilde ved barnehagefeltet, her omtala som kontekstuelle faktorar, på profesjonalisering og tilhøvet mellom utdanning og yrke, og på forsking som omhandlar tilhøvet mellom grupper av tilsette i barnehagen. Eg vil først gjere greie for nokre særtrekk ved den norske modellen, som har relevans for korleis ein forstår forskulelæraren si yrkesrolle.

### **2.1 Den norske barnehagemodellen**

Når ein skal studere forskulelæraren si meistring av rolla, er det relevant å sjå dette i lys av barnehagen sin posisjon i samfunnet. Den nordiske barnehagemodellen skil seg til dels frå barnehagar utanom Norden, både når det gjeld innhald og organisering av personalet. Alvestad (2010) peikar på at både strukturar, omgrep og kulturar er annleis. Eit hovudskilje går mellom to hovudtradisjonar der den nordiske modellen integrerer oppseding, danning, leik og læring i eit heilskapleg tilbod, medan den kontinentale modellen i større grad skil mellom omsorg og «undervisning». Den norske barnehagen ber difor preg av at omsorg og læring er integrerte i alle former for aktivitetar, både i formelle og planlagde læringsaktivitetar, men også i kvardagsaktivitetar som måltid, påkledning og liknande. I den kontinentale modellen opererer ein i større grad med ei pedagogisk kjernetid, der formelle læringsaktivitetar står i sentrum. Eit viktig moment er også at Noreg står i ei særstilling når det gjeld forholdstalet mellom tilsette med og utan forskulelærarutdanning. Noreg har låg forskulelærar-ratio samanlikna med dei fleste andre land, også innanfor Norden. Det inneber at det i nokre hove kan vere utfordrande å samanlikne tilhøva for forskulelærarar i norske barnehagar med tilhøva i andre land. Likevel finst det relevante tverrnasjonale studiar som har fokus på utfordringar for forskulelærarar i profesjonaliseringsprosessen og som kan gi perspektiv også på norske

tilhøve. Her finn ein nokre fellestrek i kva som ser ut til å vere sentrale utfordringar (Miller & Cable, 2011; Moss, 2008; Peeters & Vandenbroeck, 2011; Urban, 2008). Dette vert utdjupa i kapittel 2.2.

Mange har skildra den norske barnehagen sin framvekst og gitt gode bidrag til å forstå den historiske og kulturelle konteksten (Balke, 1990; Greve, 1995; Korsvold, 1998, 2008). Det vil ikkje vere rom for å utdjupe desse framstillingane utover det eg har kommentert i innleiinga. Mitt bidrag i denne delen vil ha eit særleg fokus på kva vilkår som bidreg til å påverke førskulelæraren sin profesjonaliseringsprosess og dermed også meistring av rolla. Eg vil hovudsakleg presentere studiar som omhandlar førskulelærarprofesjonen og særskilde utfordringar knytte til rolla som førskulelærar.

## **2.2 Profesjonalisering og kvalifisering**

Innanfor profesjonsforskinga har det ved Senter for profesjonsstudier ved Høgskolen i Oslo og Akershus vore gjennomført fleire studiar av profesjonane innanfor velferdsstaten, der førskulelærarstudentar og nyutdanna førskulelærarar er samanlikna med andre profesjonar. Studiane er baserte på data frå den longitudinelle databasen StudData<sup>8</sup>. Caspersen og Frøseth (2008) har i sin rapport *Tilbakeblikk på utdanningen* studert yrkesaktivitet, meistring av yrke, oppfølging i arbeidslivet og vurdering av utdanninga for fem profesjonsutdanningar. Hovudtrenden er at alle gruppene opplever eit gap mellom krav til kompetanse i yrket og kva kompetanse og ferdigheiter dei opplever å ha tileigna seg gjennom utdanninga. Førskulelærarane kjenner seg likevel ifølgje rapporten generelt trygge i yrkesrolla og rapporterer at dei meistrar metodiske sider ved arbeidet godt etter ca. tre år i yrket. Kompetansegapet er størst når det gjeld teoretisk kompetanse. Førskulelærarane er tre år etter avslutta utdanning godt over middels nøgde med utdanninga (gjennomsnitt 3,5 på ein skala frå 1 til 5), også med praksisdelen av denne. Caspersen og Skjønsberg (2009) har studert korleis førskulelærarstudentar vurderer utdanninga, ved å analysere data (StudData) frå førskulelærarstudentar i sitt tredje studieår ved Høgskolen i Bergen, Høgskolen i Bodø, Høgskolen i Oslo og Høgskulen i Volda. Rapporten konkluderer med at

---

<sup>8</sup> Ein longitudinell database, leia og koordinert av Senter for profesjonsstudier, Høgskolen i Oslo og Akershus. StudData omfattar data om tjue profesjonar/profesjonsutdanningar. Databasen skal gi grunnlag for panel-og forløpsstudiar og er eit samarbeidsprosjekt mellom fleire norske høgskular og universitet ([www.hioa.no/studdata](http://www.hioa.no/studdata))

førskulelærarstudentane er godt nøgde med sin teoretiske og relasjonelle kompetanse, men dei er meir usikre på den praktiske kompetansen. Analysane tyder på at det skjer ei endring i opplevinga av eigen kompetanse etter møtet med yrket, og at dei etter tre år i yrket er mindre nøgde enn dei var i siste semester av utdanninga. Dette kan indikere at utdanninga ikkje har svart til forventningane i møtet med yrkesfeltet. Ingen av desse rapportane har drøfta og analysert funna teoretisk, og dei gir såleis inga overordna teoretisk forklaring på tendensane i materialet. Dei er likevel interessante som grunnlag for innsikt i korleis førskulelærar vurderer utdanninga, samanlikna med andre grupper.

Med utgangspunkt i datamateriale frå MAFAL-prosjektet (FluData<sup>9</sup>) har Smeby (2011) studert profesjonalisering av førskulelæraryrket og i kva grad den profesjonelle kompetansen har betydning for arbeidsdelinga mellom førskulelærarar og assistentar. Studien stadfestar den svake arbeidsdelinga som også er framheva i fleire av artiklane i denne avhandlinga. Vidare drøftar Smeby om det samansette kunnskapsgrunnlaget, kombinert med ei heilskapstenking i tilhøvet mellom omsorg og pedagogikk i barnehagen, bidreg til manglande synleggjering av førskulelæraren sin ekspertise og til at førskulelærarane sjølv undergrev eigen profesjonalitet. Han baserer dette på at ulike yrkesgrupper utfører dei same arbeidsoppgåvene og at førskulelærarane ser ut til å vere lite opptekne av å posisjonere seg fagleg og strategisk. Smeby sin argumentasjon om at ei sterkare vektlegging på skulelikande aktivitetar kunne bidra til å gjøre førskulelærarane sin ekspertise tydelegare, møter motstand på barnehagefeltet (Smeby, 2014). Denne motstanden eksemplifiserer kva som er dominerande oppfatningar i barnehagediskursen, uttrykt av aktørar som er tett på barnehagefeltet. Den tyder også på at desse aktørane er meir opptekne av å ta vare på barnehagen sitt preg enn av korleis førskulelæraren skal oppnå strategiske fortrinn. Smeby konkluderer med at den svake graden av profesjonalisering innanfrå gjer førskulelærarane mindre motstandsdyktige mot organisatorisk profesjonalisering ovanfrå. Ein konsekvens av dette kan vere at førskulelærarane får mindre påverknad på sentrale verdiar i barnehagen enn dei elles kunne hatt (Smeby, 2011).

---

<sup>9</sup> FluData: Ein landsdekkande survey, utarbeidd og administrert av MAFAL-prosjektet, sendt til eit representativt utval av 1000 norske barnehagar våren 2009. Surveyen omfattar spørjeskjema til assistentar og pedagogiske leiarar.

Spørsmålet om profesjonalisering av førskulelæraryrket har vore tema for fleire internasjonale studiar. Ei gruppe forskrarar innanfor EU (Miller & Cable, 2011; Moss, 2008; Peeters & Vandenbroeck, 2011; Urban, 2008) viser til ei rekke utfordringar knytte til utøving av ei profesjonell rolle i det dei omtalar som eit delvis deprofesjonalisert felt. At feltet er deprofesjonalisert viser seg ved at arbeidet sin karakter står i motstrid til forventningar om måloppnåing formulerte i overordna rammeverk, og til generelle forventningar til profesjonell praksis i lys av ei marknadsøkonomisk tenking. Ein konklusjon som er gjennomgåande, er at arbeidet i barnehagen i stor grad har eit relasjonelt preg, med omsorg som ein sentral verdi. Prosjektet *Day in the Life of an Early years Practitioner* er eit samarbeid mellom forskrarar frå Australia, England, Finland, Nederland, New Zealand, Sverige og Tyskland og har resultert i boka *Early Childhood Grows up* (Dalli, Miller & Urban, 2012). Utgangspunktet for den tverrnasjonale studien er at tilbod til førskulebarn har fått stadig høgare prioritet på den politiske agendaen, samstundes som forsking viser at kvaliteten på tilboden er assosiert med eit høgt kvalifisert personale (OECD, 2006). Den auka politiske merksemda har også gitt rom for dei som er på innsida av feltet til å engasjere seg i debatten. Eit særleg viktig spørsmål har vore kva det betyr å vere profesjonell innanfor dette området. Forskarane har i prosjektet følgt utvalde førskulelærarar i dei ulike landa gjennom deira arbeidsdag. Organiseringa av førskuletilbod varierer i innhald og utforming, og utfordringane vil såleis vere ulike. Likevel framhevar forskarane nokre likskapar. Arbeidet er prega av kompleksitet og dels motstridande forventningar, med krav om evne til fleksibilitet og handtering av uføreseielege hendingar, samstundes med forventningar om pedagogisk planlegging. Arbeidet er hovudsakleg relasjonelt, med kunnskap om enkeltbarn og den konteksten dei står i som utgangspunkt.

Dalli, mfl. (2012) konkluderer slik:

...acting professionally in the different contexts means bringing together layers of understanding and thinking in interacting with children, families and colleagues, in situations that are sometimes ethically challenging, within a curriculum that might look outwardly fragmented but is intricately connected (s. 5).

Dette føreset at ein nyttar ulike former for kunnskap for å oppstre profesjonelt, og konklusjonen i prosjektet er at profesjonell handling i relasjonelt arbeid vil bygge både på teoretisk kunnskap og på verdiar og haldningiar.

## **2.2.1 Profesjonalisering i eit kvinnedominert felt.**

Innanfor forsking på profesjonalisering av barnehagefeltet er også kjønnsperspektivet eit viktig tema. Sjølv om det ikkje er følgt opp som tema i avhandlinga, ønskjer eg her å nemne eit par forskingsprosjekt som omhandlar dette og som har særleg relevans i høve til kva som kan setje forskulelæraren sin profesjonalitet under press. Jóhnsdóttir (2012) har i si avhandling studert leiing og identitetsdanning blant islandske førskulelærarar. Det empiriske grunnlaget er basert på fokusgruppeintervju av seks personar i kvar av gruppene; styrarar/assisterande styrar, førskulelærarar, anna personale i barnehagen, pedagogiske konsulentar og foreldre. Avhandlinga tek opp korleis førskulelærarar opplever sin eigen profesjonelle identitet og korleis andre interessantar i barnehagen bidreg til å påverke denne. Kjønnsperspektivet synte seg å vere sentralt. Mellom anna viser forskaren, med referanse til Etzioni (1969) og Witz (1992), korleis kvinnedominerte yrke manglar gjennomslagskraft for å etablere ein posisjon som profesjonar og i staden blir plasserte i kategorien *semiprofesjonar*. Jóhnsdóttir (2012) konkluderer med at leiarskap i barnehagen er tradisjonelt, og at oppfatninga dei islandske førskulelærarane har av seg sjølve som profesjonelle, er prega av kjønnsstereotypiar.

Med utgangspunkt i forsking på finske barnehagar stiller Kinoss (2008) spørsmål ved om profesjonalisering eigentleg er mogleg i eit kvinnedominert felt. Kinoss har studert samarbeidet mellom førskulelærarar og barnepleiarar<sup>10</sup> og viser korleis desse kjänner tilknyting til ulike felt; førskulelærarane til utdanningsfeltet og barnepleiarane til helse og omsorg. Slik kan den profesjonelle habitusen til dei ulike gruppene vere motstridande, og ulike interesser føre til ein kamp om å restrukturere feltet slik at det korresponderer med dei ulike gruppene sin profesjonelle habitus. Sjølv om det i studien er samanlikna to grupper der begge har ei form for profesjonsutdanning, ser eg her parallellear til den norske organiseringa og tilhøvet mellom førskulelærarar og assistenter. Som del av utfordringane for profesjonalisering i eit kvinnedominert felt, nemner Kinoss vidare arbeidet sin karakter. I det ligg det at grensene mellom praktiske ferdigheter og kunnskap basert på teoretisk utdanning er skiftande og utsydelege (*ibid.*). Eit sentralt problem i høve til profesjonalisering av feltet er ifølgje Kinoss (2008) at ingen grupper har vore i stand til å monopolisere feltet og sikre seg

---

<sup>10</sup> I originalteksten er omgrepene *kindergarten nurses* nyatta. I Noreg har ein ikkje denne typen stillingskategori

viktinge posisjonar. I Finland er det gjennom politiske dokument framheva fordelar ved at fleire ulike yrkesgrupper er deltakarar i barneomsorga. Karila og Kinos (2012) peikar på at sjølv om det kan vere fordelar med dette, fører det også til konstante forhandlingar mellom ulike grupper, som er både tidkrevjande og utmattande. Slike diskusjonar stel merksemd frå førskulelæraren sine hovudoppgåver, nemleg arbeidet med borna. Det kan også bidra til at førskulelærarane ikkje får utnytta potensialet formell utdanning gir.

### **2.3 Kontekstuelle faktorar**

Børhaug med fleire (2011) har i sitt forskingsprosjekt «Styringsutfordringer, organisasjon og ledelse i barnehagesektoren» fokusert på korleis styring, organisasjon og leiing i barnehagen er prega av samfunnsmessige endringar. Prosjektet baserer seg på 70 kvalitative intervju med styrarar, pedagogiske konsulentar, pedagogiske leiarar og assistentar frå fire kommunar, i tillegg til data frå ei landsdekkande spørjeskjemaundersøking. Forskarane konkluderer med at den norske barnehagen ber preg av skriftlege og formaliserte rutinar, også for det pedagogiske arbeidet. Dei slår fast at omfanget av rutinar kan innskrenke handlingsrom og autonomi, samstundes som det kan gi ein meir føreseieleg situasjon for dei tilsette og dermed redusere usikkerheita til dømes ved stort arbeidspress. Prosjektet framhevar, som fleire andre, likebehandling og deltaking som sentrale verdiar i barnehagetradisjonen og konkluderer med at arbeidsoppgåver vert fordelt utifrå dagsrytme og vaktordningar framfor faglege kvalifikasjoner. Forskarane knyter «rutiniseringa» mellom anna til det faktum at førskulelæraren er ein del ute av avdelinga for å ta hand om ulike oppgåver, og at det ligg eit ønske om kvalitetssikring bak å ha faste rutinar (Børhaug, mfl., 2011).

Mørkeseth (2012) har gjennomført ein studie der ho har samanlikna skriftlege forteljingar frå 23 førskulelærarar som deltok på eit vidareutdanningskurs ved Universitetet i Stavanger. Forteljingane har form av refleksjonsnotat der studentane fekk i oppdrag å skildre læringskulturen i eigen barnehage. I analysearbeidet er det nytta narrative analysar, der forskaren leitar etter mønster i dei ytringane som kjem til syne, men også etter kva som ikkje dukkar opp i forteljingane. Ho konkluderer på basis av desse tolkingane med at det er mange positive element i barnehagen sin læringskultur. Det forskaren finn særleg utfordrande, er at førskulelærarane i sitt arbeid for å skape læringskultur nyttar ein flat struktur i organiseringa, som påverkar læringskulturen på ein negativ måte. Barnehagen er prega av ein folkeleg og heimleg oppsedingskultur der semje er viktig, og der ein unngår konfliktar, hevdar forskaren

(Mørkeseth, 2012). Dermed vert ulikskapar som til dømes skilje i teoretisk kompetanse underkommunisert for å skape harmoni og unngå støy. Forskaren konkluderer med at funna tyder på at barnehagen sin læringskultur i liten grad er bygd på rammeplanen og på barnehagefagleg kunnskap, men meir på sunn formuft og populære idear om oppseding av barn. Dermed vert forskulelærarane sin fagkunnskap gjort usynleg. Forskaren er her på linje med konklusjonar frå MAFAL-prosjektet og støttar seg mellom anna til Steinnes og Haug (2013) i sine tolkingar.

## **2.4 Frå utdanning til yrke**

Ei svensk avhandling har tematisert førskulelærarutdanninga sin funksjon og relevans. Hensvold (2003) har gjennom intervju av 15 førskulelærarar fire år etter eksamen og eit oppfølgingsintervju med tre av desse åtte år seinare, undersøkt korleis førskulelærarar erfarer sitt arbeid med borna og korleis dei erfarer spora frå lærarutdanninga i relasjon til dette. Spørsmåla i intervjuha handlar om førskulelæraren sin yrkeskompetanse, korleis denne vert utvikla og kva faktorar som positivt eller negativt påverkar den profesjonelle utviklinga. Forskaren konkluderer med at det spesifikke emneinnhaldet i førskulelærarutdanninga har sett få spor hos førskulelærarane, medan arbeidsmåtane i utdanninga har påverka mange av førskulelærarane i arbeidet med borna. Hensvold (2003) konkluderer vidare med at utdanninga først og fremst fungerer som ein sosialiseringssarena, der studentane i løpet av utdanninga vert stadig meir like førskulelærarane i yrket. Med bakgrunn i dette hevdar ho at den profesjonelle kunnskapen til førskulelærarane primært er påverka av dominante oppfatningar innanfor profesjonskulturen, framfor av sentrale perspektiv og omgrep innanfor utdanningsprogrammet.

Utdanninga var i fokus også i Søndenå (2002) si avhandling, der ho studerte korleis refleksjon vert handsama i førskulelærarutdanninga. Forskaren nytta både rammeplanen for utdanninga og lokale praksisplanar som grunnlag for studien. I tillegg vart det gjennomført intervju av studentar, førskulelærarar og pedagogikk-lærarar, og observasjon av rettleiingssamtalar. Med bakgrunn i datamaterialet viser ho korleis studentar som tenkjer «rett» i praksisopplæringa, får stort refleksjonsrom, medan rommet lukkar seg for dei som stiller spørsmål utanfor «malen». Ho konkluderer med at på denne måten kan refleksjon verte nytta til å fasthalde det etablerte meir enn til å stille seg kritisk undrande til eksisterande praksis. Slik sett kan førskulelærarstudentar verte sosialiserte inn i det eksisterande, der Fröbel sitt kvinnedyn er del

av ein frozen ideologi som har innverknad på forskulepedagogikken (Søndenå, 2002). Praksis i utdanninga har ikkje hatt fokus i eige forskingsarbeid, men er ein arena det vil vere viktig å studere vidare med omsyn til forskulelærarar si sosialisering og kvalifisering til yrket.

Overgangen frå utdanning til yrke, og utfordringar i å vere ny i profesjonen, er tema hos Eik (2014). Ho har gjennomført ein etnografisk studie der ho intervjuar seks nyutdanna forskulelærarar som fekk rettleiing gjennom det nasjonale programmet *Veiledning av nyutdannede i barnehage og skole*. I tillegg observerte ho rettleiingssamtalar mellom nyutdanna og rettleiarar. Ho fann at dei nyutdanna opplevde meistring av det pedagogiske arbeidet, noko som er i samsvar med undersøkinga til Caspersen og Frøseth (2008) som eg viste til tidlegare. Sjølv om dei nyutdanna ga uttrykk for meistring, fann Eik (2014) at dei var svake på faglege skildringar og analysar og at dei i løpet av det første året i yrket endra språket frå eit «...studentspråk med fagbegreper til et hverdagsspråk preget av konkrete beskrivelser og få fagbegreper» (ibid. s. 170). Eik konkluderer med at forskulelærarane meistra dei fleste profesjonshandlingane, men at dei hadde vanskar med å analysere og vurdere arbeidet. Gjennom omgrepsparket aktørkompetanse og kommentatorkompetanse (Hellesnes, 1994) viser ho til korleis aktørkompetansen til dei nyutdanna aukar gjennom det første året, medan kommentatorkompetansen stagnerer. Påstanden til forskaren er at kvardagsspråket ikkje er tilstrekkeleg for å fange opp kompleksiteten i det pedagogiske arbeidet (Eik, 2013). Eit sentralt spørsmål er då om forskulelærarane fell inn i falden og vert fanga av haldningar som definerer «korleis gjer vi det her».

Alle dei tre studiane ovanfor relaterer seg til temaet for mi avhandling gjennom at dei har studert kva spor utdanninga har sett hos forskulelærarane. Dei er difor relevante som grunnlag for samanlikning og perspektivering, og kan bygge opp under funn i avhandlinga.

Smeby og Mausehagen (2011) har studert fire relasjonsprofesjonar<sup>11</sup> og med bakgrunn i analysar av data frå StudData drøftar dei utdanninga sin relevans på eit meir generelt grunnlag, der tilhovet mellom læring i utdanning og arbeidslivet er sentrale tema. Mellom anna løftar forfattarane fram ulike retningar i synet på utdanninga sin relevans. Studien peikar på at det innanfor dei fire profesjonsutdanningane er fleire felles tendensar, noko som

---

<sup>11</sup> Sjukepleiarar, forskulelærarar, allmennlærarar og sosialarbeidarar

indikerer at ein kan identifisere felles utfordringar på tvers av profesjonsutdanningar. Det at undervisning og praksis i utdanning vert opplevd som relevant, verkar positivt på i kva grad studentane tileigner seg kunnskap og ferdigheiter gjennom utdanninga. Forskarane finn at meistring i yrket har samanheng med tileigna kunnskap og ferdigheiter både i utdanninga og i yrket. Alle profesjonsgruppene framhevar at dei har tileigna seg vesentleg kunnskap i arbeidslivet. Eit relevant spørsmål er om denne kunnskapen er noko anna enn dei har tileigna seg i utdanninga. Sidan analysane bygger på ein indeks sett saman av fleire læringsområde, vert det vanskeleg å identifisere om det er særskilde typar kunnskap dei særleg har tileigna seg gjennom arbeidserfaringa. Resultatet aktualiserer arbeidslivet som ein viktig arena for vidare læring, utan at det diskvalifiserer utdanninga som læringsarena. Forskarane peikar på at utdanninga har som eit av sine sentrale formål å danne grunnlag for vidare læring og utvikling. Kunnskapen studentane har tileigna seg gjennom utdanninga, vil vere ein grunnleggande føresetnad for å tileigne seg relevant og viktig kunnskap gjennom yrkespraksis. Smeby og Mausethagen (2011) åtvarar mot å tolke resultata slik at opplæringa i arbeidslivet betyr meir enn i utdanninga, men framhevar relevansen av å studere både utdanninga og arbeidslivet som kvalifiseringsarena i eit longitudinelt perspektiv. Eg finn difor denne studien relevant for mitt arbeid.

Fleire studiar har hatt fokus på kva slags kunnskap som pregar førskulelærarutdanninga og barnehagefeltet, og kva kultur som dominerer i dette feltet. Desse gir grunnlag for å vurdere vilkåra for førskulelæraren si profesjonelle utvikling i utdanning og yrke. Riksåsen og Vigeland (1994) har samanlikna innhaldet i førskulelærar- og allmennlærarutdanninga, og med basis i Bernstein sin kodeteori peikar dei på at førskulelærarutdanninga er prega av ein usynleg pedagogikk med svake rammer og med vekt på personlege relasjonar og kvardagskunnskap. Dei konkluderer med at førskulelærarane blir sosialiserte inn i ein omsorgskultur der forståing for andre er viktigare enn å få aksept for eigen kompetanse. Dette vert stadfest av Enehaug, Gampiere & Grimsmo (2008) i ein rapport om arbeidsmiljøet i barnehagen, gjennomført som ein survey på bestilling frå Utdanningsforbundet. Førskulelærarane opplever i følgje rapporten at det er lite skilje mellom førskulelærarar og assistenter og at dei har lite tid og rom for fagleg utvikling. Rammeplanen for innhaldet og oppgåvane i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2011b) er lite styrande for innhaldet i barnehagen, og rapporten peikar på *kvinnekulturens ansvarsrasjonalitet*, som inneber at fagleg kvalitet må vike for krav om effektiv handling. Dette reiser viktige spørsmål om i kva

grad det er gap mellom innhald i utdanninga og den kvardagen førskulelæraren står i. Rapporten peikar vidare på at inntakskvaliteten av ufaglærte er låg (ibid.), noko som er interessant i høve til førskulelæraren si meistring av rolla som leiar og rettleiar for personalet i samsvar med krav i overordna styringsdokument.

Fleire danske undersøkingar omhandlar kvalifisering til førskulelæraryrket<sup>12</sup>. Bayer og Brinkkjær (2006) har fokus både på kvalifiseringsprosessen og på utfordringar i møtet med yrket, og har samanlikna nyutdanna pedagogar i barnehage og skule. Dei er opptekne av kva kunnskap som pregar førskulelæraren si profesjonsutøving, med bakgrunn i at kvardagskunnskap ser ut til å dominere i barnehagen. I dette ligg det at ein praktisk rasjonalitet dannar basis for arbeidet, meir enn pedagogiske refleksjonar. Forskinga viser at lekmannspreget står sterkt også i danske barnehagar og at førskulelærarane sin yrkespraksis er prega av ein usynleg pedagogikk. Nørregård-Nielsen (2006) stadfestar dette i si avhandling der ho har studert kva vilkår danske pedagogar har for profesjonell utvikling og anerkjenning av profesjonen. Både foreldre, pedagogmedhjelparar og pedagogar vart i undersøkinga spurde om korleis dei oppfatta pedagogane sin kompetanse. Om lag 40 % av foreldra oppfatta ikkje at pedagogane hadde ein kompetanse om barn som var annleis enn den kompetansen dei sjølv hadde som foreldre. Resultata frå pedagogmedhjelparane var på linje med foreldra. Særleg interessant er det at mange av pedagogane var av same oppfatning. Nørregård-Nielsen konkluderer med at pedagogane ”står i skuggen av seg sjølv”. Det inneber at dei manglar tru på eigen kompetanse, dei har vanskar med å stå opp for den faglege profilen og avgrense seg fagleg i høve til foreldre og assistenter. Det inneber mellom anna at dei identifiserer seg med personalet i barnehagen meir enn med eigen profesjon. Når pedagogane ikkje ønskjer å framheve seg sjølv som ei gruppe med særskilt kunnskap, inneber det at dei er dårlege til å utøve closure overfor andre grupper tilsette, konkluderer Nørregård-Nielsen (2006). Forskaren konkluderer også med at eit fagleg miljø med ei viss mengde pedagogar er sentralt for å sikre faglege diskusjonar og at teori kan danne grunnlag for handling (ibid.). Sidan pedagogettleiken er høgare i danske enn norske barnehagar, aktualiserer dette ei drøfting av i kva grad samansettinga av personalet har innverknad på førskulelæraren si meistring av rolla. Desse studiane kan støtte opp under ei forståing som tilseier at førskulelæraren si

---

<sup>12</sup> M.a Bayer 2000, Bayer og Brinkkjær 2003 og 2005, Bagøe-Nilsen 2005, Gytz-Olesen 2004

profesjonelle utvikling er påverka av fleire faktorar enn førskulelærar-ratio, slik det er presentert gjennom den rammefaktorteoretiske tilnærminga i artikkel fire, *Consequences of staff composition in Norwegian kindergarten*. Dei aktualiserer også spørsmålet om førskulelæraren utnyttar potensialet i profesjonaliseringssprosjektet godt nok.

## 2.5 Tilhøvet mellom ulike grupper av tilsette i barnehagen

På same måte som den norske modellen skil seg frå andre land når det gjeld forholdstalet mellom tilsette med og utan pedagogisk utdanning, skil den nordiske barnehagemodellen seg ut ved ei heilskaplege organisering, der læring, leik, omsorg og danning er integrerte element, slik eg har vore inne på tidlegare. I ein slik integrert «*educare*»-modell<sup>13</sup> kan ein tenke seg at det vil vere vanskelegare å skilje ut spesifikke oppgåver som betre eigna for særskilde yrkesgrupper. Peeters og Vandenbroeck (2011) peikar på at i land der tilbodet er spesialisert, er det dei tilsette med minst utdanning som tek seg av omsorgsoppgåvene. Dette gjer det særleg interessant å studere tilhøvet mellom ulike grupper av tilsette i barnehagen der organiseringa er annleis.

Nokre få norske prosjekt har studert tilhøvet mellom ulike yrkesgrupper i barnehagen. Gunvor Løkken sin studie frå 1992; *Yrkesrollene i barnehagen* var nytta som grunnlag for å utvikle delar av spørjeskjemaet for MAFAL-prosjektet (Løkken, 1992). Studien omfatta 250 assistenter, førskulelærarar og styrarar og er den studien som tematisk ligg tettast opp til MAFAL-prosjektet. I MAFAL-prosjektet har fleire peika på manglande differensiering av arbeidsoppgåver mellom førskulelærarar og assistenter (Haug & Steinnes, 2011; Løvgren, 2012; Smeby, 2011; Steinnes, 2010), og studien til Løkken viser at desse tendensane ikkje er nye. Studien viser at det er stor likskap i dei daglege gjeremåla, men Løkken konkluderer med at førskulelæraren er den som har oversikta og at kunnskap om planlegging er sentralt i førskulelæraren sin kompetanse. Likevel var det vanskeleg å sjå tydelege spor av utdanninga i det direkte arbeidet med borna (Løkken, 1992). Arbeidet med studien er gjennomført i ei tid då praktikantane forsvann som yrkesgruppe i barnehagen. Fram til rundt 1980 var personalet i mange barnehagar samansett av ein førskulelærar, ein assistent og ein praktikant. Med bakgrunn i at kravet om eit praksisår før førskulelærarutdanninga vart fjerna, følgde ein diskusjon om praktikantane skulle erstattast av førskulelærarar eller assistenter. Løkken

---

<sup>13</sup> Education and care

(1992) viser til ein debatt prega av sterke ytringar. Assistentane sin argumentasjon var dels svært kjensleladd, som at dei ville «misze eine armen» om det vart fleire forskulelærarar, og dei vart aleine som assistent på avdelinga (Løkken, 1992). Assistentane uttrykte frykt for å verte i mindretal. Dei ville då kunne risikere å verte overkøyrd og misze status og posisjon, og dessutan måtte nokon ta seg av den sunne fornufta (*ibid.*). Trua på sunn fornuft som grunnlag for profesjonelt arbeid, ser vi klare parallellar til i MAFAL-prosjektet, når dei ulike yrkesgruppene skal vurdere kva som er viktig kompetanse for å gjere eit godt arbeid i barnehagen.

Forskningsprosjektet «Førskolelærer og yrke» (Bastiansen, 1986) gjennomførte tre delundersøkingar; spørjeskjemaundersøking til studentar ved 9 utvalde høgskular, observasjon av arbeidet i tre barnehagar og intervju med tre forskulelærarar i desse barnehagane, i tillegg til intervju med forskulelærarar i to utkantfylke. Formålet var å undersøke kva som påverkar førskulelæraren si yrkeskarriere og arbeidssituasjon. Prosjektet konkluderte med at det var få synlege skilnader mellom førskulelærarar og assistenter, både når det gjeld status og ansvar, roller og arbeidsdeling. Sjølv om førskulelæraren var ansvarleg for planlegging, var dette lite synleg i kvardagen. Bastiansen peika også på at arbeidet som vart utført i barnehagen, i stor grad likna på tradisjonelt kvinnearbeid. Markering av profesjonalitet vart utfordra mellom anna ved at dei demokratiske ideala var framheva og at tanken om likskap representerte ein sentral verdi. Den faglege autoriteten vart utfordra ved at den profesjonelle kunnskapen ikkje alltid var like lett å skilje frå «sunn fornuft». At assistentane var meir stabile og dermed hadde meir praktisk erfaring frå arbeidet, utfordra også i mange høve førskulelæraren sin posisjon og autoritet. Det kunne også gjere det pålagde rettleiingsansvaret vanskeleg (Bastiansen, 1986). Bastiansen sin studie kan lesast som eit tidsbilete frå ein bestemt epoke og eit dominerande regime med omsyn til oppfatningar omkring barnehagen sitt innhald og dei tilsette sin funksjon. Det er såleis interessant at Hauge (2001) gjennom sin studie av nyutdanna førskulelærarar viser korleis «den middelaldrande, erfarte assistenten» har stått som eit bilet på noko truande for den unge og uerfarne førskulelæraren gjennom fleire tiår. Sjølv om dette biletet kan vere under endring sidan førskulelærargruppa no er meir stabil enn assistentgruppa (Gulbrandsen, 2009), ser utfordringar knytte til leing av personalet framleis ut til å vere eit sentralt tema. Særleg interessant er det å sjå korleis likskapsidelet har hatt ein sterk posisjon heilt til i dag, og korleis dette framleis utfordrar den faglege autoriteten.

Av nyare dato finn vi Ødegård (2011) si avhandling som har fokus på nyutdanna sitt møte med yrket. I avhandlinga tematiserer ho korleis nyutdanna forskulelærarar meistrar og approprierer kulturelle reiskapar i barnehagen. Dei nyutdanna informantane i studien var alle deltagarar i det nasjonale rettleiingstiltaket for nyutdanna lærarar; *Veileding av nyutdannede, nytilsatte lærere i barnehage, grunnskole og videregående opplæring*. Utvalet bestod av fem nyutdanna, deira styrarar (5) og rettleiarar (3). Data vart samla inn gjennom individuelle intervju, fokusgruppeintervju og observasjon. Ødegård konkluderer med at barnehagen sin horisontale, lagorienterte og relasjonelle tradisjon kan avgrense handlingsrommet for utvikling og forbetring, men at det ikkje er denne i seg sjølv som skapar vanskar. I eit relasjonelt og distribuert perspektiv på leiing vil det å utnytte kompetansen i personalgruppa kunne vere ein styrke og ikkje ei undergraving av forskulelæraren si profesjonelle rolle, hevdar forskaren. Som eit grunnleggande problem peikar Ødegård på at samhandling og relasjonar ikkje vert analyserte og arbeidsoppgåver ikkje drøfta. Tradisjonen i barnehagen manglar rom for analysar og drøftingar av kva som bør bevarast og kva som bør forkastast, og diskursen er prega av at «... sånn er det bare» (Ødegård 2011, s. 245). Det kan føre til at ansvarsfordelinga står fram som utsynleg og uavklart, med uklart leiarskap som mogleg konsekvens. Sett i relasjon til mitt eige prosjekt er dette eit interessant perspektiv og kan bygge oppunder tesen om at utdanninga må bidra til å utstyre forskulelærarar med omgrep som gjer dei i stand til å analysere, drøfte og sette ord på eigen kunnskapsbase for å synleggjere denne og for å styrke eigen profesjonalitet.

Ei svensk undersøking kommenterer at forskulelærarane har vore därlege i å føre fram sine kunnskapar og argument i diskusjonar. Ambisjonen har vore å oppnå semje, meir enn å utnytte kompetansen i personalgruppa, vert det hevda (Gustafson & Mellgren, 2008). Også denne studien peikar på manglande differensiering i arbeidsoppgåver mellom ulike yrkesgrupper. Å ha ei spesialinteresse ser ut til å vere eit meir legitimt argument enn at ein har ei utdanning som kvalifiserer for særskilde oppgåver. Rapporten viser at forskulelærarane tek hand om administrative oppgåver i større grad enn dei andre tilsette (*ibid.*). Samtidig som dette er ein naturleg del av det å vere leiar, fører det til at forskulelærarane er mindre saman med borna enn assistentane. Dette er på linje med funn i MAFAL-studien (Løvgren, 2012).

I kapittel 2.2.1 har eg omtala avhandlinga til Jóhnsdóttir (2012) knytt til profesjonalisering i eit kvinnedominert felt. Eit sitat frå ein islandsk forskulelærar referert i avhandlinga set

søkjelys på det som ser ut til å vere den sentrale utfordringa i mange førskulelærarar sitt arbeid; «If the parents and kids were the only ones here the preschool would be heaven» (s.12). Sitatet viser at utfordringar når det gjeld samarbeid og leiing av personalet ser ut til å vere gjennomgåande på tvers av landegrenser. Der er likevel eit tilsynelatande skilje mellom norske og islandske førskulelærarar ved at dei islandske i kampen for auka status og anerkjenning ser ut til å ville distansere seg frå dei ufaglærte i barnehagen. Endringar i omgrevsbruk frå til dømes *arbeid* med barn til *undervisning* av barn er eit uttrykk for denne kampen og eit forsøk på å nå opp til nivået til grunnskulelærarane når det gjeld status og løn, hevda Jóhnsdóttir (2012).

## **2.6 Forskinsstatus, kort oppsummert**

Når det gjeld barnehagen som pedagogisk institusjon, vert det hevda at det ligg ein ideologisk, meir enn empirisk rasjonalitet som basis for utvikling (Haug, 2005). Det har lenge vore hevda at barnehagar a priori er bra for barn, utan at ein har hatt forsking som viser om det faktisk er slik. Fokuset er retta mot kva barnehage bør vere, meir enn korleis han er, og det har ikkje vore stor politisk interesse for å finne ut av kva som faktisk skjer i barnehagen. Då kan argumentasjonen om barnehagen sin kvalitet kvile på ideologiske førestellingar meir enn på empiriske fakta. Den politiske viljen til å satse på barnehageforskning er nokså ny. Først dei siste åra har det vore løyvt monalege midlar til forsking på barnehageområdet.

Borg, Kristiansen og Backe-Hansen (2008) viser at i løpet av 2000-talet, har forsking retta mot dei tilsette sine perspektiv auka i omfang. Hovudtyngda i norsk barnehageforskning har likevel fokusert på pedagogiske tema og på spørsmål om barnehagen som organisasjon. Det er difor behov for meir forsking som set søkjelys på kvalifiseringa til yrket. Som vi ser av utgreiinga ovanfor, har ein både nasjonalt og internasjonalt vore oppteken av førskulelærarar sin profesjonelle posisjon og utfordringar i profesjonaliseringsprosessen (Bayer & Brinkkjær, 2006; Dalli, mfl., 2012; Jóhnsdóttir, 2012; Nørregård-Nielsen, 2006; Peeters & Vandenbroeck, 2011). Fleire studiar løftar fram tilhøvet mellom ulike yrkesgrupper og korleis dette utfordrar førskulelæraren si profesjonelle rolle (Bastiansen, 1986; Karila & Kinosh, 2012; Kinosh, 2008; Løkken, 1992; Smeby, 2014). Andre studiar gir grunnlag for samanlikningar mellom førskulelærarar og andre yrkesgrupper utanfor barnehagen (Casperson & Frøseth, 2008; Casperson & Skjønsberg, 2009). Den norske barnehagen skil seg på fleire måtar frå organisering av barnehagar i andre land, og kontekstuelle tilhøve er difor relevante (Børhaug,

mfl., 2011; Mørkeseth, 2012). Interessa for overgangen mellom utdanning og yrke har dei seinare åra auka, og fleire studiar er interessante som grunnlag for å forstå utdanninga sin relevans for yrket (Eik, 2014; Hensvold, 2003; Smeby & Mausethagen, 2011; Søndenå, 2002; Ødegård, 2011). Eit særleg interessant perspektiv her er i kva grad forskulelærarane nyttar potensialet ei høgare utdanning kan ha for profesjonaliseringsprosessen. Saman med dei teoretiske perspektiva som vert gjorde greie for i neste kapittel, vil forskingsoversikta verte nytta som grunnlag for perspektivering og drøfting av eiga forsking i kapittel 6.

### **3.0 Teoretiske perspektiv**

Studien undersøker korleis førskulelæraren meistrar den profesjonelle rolla i lys av kvalifiseringa til yrket og arbeidsdelinga med assistentane. Gjennomgåande omgrep i artiklane er kunnskapsutvikling, kompetanse, kvalifisering og arbeidsdeling. Det teoretiske hovudfokuset ligg på profesjonskvalifisering og ei drøfting av ulike arenaer for slik kvalifisering. Avhandlinga sitt teoretiske grunnlag er henta både frå pedagogikk og profesjonsteori. Frå profesjonsteorien kan vi generelt hente kunnskap om danning, organisering og utvikling av profesjonar. Særleg interessant for avhandlingsarbeidet er perspektiv på utfordringar i profesionaliseringsprosessen og utdanninga si rolle i denne. Abbott (1988) er her ein sentral bidragsytar, og hans teori er nyttig for å utforske spørsmål rundt utdanninga sin funksjon og relevans. Innanfor profesjonsteorien finn vi ulike syn på utdanninga sin funksjon. Skiljet går mellom dei som primært oppfattar utdanninga som kvalifiserande (Abbott, 1988), og dei som meiner at kunnskapsgrunnlaget først og fremst er nyttig som legitimering (Collins, 1979; Larson, 1977). Freidson (2001) sin posisjon er at sjølv om utdanning kan bidra til legitimitet og er eit middel for sertifisering, er kunnskapsgrunnlaget ein sentral føresetnad for profesionalisering og dermed også for autonomi og utøving av skjønn. Dette kunnskapsgrunnlaget vert utfordra i det daglege arbeidet, og den profesjonelle kompetansen vert sett på prøve. Denne forståinga har vore utgangspunktet for avhandlingsarbeidet.

For å studere førskulelærarar si meistring av rolla i lys av kvalifiseringa til yrket, er det også nyttig å hente inn teori frå pedagogikken. Særleg relevant er teoriar om kunnskapsutvikling, og meir spesifikt korleis ulike arenaer kan bidra til kvalifisering. Her er perspektiv og omgrep frå sosiokulturelle teoriar aktuelle som støtte for å forstå relevansen av utdanning og yrke som arenaer for kunnskapsutvikling og kompetansebygging. Sosiokulturelle teoriar har som utgangspunkt at mennesket skaper og vert skapt av samfunnet og at individet er del av ulike kontekstar (Dysthe, 2001; Vygotskij, 1978, 2001). Kjenneteikn ved synet på kunnskapsutvikling og læring innanfor denne paraplyen er at den er situert, grunnleggande sosial, distribuert og mediert. Vidare er språket sentralt, og læring skjer gjennom deltaking i praksisfellesskap (Dysthe, 2001). Perspektiv som vert utdjupa her er hovudsakleg henta frå Eraut (1994, 2007, 2010), Billett (2010), Nygren (2004) og Lave og Wenger (1991). Sosiokulturell teori kan sjåast som eit samleomgrep meir enn som uttrykk for ein ein tydig storleik (Dysthe, 2001), og det vil difor variere kva som vert lagt vekt på i dei ulike

tilnærmingane. Den kulturhistoriske skulen (Leontjev, 1978; Vygotskij, 1978) understreka subjektet sin sjølvstendige posisjon og betydninga av medierte artefakt. I dette ligg det at individet sjeldan reagerer direkte i høve til omgjevnadene, men nyttar reiskapar og verkty i kunnskapsproduksjon. Slike reiskapar og teikn er ifølgje Vygotskij (1978) sentralt i all menneskeleg aktivitet. Lave og Wenger (1991) legg særleg vekt på praksisfellesskapet og det situerte, der kunnskapen er knytt til konkrete kontekstar og har lite verdi for andre arenaer, medan Eraut (1994, 2010) har ei meir heilskapleg forståing av læring og kunnskapsutvikling. Kunnskap kan i hans perspektiv vere både individuell og kulturell, og både utdanning og yrkesfeltet er viktige arenaer for kunnskapsutvikling. Avhandlingsarbeidet har samhandling som utgangspunkt, og ser på kunnskap utvikla på ein arena som relevant også i andre samanhengar. Dei teoretiske perspektiva vert utdjupa vidare i dette kapitlet. Målsetjinga har ikkje vore å utvikle ein ny, symbiotisk teori på basis av dei ulike teoretiske perspektiva, men å gjere nytte av ulike tilnærmingar for å belyse temaet for avhandlinga frå ulike sider. Dette inneber ei grunnlagsforståing som tilseier at dei ulike perspektiva har ulike bidrag inn mot temaet.

### **3.1 Sentrale omgrep i tema og problemstilling**

I denne delen gjer eg greie for nokre viktige omgrep i problemstillinga og temaet for avhandlingsarbeidet. Utvikling av kompetanse er ein sentral del av kvalifiseringa, og utdjuping og avklaring av omgrepet er difor eit viktig grunnlag for forståing. Vidare har eg valt å utdjupe omgrepa meistring, rolle og identitet og perspektiv på profesjonalisering. Formålet er å presentere ei grunnlagsforståing, nokre underliggende premissar, som ikkje er nytta aktivt i analysane, men som likevel pregar forståinga av temaet.

#### **3.1.1 Kompetanse og kvalifisering**

Omgrepa kompetanse og kvalifisering er gjennomgåande i artiklane. I strategiplanen for kompetanseutvikling av barnehagesektoren (Kunnskapsdepartementet, 2007) er kvalitetsutvikling knytt til ei stadig utvikling av personalet sin kompetanse. Å vere kvalifisert for eit yrke inneber å ha ein bestemt kompetanse. Slik kompetanse er ifølgje strategiplanen avgjerande for å møte nye krav og utfordringar i ein lærande organisasjon. Kompetanse vert her definert som... «evne til å møte komplekse krav, situasjoner og utfordringer» (ibid. s. 7). Vidare knyter planen læring og kompetanse til individuell og kollektiv handling og samhandling der både individet sjølv og føresetnader i læringsmiljøet er sentrale i utviklinga. OECD peikar på at kompetanse er samansett av kognitive og praktiske ferdigheter, kunnskap,

verdiar og haldningar og andre sosiale komponentar som saman kan bidra til effektiv handling (DESECO, 2002). Rammeplanen for forskulelærarutdanninga frå 2003 (Utdannings- og forskningsdepartementet, 2003), slår fast at forskulelærarar skal utvikle fagleg kompetanse, didaktisk kompetanse, sosial kompetanse, endrings- og utviklingskompetanse og yrkesetisk kompetanse. Gotvassli (2013) definerer summen av desse som *meistringskompetanse*. I forskrifta for ny barnehagelærarutdanning, gjeldande frå hausten 2013 (Kunnskapsdepartementet, 2012a), er dei ulike kompetanseområda delvis vidareførte, men presiserte gjennom læringsutbytteformuleringane kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse. Desse læringsutbytteformuleringane er ein følge av tilpassing til EU sitt kvalifikasjonsrammeverk (Kunnskapsdepartementet, 2011a) med formål å fremje mobilitet mellom land, styrke livslang læring og bidra til auka kvalitet i utdanningssystema. I Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2011b) er kvalitet knytt til utvikling av personalet sin kompetanse, men kompetanseomgrepet er ikkje definert eller drøfta. Styrar er ansvarleg for at personalet får nytta sin kompetanse, men det er interessant å merke seg at planen korkje løftar fram forskulelæraren sin særskilde kompetanse eller skil mellom kompetansen til dei ulike yrkesgruppene.

Relatert til det empiriske materialet i denne avhandlinga er den totale kompetansen til forskulelæraren operasjonalisert som personlege evner, verdiar og haldningar, fagkunnskapar og praktiske ferdigheiter. Denne forståinga er henta frå StudData-materialet og er i tråd med Eraut (1994, 2004) si oppfatning av at kompetanse inneheld tre hovudelement; kunnskap, verdiar og ferdigheiter. Verdiar og haldningar baserer seg på kva som styrer handlingane og på oppfatningar av kva som er god og därleg praksis. Omgrepet personlege evner er knytt til den vi er som person og kan indikere at det ligg noko genetisk til grunn. Min bruk av dette omgrepet støttar ikkje ei oppfatning av at nokre er «fødde til» å bli forskulelærar, men at ein gjennom livet har gjort erfaringar som har bidrige til å forme ein som person. I dette ligg det noko meir intuitivt enn i fagkunnskapar og praktiske ferdigheiter. Arbeidet som forskulelærar har eit sterkt relasjonelt preg, og ein nyttar seg sjølv som arbeidsreiskap i samspel med barn og andre vaksne. Det kan difor vere vanskeleg å trekke klare skilje mellom ei privat og ei profesjonell rolle. Praktiske ferdigheiter handlar i denne samanhengen om yrkesspesifikke ferdigheiter som gjer at arbeidet vert gjennomført på ein smidig måte, medan fagkunnskap er operasjonalisert som kunnskap om barn, barndom og samfunn som er sentralt for å drive pedagogisk arbeid. Denne kunnskapen kan tileignast både gjennom utdanning og i arbeid,

men utdanninga har som hovudoppdrag å bidra til at forskulelæraren har eit solid fagleg grunnlag for yrkesutøvinga. Kunnskap er del av den totale kompetansen, som igjen er sentralt i den profesjonelle rolla. Nygren (2004) framhevar at når vi studerer kompetanse, må vi gjere dette i relasjon til konteksten, ved at kompetanse fungerer i lys av den kulturelle og materielle konteksten den vert utøvd i (ibid.). Kva kompetanse som er sentral for forskulelæraren vil mellom anna henge saman med ei dominerande oppfatning av kva som er barnehagen sitt sentrale oppdrag.

### **3.1.2 Rolle og identitet**

Når eg i avhandlinga nyttar omgrepene *rolle* og omtalar den profesjonelle rolla eller forskulelærarolla, er det i ei forståing av at rolla som forskulelærar er tett knytt saman med ein *identitet* som påverkar utøvinga av rolla. Heggen (2007) skil mellom *profesjonell identitet* som er knytt til den einskilde personen og *profesjonsidentitet* som omhandlar kollektive trekk ved dei som utøver yrket. Førskulelæraren sin identifikasjon med yrkesrolla har også samanheng med meistring; «...profesjonskvalifisering handlar også om å identifisere seg med eit yrkesfelt og ein profesjon, og i tillegg å identifisere seg sjølv som profesjonell utøvar i dette feltet» (Heggen, 2007, s.321). Jóhnsdóttir (2012) viser likevel korleis identiteten som førskulelærar ikkje nødvendigvis er synonym med rolla eller funksjonen som førskulelærar, sidan forventningar til denne ofte ligg utanfor den einskilde sin kontroll. Med Sachs sine ord uttrykkjer ho det slik; «identities organise the meaning whereas roles organise the functions» (Sachs, 2003, s. 126). Innhaldet i rolla er bestemt av både eigne og andre sine forventningar til korleis denne skal utøvast og skil seg difor delvis frå identifikasjon med rolla. I dette skiljet ligg det ei oppfatning av at det ikkje nødvendigvis er samsvar mellom ideal og realitetar, ved at førskulelærarane kan påleggast oppgåver som er i strid med det dei meiner er ideelt. Eit døme på dette er arbeidsdelinga i barnehagen, der praktiske rammer kan overstyre førskulelæraren si oppfatning av kven som er mest kompetent til å utføre arbeidet. Vi kan skilje mellom identitet som noko vi *er* og rolle som noko vi *gjer*. Dette avhandlingsarbeidet har fokus på førskulelærarrolla og oppfatningar omkring kompetanse relatert til denne, og drøftar difor ikkje identitetsutvikling nærare.

### **3.1.3 Meistring**

Eit sentralt formål for profesjonsutdanninger er å bidra til at utøvarane blir i stand til å meistre yrket (Heggen & Terum, 2010). Slike utdanninger er heteroteliske ved at det er eit bestemt tilhøve mellom innhaldet i utdanninga og eit samfunnsmessig behov som definerer innhaldet.

Profesjonsutøvarar skal yte gode tenester. I dette ligg det også ei forventning om at utdanninga kan bidra til eit medvit om dei krava som ligg til yrkesrolla. Meistring som omgrep har mange valørar, men kan enklast sett handle om at ein har den kompetansen som er nødvendig for å møte ulike krav som vert stilte til ein. Samstundes vil det ikkje alltid vere samsvar mellom dei krava individet stiller til seg sjølv og forventningar frå andre til rolla. Bandura (1997) sin teori plasserer seg innanfor sosialkognitiv teori, og han identifiserer meistring gjennom omgrepssparet opplevd og reell. Denne dikotomien er nyttig for å forstå at det ikkje alltid treng å vere samsvar mellom eigne og andre sine meistringsforventningar. Forventninga om å meistre, av Bandura (1997) omtalt som «self-efficacy», heng saman med førskulelæraren si oppfatning av personleg kompetanse i høve til det profesjonelle oppdraget. «Gaining knowledge and skills that enables one to fulfill personal standards of merit tend to heighten interest and a firm sense of personal efficacy» (Bandura, 1982, s. 133). I overgangen mellom utdanning og yrke bidreg kjensla av meistring positivt i sosialiseringss prosessen og i læringsprosessar (Bandura, 1997). Korleis førskulelærarane opplever meistring og kva forventningar dei har til å oppnå gode resultat vil difor ha innverknad på den profesjonelle utviklinga. Bandura omtalar også betydninga av «power-holders». Desse kan gjennom formell eller uformell makt kontrollere kva som er mogleg å få til i eit arbeidsfellesskap. I barnehagen kan assistentar med lang arbeidserfaring ha ei rolle som uformelle makthaldarar, der dei i særleg grad har hand om ei praktisk makt som kan konkurrere ut den intelligente makta (Gustumhaugen, 2013). Den praktiske makta kan handle om reglar, rutinar og strukturar som «sit i veggene» og til dels er ureflekterte og umedvitne. Den intelligente makta inneholder eit fagleg og pedagogisk medvit, eller det Abbott (1988) innanfor profesjonssosiologien omtalar som kunnskapsmessig kontroll og intellektuell jurisdiksjon. Kor trygge til dømes nyutdanna førskulelærarar er på sin faglege kompetanse vil kunne innverke på korleis dei opplever å ha ein profesjonell styrke som bidreg til meistring i møtet med assistentgruppa.

Meistring i arbeidslivet vert gjerne knytt til normative forventningar relaterte til utøving av eit yrke (Molander & Terum, 2008), men desse forventningane blir ikkje oppfatta på same måte av alle som er berørte av dei. Førskulelæraren kan oppleve ei kjensle av mestring i arbeidet utan at denne vert vurdert som reell ut frå objektive standardar for yrket, og utan at ein oppfyller overordna krav og forventningar til rolla. Tilhøvet mellom førskulelærarar og assistentar er eit sentralt tema i avhandlinga, med utgangspunkt i at dei to yrkesgruppene kan ha ulike forventningar til kvarandre og til kva som er god praksis.

Raaen (2007) viser at meistring føreset både handlingskompetanse og handlingsberedskap. Det inneber at ein har grunnleggande føresetnader for å kunne ivareta sentrale oppgåver og samstundes vilje til å gripe utfordringar i arbeidet. Med utgangspunkt i politiske og ideologiske føringar vil meistring omfatte profesjonell kunnskap og moralsk entreprise (Raaen, 2007). Dette inneber at ein handlar både fagleg og etisk forsvarleg. Raaen peikar vidare på at krava til meistring kan vere både formelle og uformelle, og det kan oppstå spenningar mellom desse (*ibid.*). Slik kan til dømes krav formulerte i barnehagelova og andre styringsdokument vere i motstrid til ein etablert praksis i barnehagen og til forventningar frå nære samarbeidspartar. Om ein knyter meistring til måloppnåing, møter forskulelærarane i barnehagen andre utfordringar enn til dømes lærarar i skulen. I barnehagen vurderer ein i liten grad mål for enkeltbarn, og resultata er mindre synlege utifrå objektive kriterium (Riksaasen & Vigeland, 1994). Det kan ha innverknad på forskulelæraren si oppleving av meistring, ved at ein manglar objektive standardar å måle resultata utifrå.

Arfwedson (1984) peikar på betydninga av kultur og kode på arbeidsplassen og viser at individet sjeldan står i ein isolert kontekst, men vert påverka av rammene rundt. Dette viser vidare til eit systemteoretisk perspektiv der ein studerer forskulelæraren som individ og barnehagen som verksemد i samanheng, og der ein analyserer meistring i lys av det som skjer på ulike nivå. Desse omfattar alt frå personlege til institusjonaliserte og formaliserte relasjonar og gjer det mogleg å studere forskulelæraren si meistring i høve til sentrale føringar for barnehagens innhald og oppgåver. Førskulelæraren si meistring og forståing av rolla vil vere påverka både av ein overordna diskurs, av den interne kulturen på arbeidsplassen og dei rammevilkåra dei står i. I avhandlinga er difor rammefaktorteorি (Dahllöf, 1967; Lundgren, 1984) nytta som eit perspektiv i drøftingar omkring konsekvensar av arbeidsdelinga i barnehagen.

### **3.1.4 Profesjonalitet**

Sentralt i avhandlingsarbeidet er kva faktorar som kan setje forskulelæraren si rolle under press og kva som konstituerer viktige utfordringar for rolla. Å vere profesjonell er ei kompleks sak ifølgje Jensen, Lahn og Nerland (2012). Profesjonelle er forventa å utføre eit arbeid som baserer seg på kollektive verdiar og kunnskap, og legitimiteten er mellom anna avhengig av at profesjonelle vurderingar vert gjorde på bakgrunn av ein felles kunnskapsbase. Dalli (2008) argumenterer for at profesjonalitet er gjenstand for stadige rekonstruksjonar og at det difor kan forståast som ein diskurs like mykje som eit fenomen. Det inneber at krava til

profesjonelle vil endre seg i takt med samfunnsutviklinga og vere influerte av politiske og ideologiske diskursar.

Innanfor profesjonsteorien vert det peika på at profesjonar har både eit performativt og eit organisatorisk aspekt (Abbott, 1988; Molander & Terum, 2008; Weber, 1972). Det performative viser til profesjonen sin praksis og til kvaliteten i utøvinga av eit yrke, medan det organisatoriske omhandlar kontroll over arbeidsoppgåver. Molander og Terum (2008) viser korleis det performative relaterer seg til det organisatoriske gjennom å gjere sannsynleg at praksisen er av ein slik kvalitet at særskilde kvalifikasjonar er ein føresetnad for utøving av yrket. Profesjonane er gitt ein rett til å utføre arbeidsoppgåver meir eller mindre autonomt. I det ligg det forventningar til at yrkesgruppa gjennomfører oppgåvene på ein kvalitativt god måte og at utdanninga dannar grunnlag for ein viss standard. Eg kjem tilbake til utdanninga sin funksjon i kapittel 3.2, men vil her gå inn i omgrepa profesjon og profesjonalisering.

### **3.1.4.1 Profesjonsomgrepet**

I kva grad førskulelæraryrket og fleire liknande yrke kan defineraast som profesjonar, er eit diskusjonsspørsmål. Vi har i dag ei rekke profesjonsutdanninger som etter snevre definisjonar ikkje ville passe inn i profesjonskategorien. Smeby (2014) hevdar at kunnskapsgrunnlaget som vert vektlagt av førskulelærarane, truleg gjer at yrket ikkje vil utvikle seg til ein profesjon. Dette handlar mellom anna om det heilskaplege syn på læring og omsorg som er vektlagt i barnehagen, og der mjuke verdiar er viktige. Førskulelæraryrket vert gjerne også omtalt som ein *semiprofesjon* (Etzioni, 1969; Jóhnsdóttir, 2012). Det inneber at yrket har nokre trekk frå dei idealtypiske profesjonane, men det tilfredsstiller ikkje alle kriteria. Profesjonomgrepet har ifølgje Molander og Smeby (2013) to dimensjonar, som viser til ekspertise som eit kognitivt fenomen og som institusjonalisering av ekspertise gjennom jurisdiksjon. I dette ligg det at yrke kan ha sterke eller svake trekk av profesjon som institusjon (*ibid.*). Nørregård-Nielsen (2006) knyter ønsket om profesjonalisering og anerkjenning til ønsket om makt til å definere sitt eige arbeid, om autonomi, påverknad og pengar. Eg har ikkje som mål å konkludere med om førskulelæraryrket er eller kan utvikle seg til ein profesjon, men vil kort gjere greie for nokre sentrale trekk ved profesjonar og peike på utfordringar for førskulelæraryrket relaterte til nokre av desse.

Dei tradisjonelle profesjonskriteria slår fast at profesjonar har tilnærma *monopol* på bestemte stillingar, og dei er gitt *jurisdiksjon* eller lisens for utøving av yrket. Det er naudsynt med ei

særskilt *formell utdanning* for å bli medlem av yrkesgruppa. Spørsmålet om *vitens* er sentralt innafor profesjonsteorien. Profesjonsutøvaren har difor langvarig *utdanning* basert på systematisk og vitskapleg teori. Det må vere ei *offentleg godkjenning* av yrkesutøvarane, det må eksistere ein *organisasjon* for desse og det må finnast ein *yrkesetisk kodeks* som spesifiserer etiske standardar som yrkesgruppa er forplikta på (Molander & Terum, 2008). Dei tre siste elementa er til ei viss grad oppfylte. Førskulelærarane får gjennom utdanninga ei formell godkjenning, dei er formelt organiserte, og Utdanningsforbundet har i 2012 vedteke ein yrkesetisk kodeks. Denne er rett nok berre retningsgjevande så lenge den ikkje er formelt godteken av Stortinget. Utfordringane ser i særleg grad ut til å handle om monopol og jurisdiksjon. Monopolet vert utfordra både ved at det vert gitt omfattande dispensasjonar frå kravet om førskulelærarutdanning ved tilsetting i slike stillingar, og ved at fleirtalet av dei tilsette i barnehagen er utan førskulelærarutdanning. Det inneber at førskulelæraren ikkje har monopol på å utføre bestemte oppgåver, og at dei ikkje har full kontroll over arbeidsoppgåvene. Dette kan utgjere hindringar i profesjonaliseringa. Spørsmål omkring førskulelæraren sin kunnskapsbase og utfordingar for jurisdiksjonen vert vidare utdjupa i kapittel 3.2 og 3.2.1.1.

### ***3.1.4.2 Profesjonalisering***

Det treng ikkje vere samanheng mellom kvalitet i yrkesutøvinga og om yrket er definert som profesjon. Med utgangspunkt i temaet for avhandlinga kan det difor vere nyttig å skilje mellom indre og ytre profesjonalisering (Bastiansen, 1986), sjølv om desse også relaterer seg til kvarandre slik vi såg ovanfor. Ytre profesjonalisering knyter an til det organisatoriske aspektet og relaterer seg til utvikling av profesjonen meir generelt, medan den indre profesjonaliseringa handlar om kvalitet i tileigning av kunnskap og rettar seg meir mot dei individuelle aktørane enn systema rundt desse. Indre profesjonalisering bidreg i særleg grad til innsikt i den profesjonelle rolla og medvit om kva som er kvalitativt god praksis. Kva som er vurdert som ønska profesjonelle kvalifikasjonar for førskulelæraren vil likevel vere påverka av verdibaserte vurderingar og forstått i lys av dominerande oppfatningar av mellom anna barndom, foreldra si rolle og barnehagen sin funksjon (Oberhuemer, 2008). Karila (2008) omtalar profesjonalitet som eit fleirnivåfenomen som vert påverka av endringar både på makronivå (t.d endringar i policy-nivået) og på mikronivå (til dømes kulturen på arbeidsplassen). Kva som konstituerer kvalitet vil difor endre seg over tid.

Nokre av perspektiva ovanfor vert utdjeta i neste kapittel, der fokuset er retta mot profesjonssosiologiske perspektiv på utdanning.

### **3.2 Utdanninga sin funksjon i eit profesjonssosiologisk perspektiv**

Når det gjeld utdanninga sitt bidrag i forskulelæraren si forståing av den profesjonelle rolla, er drøftingar omkring utdanninga sin funksjon relevant for å forstå kva rolle utdanninga spelar.

Artikkel tre, *Frå assistent til forskulelærar*, presenterer to hovudretningar innanfor profesjonsteori i synet på kva som er utdanninga sin primære funksjon og kva rolle kunnskap spelar i profesjonell praksis. Utdanninga kan vere kvalifiserande eller sertifiserande. I argumentasjonen for at spørsmål omkring kunnskap er sentralt i profesjonsteorien, nyttar Caspersen (2013) nemningane *konfliktperspektiv* og *funksjonalistperspektiv* for å synleggjere ulike oppfatningar av kunnskapen si rolle. I funksjonalistperspektivet er kunnskapen sjølv grunnlaget for profesjonell praksis (Freidson, 2001), og det primære formålet vil vere å kvalifisere for yrket. I konfliktperspektivet vert utdanninga sett på som eit middel til å stenge andre ute frå profesjonen (Collins, 1979; Larson, 1977) og hensikta vil primært vere å sertifisere for yrket. I konfliktperspektivet er utdanninga si kvalifiserande rolle av avgrensa verdi, og utvikling av profesjonell kunnskap underordna. Kampen om profesjonsstatus vil då innebere ei avgrensing av oppgåver som høyrer til profesjonen, samtidig som ein stenger tilgangen for andre til desse oppgåvene.

Perspektiva på utdanning som sertifiserande og kvalifiserande treng ikkje å vere gjensidig ekskluderande. Som eg har argumentert for i artikkel tre, kan forskulelæraren tileigne seg ny kunnskap gjennom utdanninga samtidig som denne også sertifiserer for ein ny posisjon. Dette finn eg støtte for hos Freidson (2001) som viser at utdanninga både kan vere kvalifiserande og den kan nyttast som grunnlag for å oppnå legitimitet. I det vidare går eg nærmare inn på omgropa legitimitet og jurisdiksjon som er sentrale i denne samanhengen.

#### **3.2.1 Jurisdiksjon og legitimitet**

Abbott (1988) sitt omgrep jurisdiksjon er relatert til profesjonane sin legitimitet og eksklusive rett til å utøve eit yrke og ha kontroll over særskilde oppgåver. Denne legitimitet er likevel basert på vitskapleg kunnskap som skil seg frå ein generell allmennkunnskap. Denne kunnskapsbasen kan vere eit viktig bidrag i profesjonaliseringss prosessen og difor sentral for styrken i det juridiske vernet og for profesjonen sin legitimitet. *The ability of a profession to sustain its jurisdictions lies partly in the power and prestige of its academic knowledge*

(Abbott, 1988, s. 54). Abbott løftar fram korleis abstrakt kunnskap gir strategiske fortrinn i kampen om råderett over eit felt. Makt og kontroll over arbeidet vil difor vere sentrale dimensjonar. I avhandlingsarbeidet har forskulelæraren sitt tilhøve til assistentane vore framheva som ei utfordring. Dette representerer ein «nærkamp» gjennom daglege forhandlingar om posisjonar på mikronivå. Førskulelæraren sin legitimitet kan også verte utfordra av yrkesgrupper utanfor barnehagen, som profesjonelle innanfor barnevern, helsestasjon og psykologitenesta. Nørregård-Nielsen (2006) viser korleis ei rekke institusjonar og grupper prøver å trengje seg inn på profesjonen. Ei særleg utfordring kan handle om diagnostisering, fortolking og behandling der jurisdiksjonen er sårbar for intervension frå andre yrkesgrupper (Abbott, 1988). Makronivået er representert mellom anna av policy-nivået, der lover, rammeplanar og stortingsmeldingar kan spele ei sentral rolle som dimensjonar av makt.

Legitimitet er avhengig av ein balanse mellom formalisering og folkeleggjering. Abstrakt kunnskap som ikkje kan vise til resultat (til dømes effektiv behandling av sjukdom), manglar legitimitet. Det same gjeld for profesjonell handling som er basert på kunnskap som vert oppfatta som allmennkunnskap. *Expert action without formalization is perceived by clients as craft knowledge, lacking the special legitimacy that is supplied by the connection of abstractions with general values* (Abbott, 1988, s. 104). Abbott (1988) vektlegg korleis profesjonell utvikling er eit vekselspel mellom å skape og bli skapt i interaksjon med omgjevnadene. I dette ligg det mellom anna ei forståing av at personlege verdiar kan vere grunnlaget for val av utdanning og at desse verdiane kan verte både styrkte og utfordra gjennom utdanninga (Abbott, 1988). Hard og Jóhnsdóttir (2013) viser i si forsking frå Island og Australia til ei utbreidd oppfatning av at dei som søker arbeid i barnehagen, generelt er «kind people» og at barnehagen er prega av ei vennleg atmosfære. Dersom til dømes verdiar og haldningar vert løfta fram som den viktigaste kompetansen for å gjere ein god jobb i barnehagen, kan det vere uttrykk for haldningar som har danna grunnlag for val av utdanning. Desse haldningane kan ha vorte styrkte gjennom utdanninga og i yrket, ved at ein møter andre med same innstillinga (Abbott, 1988). Til dømes kan studentar gjennom praksis i utdanninga møte praksislærarar som er sterke representantar for bestemte haldningar og som bidreg til konformitet. Også medstudentar og faglærarar kan vere berarar av slike haldningar.

### **3.2.1.1 Utfordringar for jurisdiksjonen**

Glazer (2007) drøftar utfordringar for jurisdiksjonen med utgangspunkt i Abbott sitt bidrag. Ei viktig utfordring, slik han ser det, er i kva grad profesjonen bygger på eit sjølvstendig kunnskapsgrunnlag, eller om kunnskapsbasen er kontrollert av andre. Glazer peikar på at ein konsistent læreplan og ein «signaturpedagogikk» er sentralt (ibid.). Han viser til at lærarar manglar ein systematisert, profesjonell kunnskapsbase, noko som svekker læraren si stilling overfor lekfolk. Ei liknande utfordring finn vi når det gjeld kunnskapsbasen til fôrskulelærarane. Fôrskulelærarutdanninga har vore bygd opp rundt mange små fag, og sjølv om pedagogikk har vore gjennomgåande og meir omfattande enn dei andre faga, er pedagogikkfaget i seg sjølv sett saman av fleire ulike disiplinar (psykologi, sosiologi, filosofi, didaktikk og idéhistorie). I omorganiseringa av ny grunnskulelærarutdanning vart det innført eit profesjonsfag, *pedagogikk og elevkunnskap*, som skulle ha eit særleg ansvar for integrasjon og yrkesførebuing (Haug, 2013). I den nye barnehagelærarutdanninga, gjeldande frå hausten 2013, har ein tilsynelatande gått motsett veg og innført kunnskapsområde som erstatning for fag. Pedagogikk er integrert i desse kunnskapsområda, og faget har ikkje lenger ei sjølvstendig rolle. Sjølv om pedagogikk er tillagt eit særleg ansvar for samanheng i studiet, kan det stillast spørsmål ved om utdanninga i endå større grad enn tidlegare vil kunne lide under fråveret av eit konsistent disiplinfag eller profesjonsfag som grunnlag for ein eksklusiv kunnskapsbase. Det vil truleg vere avhengig av om ein greier å skape *praktiske syntesar* (Grimen, 2008) der desse kunnskapsområda er sette saman slik at dei utgjer meiningsfulle heilskapar som peikar mot utfordringar i yrkesfeltet. Eit av måla med ei omorganisering frå fag til kunnskapsområde er at desse skal reflektere yrkesfeltet og oppdraget, og bidra til sterkare yrkesretting av utdanninga. Intensjonen er god, og så står det igjen å sjå korleis dette let seg løyse i praksis.

Korleis utdanninga har vore og er organisert vil nok ikkje vere den einaste forklaringa på utfordringar i fôrskulelæraren sin profesjonaliseringsprosess. Arbeidet sin karakter er også ein sentral faktor. I høve til utdanningsfeltet er Glazer (2007) oppteken av at lærarar i sitt arbeid manglar ei tydeleg klassifisering som kan fungere som rettesnor for arbeidet. Denne klassifiseringa kan hjelpe profesjonen til å oppretthalde kontroll over praksis og på den måten stenge lekfolk ute frå dei profesjonelle oppgåvene. Shulman (2005) viser til korleis *signature pedagogies* er sentrale i utdanning av nye yrkesutøvarar. Dette omhandlar karakteristiske former for undervisning eller læring. Gjennom slike *signature pedagogies* får novisene

innblikk i sentrale sider ved yrket, og dei vert instruerte i korleis dei skal tenke, utøve yrket og handle med integritet. Signaturpedagogikken definerer kva som vert verdsett som viktig kunnskap, og dersom denne er uteideleg, kan det skape vanskar for identitetskonstruksjonen i overgangen mellom utdanning og yrke.

Styrken i ein profesjon sin jurisdiksjon, vil vere avhengig av kor målbart resultatet av arbeidet er (Glazer, 2007). Ei utfordring for førskulepedagogikken har nettopp vore at det pedagogiske arbeidet er lite målbart, og pedagogikken vert omtalt som «usynleg» (Riksaasen & Vigeland, 1994). Østrem (2008) har studert allmennlærarar og viser til korleis desse brukar seg sjølv som reiskap i arbeidet. Ho peikar på at der ligg nokre sentrale utfordringar i at lærararbeidet i stor grad handlar om relasjonar mellom menneske og aktivitetar i dagleglivet. Dette inneber også at bakgrunnen for handlingar ofte vil vere usynleg for dei som observerer arbeidet frå utsida. Østrem hevdar at ikkje alle sider ved arbeidet nødvendigvis er synleg for læraren sjølv heller (*ibid.*). Her finn vi ein parallel til førskulelæraren sitt arbeid i barnehagen og det eg har definert som barnehagen sitt lekmannspreg. Knyter vi dette til Bernstein (Bernstein, mfl., 2001) sin teori om klassifisering, finn vi at barnehagen i endå større grad enn skulen er prega av svake innrammingar og klassifikasjonar. Riksåsen (1994) hevdar med bakgrunn i Bernstein sin teori at førskulelærarar er utdanna til å arbeide i samsvar med ein usynleg pedagogikk. Eit sentralt element i den usynlege pedagogikken er leik, og leiken har i barnehagekulturen vore den primære arenaen for læring. Læringsprosessane er i ein slik kultur ikkje retta mot spesifikk overføring av kunnskap, men meir mot «å lære å lære» (Riksaasen, 1994). Korleis denne læringa konkret skjer, er ikkje alltid like lett å synleggjere for omverda.

Ein sentral trussel mot jurisdiksjonen, er at lekfolk får tilgang til å utføre same arbeidsoppgåvane som dei profesjonelle. Glazer (2007) peikar på at bruken av lærarar som ikkje er formelt sertifiserte for yrket er ein av dei alvorlegaste truslane mot å oppretthalde ein profesjon sin jurisdiksjon. Overført til barnehagekonteksten vil overvekta av assistentar, i tillegg til stadig aukande dispensasjonar frå utdanningskravet, kunne bidra til å svekke førskulelærarprofesjonen sitt juridiske vern.

For å oppsummere spørsmålet om legitimitet og jurisdiksjon knytt til førskulelæraren si meistring av yrket, kan vi konkludere med at det juridiske vernet av førskulelærarprofesjonen vert utfordra av ei rekke tilhøve. Desse omhandlar sentrale faktorar som svak vitskapleg

kunnskapsbase, manglande eksklusivitet i tilgangen til yrket og lite målbare og synlege resultat av arbeidet.

### **3.3 Kunnskaputvikling i sosiokulturelle perspektiv**

Som eg var inne på innleiingsvis, vil kva kvalifikasjonar som er sett på som viktige vere påverka av dei krav og forventningar samfunnet stiller til barnehagen og til det mandatet forskulelæraren har fått. Den samfunnsmessige konteksten er i dette perspektivet viktig når ein studerer meistring i lys av kvalifiseringa til yrket. Det same er kulturen førskulelæraren skal utvikle den profesjonelle rolla i (Wertsch, 1991). Denne kan vere både overordna og relatert til den einskilde institusjonen, og representerer både generaliserte og individuelle forventningar til yrkesutøvinga.

Den kulturhistoriske skulen er grunnlaget for fleire retningar innanfor sosiokulturell teori. Her ser ein den menneskelege utviklinga i eit historisk perspektiv. Ein tek utgangspunkt i menneske si materielle samhandling med omverda og legg eit dialektisk perspektiv til grunn på tilhovet mellom ytre aktivitet og indre psykiske funksjonar hos menneska (Vygotskij, 2001). Nygren (2004) bygger på desse perspektiva når han knyter krava til kompetanse både til konkrete personar og til oppgåver. Dette inneber at både indre og ytre vilkår vil ha konsekvensar for profesjonsutøvaren si meistring av yrket. I det ligg det ei forståing av at både personlege og intellektuelle faktorar (indre) og den sosiokulturelle og materielle konteksten (ytre) er sentrale i kompetanseutviklinga og i yrkesutøvinga. Andre menneske, organisatoriske strukturar og kulturelle reiskaper er døme på element i den sosiokulturelle og materielle konteksten (ibid). At læring skjer i ein kontekst inneber at den er del av ein vev av integrerte element. Dette inneber at førskulelæraren sin individuelle kompetanse vert utfordra og forma i samspel med andre menneske gjennom bruk av ulike kulturelle reiskapar og innanfor organisatoriske rammer.

Innanfor sosiokulturelle teoriar generelt er andre menneske og kulturelle reiskapar eller artefakt viktige (Säljö, 2006; Wertsch, 1998). Aktiviteten må difor studerast i lys av ei historisk ramme der både samhandling og bruk av kulturelle reiskapar og teikn er sentralt. Korleis førskulelæraren oppfattar krav og forventningar til yrkesrolla vert då ein konsekvens av den politiske og barnehagehistoriske konteksten, der førskulelæraren sjølv er ein aktiv bidragsytar i sin kvalifiseringsprosess, og der dei kulturelle reiskapane er viktige i utvikling av ei profesjonell rolle.

### **3.3.1 Kulturelle reiskapar som medierande artefakt**

Kulturelle reiskapar kan vere både intellektuelle og fysiske (Säljö, 2001), og kan fungere medierande (Wertsch, 1998). Det inneber at dei kan vere til støtte i læringsprosessar. Intellektuelle reiskapar eller ressursar bidreg til meistring av mentale prosessar og støttar tenkinga (Vygotskij, 1978). Språket er ifølgje Hoel (2008) den viktigaste kollektive reiskapen vi har. Ein låner ord frå andre og legg samstundes eigen bodskap inn i det som vert uttrykt. Hoel viser korleis profesjonsutøvarar utfører arbeidet gjennom bruk av institusjonelle former for kunnskap som i stor grad er av språkleg karakter. «...å lære eit fag inneber å bli kulturalisert inn i måtar å bruke språket på som skil faget frå andre fag» (Hoel, 2008 s. 52). Sosial praksis vert påverka av språklege ytringar og språket er sentralt for å grunngje handlingar og analysere erfaringar. Det vil difor vere relevant i kva grad førskulelæraren nyttar eit profesjonsspråk med fagleg grunngjevne argument framfor eit kvardagsspråk der til dømes ein praktisk rasjonalitet dominerer.

Både utdanning og yrkespraksis har sine institusjonelle former. Slik kan sosial praksis i ein barnehage også vere påverka av kva som vert lagt vekt på i kommunikasjonen. Både abstrakte teoriar og meir konkrete hjelpemiddel i kvardagen kan utgjere medierande artefakt som kan bidra til meistring av rolla som førskulelærar. Mellom anna kan den flate strukturen i arbeidsdelinga representere ei form for menneskeskapt, medierande artefakt (Aasen, 2012) som er knytt tett opp til kulturen og bygger på felles verdiar og ideologiar. Ei etablert dagsrytme der ein gjentek dei same rutinane og aktivitetane frå dag til dag, kan på same måte fungere som eit medierande artefakt som gir støtte til den pedagogiske leiaren i organiseringa av det pedagogiske og praktiske arbeidet. Også pedagogiske teoriar kan vere til hjelp i planlegging, gjennomføring og evaluering av eit pedagogisk opplegg. Eit relevant spørsmål er om ei vektlegging av kulturelt knytte artefakt som flat struktur og manglande differensiering i arbeidsoppgåver etter utdanningsnivå, kan bidra til å svekke førskulelæraren sin profesjonelle posisjon. Dette vert utdjupa i kapittel 6.

### **3.3.2 Distribuert kunnskap**

Som profesjonell må du forhandle om posisjonen i arbeidsfellesskapet, og desse forhandlingane omfattar kva kunnskap som er gyldig (Nygren, 2004). Det kan stillast spørsmål ved om samansettjinga av personalet i barnehagen representerer ei utfordring i utvikling av ei profesjonell rolle som førskulelærar ved at den kunnskapen som dominerer er annleis enn i utdanninga. Säljö (2002) understrekar at reproduksjon av kunnskap og

ferdigheiter skjer gjennom kollektive prosessar. Den kunnskapen førskulelæraren tek med seg frå utdanninga vert forma på nytt og ny kunnskap vert utvikla gjennom samarbeidet med assistentane. Det inneber at kunnskap er distribuert mellom menneska innanfor eit fellesskap og at ulike aktørar har ulik kunnskap som er viktig for heilskapen (Dysthe, 2001). Slike forhandlingar som er omtalt ovanfor handlar om ei institusjonalisering av sosiale og kommunikative prosessar, og er sentrale for å halde ved like og utvikle kunnskapar og ferdigheiter (Säljö, 2006).

Gjennom utvikling av situerte identitetar lærer ein korleis ein skal opptre og kva som er forventa av ein i ulike samanhengar. Dette skjer gjennom interaksjon og kommunikasjon med andre. Som ny førskulelærar vil ein verte påverka av ein dominerande samfunnsdiskurs, men først og fremst av den konkrete barnehagen ein vert del av. Det er likevel viktig å framheve at førskulelæraren også er med på å forme praksis gjennom si deltaking, basert på sin kunnskap og tidlegare erfaringar. Säljö (2002) framhevar at ein i eit sosiokulturelt perspektiv ser den lærande sin eigen aktivitet som sentral for kunnskapsdanning. Introduksjonen til yrket er difor ikkje ein einvegsprosess der førskulelæraren tilpassar seg eksisterande praksis, men eit gjensidig vekselspel.

### **3.4 Kunnskapsutvikling i utdanning og yrke**

Relevant kompetanse for å mestre ei rolle må forståast både i høve til einkildpersonar og i høve til arbeidsoppgåvene eller oppdraget (Nygren, 2004). Særleg relevant finn eg det å setje fokus på den dominerande barnehagediskursen når ein studerer konteksten. Skifte i politisk dominans vil føre til at barnehagen sitt oppdrag endrar seg over tid. Dette har konsekvensar for kva som vert vurdert å vere sentrale oppgåver (Hagesæther, 2010; Steinnes, 2010). Krava til rolla vil difor også verte endra. Sentralt i barnehagediskursen vil vere kva kompetanse som vert verdsett som viktig for å arbeide med små barn, når det gjeld forventningar frå politisk nivå, samfunnet generelt og frå nære samarbeidspartar spesielt.

I avhandlingsarbeidet er tilhøvet mellom førskulelærarar og assistenter eit sentralt tema, og i artikkelen to, *Common sense or professional qualifications? Division of labor in Norwegian kindergarten*, drøftar eg om arbeidet i barnehagen er basert på sunn fornuft meir enn på profesjonell kunnskap. I dette ligg det ikkje ei oppfatning av at sunn fornuft og formell kunnskap treng å vere motsetnader, men eg stiller spørsmål ved om den sunne fornufta overstyrer profesjonell kunnskap. Utgangspunktet for spørsmålet er ei arbeidsdeling i

barnehagen som i avgrensa grad ser ut til å vere bestemt av formelle kvalifikasjonar. Det inneber at forskulelærarar og assistentar i stor grad er involverte i dei same arbeidsoppgåvene. Nygren (2004) framhevar at føresetnadene for å kunne realisere den profesjonelle kompetansen er avhengig av at viktige personar anerkjenner profesjonsutøvaren sin kompetanse og handlingar. Å få aksept for at den profesjonelle kunnskapen forskulelærarane har tileigna seg gjennom utdanning, er viktig, kan vere ei utfordring i eit felt der store delar av arbeidet liknar mykje på det som går føre seg i heimen. Både foreldre og assistentar vil kunne stille spørsmål ved utdanninga sin relevans. Forsking viser at nyutdanna manglar legitimitet når det gjeld å få aksept for at teoretisk kunnskap er viktig (Ødegård, 2011). Dersom det er slik at legitimiteten er svak, kan vi leite etter årsaker til dette både i utdanninga og i tilhøve i barnehagen som felt, slik vi finn det drøfta i artikkel fire.

Som eg var inne på innleiingsvis i teorikapitlet, finn vi innanfor paraplyen av sosiokulturelle teoriar variasjonar i synet på kva arena som er den beste for læring og kunnskapsutvikling i høve til utvikling av profesjonalitet. Spørsmålet om kva som konstituerer profesjonelle kvalifikasjonar, er drøfta av mellom anna Eraut (1994, 2007, 2010). Han hevdar at debatten om individuell og sosiokulturell kunnskap har utvikla seg til å bli lite fruktbar, ved at ein inntek svært steile posisjonar i kvar sin ytterkant. I staden for å sjå dei ulike perspektiva som gjensidig ekskluderande, viser han korleis dei kan bidra på ulike måtar i ei heilskapleg forståing av læring og kunnskapsutvikling. På same måte forsøker han å bygge bru mellom ulike læringsarenaer ved å peike på at utdanninga og arbeidsplassen bidreg til læring og kunnskapsutvikling på kvar sine måtar (Eraut, 2010). Majoriteten av læringsaktivitetar er likevel ikkje formelt lært, men innbakt i arbeidet (Eraut, 2012). Skal kunnskapen vere nyttig for praksis, må den integrerast med verdiar og ferdigheiter. Dette inneber at kunnskapsutvikling gjennom yrkesutøvinga kan få ei sentral rolle.

### **3.4.1 Individuell og kulturell kunnskap**

Eraut (2004, 2010) sitt skilje mellom individuell og kulturell kunnskap kan bidra til ei forståing av korleis kunnskapen er samansett av personlege, individuelle innsikter og erfaringar som utgjer den individuelle kunnskapsbasen, og kunnskap som er utvikla gjennom samarbeid og felles refleksjon i eit arbeidsfellesskap. Kulturell kunnskap spelar ifølgje Eraut ei nøkkelrolle i eit arbeidsfellesskap og vil vere naudsynt for å kunne realisere ein konsistent praksis (ibid.). Den kulturelle kunnskapen vil både vere systematisert (kodifisert) og personleg. Innanfor eit arbeidsfellesskap i barnehagen, vil ein utvikle felles forståingar som

påverkar måten ein utøver arbeidet på og som dels vil skilje måten ein arbeider på frå andre barnehagar. Denne kunnskapen er gjerne implisitt og tatt for gitt, slik at ein ikkje er medviten om korleis han påverkar praksis. Det er ei utfordring å kjenne igjen kunnskap som ikkje lenger er drøfta og reflektert over (Eraut, 2010). Han vert difor lett usynleg.

Ei sentral utfordring med omsyn til kunnskap lært gjennom utdanninga, er å sjå verdien av denne kunnskapen i yrket. Det handlar mellom anna om å vere i stand til å velje ut relevant kunnskap i høve til aktuelle utfordringar og forstå korleis denne kan vere til nytte. Særleg nyutdanna førskulelærarar vil trenge reiskapar for å kode om kunnskap. Kunnskapen må vidare tilpassast den nye arenaen (Eraut, 2010). Overgangen mellom utdanning og yrke vert oppfatta å vere ein viktig læringsarena (Tuomi-Gröhn & Engeström, 2003). For at kunnskap tileigna til dømes gjennom utdanninga skal vere relevant i andre kontekstar, er ei direkte overføring ikkje tilstrekkeleg. Diskusjonen omkring ulike kunnskapsformer og arenaer for kunnskapsutvikling og læring aktualiserer difor spørsmålet omkring rekontekstualisering av kunnskap. I to av artiklane har Bernstein sine omgrep horisontal og vertikal diskurs vore nytta, relaterte til ulike former for kunnskap. Sjølv om Bernstein gjerne vert plassert innanfor ein tradisjon av sosial realisme (Young, 2008), har eg funne omgropa nyttige for å klargjere skiljet mellom ulike former for kunnskap. Horisontale diskursar speglar ei form for daglegdags kunnskap, eller «common sense» som Bernstein sjølv omtalar det (Bernstein, 1996). Denne kunnskapen er knytt til bestemte kontekstar, og verdien av kunnskapen i nye kontekstar kan vere avgrensa. Kva form for horisontal kunnskap som vert utvikla og vektlagt i dei ulike barnehagane, vil såleis variere. Vertikale diskursar viser til kodifisert, teoretisk kunnskap. Denne kunnskapen kan bidra til danning av ein profesjonell base, men den kan ikkje omsetjast direkte til praktisk handling (Heggen & Smeby, 2012). For at slik kunnskap skal vere meiningsfylt i det daglege arbeidet, må den igjennom ein prosess der den vert omforma eller *rekontekstualisert*. Van Oers (1998) sine omgrep vertikal og horisontal rekontekstualisering av kunnskap er nyttige for å synleggjere ulike element i denne omforminga. Den horisontale rekontekstualiseringa handlar om å utføre oppgåver ein har øvd på tidlegare i nye samanhengar, til dømes at ein har øvd på eit dramaopplegg i utdanninga som ein seinare har nytte av i arbeid med borna i barnehagen. I vertikal rekontekstualisering kan teoriar lært i ein kontekst danne grunnlag for handling i ein ny kontekst. Dette kan bidra til ny innsikt og styrkt refleksjon over etablert praksis. Dersom førskulelæraren nyttar teoriar frå dramaundervisning i utdanninga som grunnlag for inspirasjon og planlegging av

dramaaktivitetar i barnehagen, kan dette vere eit uttrykk for vertikal rekontekstualisering.

Begge formene for rekontekstualisering gir nye erfaringar og kan føre til ny læring.

### **3.4.2 Kunnskapsutvikling på arbeidsplassen**

Det er lite realistisk å tru at nyutdanna førskulelærarar skal ha lært alt dei treng å kunne gjennom utdanninga. Arbeidsplassen vert difor ein viktig arena for kunnskapsutvikling. Eraut (2010, 2012) sine studiar viser at læring på arbeidsplassen er uformell og i liten grad planlagd. Læringa veks ut av krav og utfordringar i arbeidet. Ein grunnleggande føresetnad for vidare læring er at ein får tilbakemeldingar og støtte i slike prosessar, ifølgje Eraut (2010, 2012).

“The key factors supporting such informal learning are the appropriate levels of challenge and support, confidence and commitment, and personal agency” (Eraut, 2012, s. 21). Ei utfordring for førskulelærarar kan vere kvar dei skal hente denne støtta frå, og om dei har den naudsynte faglege tryggleiken (Ødegård, 2011). Læring på arbeidsplassen føreset ifølgje Eraut (2012) vidare at der er tid og rom for hyppige diskusjonar med kollegaer. Dette kan vere ei utfordring i barnehagekvardagen dersom faglege drøftingar vert prioriterte ned og praktiske oppgåver trengjer seg på (Enehaug, mfl., 2008; Gustumhaugen, 2013; Nørregård-Nielsen, 2006).

Wenger (2008) framhevar at det å hevde sin kompetanse er ulikt fordelt i eit personale, og at å ha makt i eit fellesskap er sentralt for å ha innflytelse på det som blir lært. Den som har makt, har også innflytelse på samspelet mellom kompetanse og oppleving, og difor er den sosiale karakteren på fellesskapet viktig for kvaliteten på læringa. På same måte som Eraut skildrar personleg og kulturell kunnskap, framhevar Wenger (2008) at læring er ein interaksjon mellom sosialt definert kompetanse og personleg oppleving. Wenger lanserte saman med Lave omgrepet *legitim perifer deltagelse*, og dei har vore opptekne av å formidle at læring primært skjer gjennom deltaking i praksisfellesskap (Lave & Wenger, 1991). Lave og Wenger har i liten grad vore opptekne av utdanninga som læringsarena, men kommenterer at læringa som skjer gjennom utdanning, i avgrensa grad kan overførast til relevante yrkesarenaer.


Læring gjennom utdanninga er primært læring for eksamen (ibid.). Generelt er dei kritiske til at kunnskap utvikla i ein kontekst kan overførast til ein annan, sidan all læring er situert. Når deltakinga vert skildra som perifer og samstundes legitim, er det uttrykk for at det å vere ny i eit praksisfellesskap gir rom for å vekse inn i oppgåvene i fellesskapet utan at dette vert sett på som noko negativt. Tvert imot kan ein som ny også bidra til kunnskapsutvikling gjennom forhandlingar i felles praksis (Wenger, 1998). Slik sett gir perspektivet eit positivt bidrag, ved at ein ser nykomaren som ein viktig bidragsytar, samstundes som det vert gitt rom for å prøve

og feile utan for store konsekvensar. I høve til barnehagen som praksisfellesskap kan det likevel reisast nokre innvendingar. Den første handlar om at dei fleste nyutdanna førskulelærarar må tre inn i leiarstillingar, enten som pedagogisk leiar eller styrar. Dei må difor ta eit særleg ansvar for kva som skjer i praksisfellesskapet. Den andre innvendinga er knytt til samansetjinga av personalet og kva konsekvensar det kan ha for førskulelæraren sin autoritet og maktposisjon å ta ei perifer rolle. Desse spørsmåla vert drøfta seinare.

### 3.5 Systemperspektiv på kvalifisering

Konstruksjonen av profesjonell kompetanse og ekspertise vil ha ulike dimensjonar. Den inneheld ein personleg dimensjon, den har basis i spesifikk kunnskap om feltet og vert påverka av den aktuelle arbeidsstaden. Utøvinga av yrket skjer innanfor ein dynamisk heilskap der samspelet mellom individet og omverda er sentralt, slik det er gjort greie for i kapittel 3.3. Som utgangspunkt for MAFAL-prosjektet var det nytta ein modell av Munthe (2007) som grunnlag for å analysere og forstå prosessane i overgangen mellom utdanning og yrke.

Figur 1. Faktorar som påverkar kvalifiseringa til læraryrket



Faktorar som påverkar kvalifiseringa til læraryrket (Haug, 2010, s. 12)

Modellen ovanfor er ein omarbeidd versjon av Munthe sin originale modell (Haug, 2010) og framhevar at kvalifiseringa for yrket og kvaliteten på yrkesutøvinga er ein konsekvens av *kven* som blir rekruttert inn i utdanninga, av forhold i *utdanninga* og av forhold i den aktuelle *barnehagen* førskulelæraren arbeider i. Kvalifiseringa har konsekvensar for opplevinga av møtet med yrket og samstundes er dette også ein kvalifiseringsarena. Førskulelæraren si meistring av yrket, oppfatning av rolla og av eigne kvalifikasjonar for å utføre eit profesjonelt

arbeid, vil vere avhengig av dei erfaringar ein har gjort på ulike arenaer. Ulike studentar vil møte utdanninga med ulike erfaringar som vil ha innverknad på korleis dei tek opp i seg utdanningsinnhaldet, slik det mellom anna vart gjort greie for i kapittel 1.2. Vidare vil det vere sentralt korleis dei vert møtte og korleis dei sjølve møter yrkesarenaen.

### **3.5.1 Rammefaktorteori**

Den rammefaktorteoretiske tilnærminga som er nytta i artikkel fire; *Consequenses of staff composition in Norwegian kindergarten* kan representera eit supplement til Munthe sin modell, presentert ovanfor (Haug, 2010). Utgangspunktet for teorien var forsking på undervisning i den svenske grunnskulen. Dette danna grunnlag for utvikling av ein teoretisk modell der ein forsøkte å analysere korleis sosialt samspel og kulturelle og materielle tilhøve konstituerte ein faktisk røyndom. Pedagogisk handling skjer innanfor bestemte grenser eller rammer som læraren må tilpasse seg (Lundgren, 1984). Ein tek utgangspunkt i kva som faktisk er mogleg, og skil mellom faktorar som lærarar og elevar har kontroll over og rammer som ikkje kan manipulerast (Lundgren, 1984). Eit sentralt poeng er at rammene ikkje berre er avgrensande, men dei kan også gi rom for endringar baserte på medvitne val frå læraren si side. Sjølv om teorien vart utvikla i tilknyting til spørsmål omkring korleis undervisningspraksis vart forma av dei vilkåra skulen som organisasjon gir, har den overføringsverdi til barnehagekonteksten. Vi har difor i artikkel fire prøvd å forklare og forstå arbeidsdelinga i barnehagen med støtte i denne teorien. Her vert arbeidsdeling og synet på relevant kunnskap og kompetanse vurdert i lys av dei rammene barnehagen som organisasjon og førskulelærarprofesjonen er påverka av. Rammefaktorteorien konkretiserer desse rammene og gir tilgang til overordna forklaringar, som kan supplere dei andre perspektiva og løfte blikket frå førskulelæraren som individuell aktør.

Omgrepet *organisatorisk ramme* viser til fysiske og administrative rammer som set grenser for aktiviteten i skulen eller barnehagen (Dahllöf, 1967). Lundgren (1994) inkluderte seinare også juridiske rammer og pedagogiske rammer, dei siste hovudsakleg knytte til læreplan. Ulike rammevilkår avgjer kva faktorar som er særleg verksame og kva effekt dei får, på same tid som rammevilkåra opnar for kva som vil vere mogleg. Lundgren skildrar korleis rammefaktorane også regulerer kva som vert den dominerande diskursen ifeltet. Kva det blir snakka om er bestemt av *læreplanen* og tekster relaterte til denne, av *juridiske reglar* og av *fysiske rammer*, hevdar Lundgren (1984). I artikkel fire viser vi korleis desse tre overordna rammesistema delvis grip inn i kvarandre og at personalet sin kompetanse er assosiert med

alle tre. Korleis forskulelæraren sin kompetanse vert verdsett vil i lys av dette perspektivet vere avhengig av faktorar innanfor dei ulike systema, men også av kva mulegheiter forskulelæraren ser for si eiga utvikling innanfor rammene (Steinnes & Haug, 2013). Dermed vert både strukturelle faktorar og samhandling mellom ulike aktørar viktige. Eit døme på ei sentral ramme relatert til forskulelæraren sitt handlingsrom og til den profesjonelle utviklinga, kan vere forholdstalet mellom forskulelærarar og assistentar. Vidare kan det at Rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2011b) i liten grad differensierer mellom ulike yrkesgrupper i omtalen av måla for barnehagen si verksemd, vere eit døme på at læreplanen styrer den dominante diskursen.

### 3.6 Kort oppsummering

I teorikapitlet har eg presentert og utdjupa teoretiske perspektiv som også har danna grunnlag for dei fire artiklane. Teorigrunnlaget baserer seg på tre hovudområde; kunnskapsutvikling og kvalifisering i eit sosiokulturelt perspektiv, eit systemperspektiv og eit profesjonssosiologisk perspektiv. Fokuset er retta både mot korleis ulike arenaer kvalifiserer til profesjonell praksis og på utfordringar i kvalifiseringsprosessen. Systemperspektivet, slik det er nytta her, relaterer seg til dei to andre perspektiva ved at det gir ei overordna ramme for forståing av dei vilkåra forskulelæraren står i. Sjølv om det ikkje vil vere mogleg å gjøre klare skilje mellom perspektiva sin relevans inn mot forskingsspørsmåla, bidreg det sosiokulturelle perspektivet primært i utforsking av spørsmålet om kunnskapsbasen (spørsmål 1), medan profesjonsteori er særleg nyttig i ei drøfting av forskulelæraren si profesjonsutøving og utfordringar i profesjonaliseringssprosessen (spørsmål 2). Dei teoretiske perspektiva vert nytta som reiskap i analysar og drøfting av det empiriske materialet og som grunnlag for innsikt i kva som kan konstituere viktige utfordringar for forskulelæraren i kvalifiseringsprosjektet. Kjerneomgrepene frå sosiokulturell teori som vert tatt opp igjen i kapittel 6, er kulturelle reiskapar og distribuert kunnskap. I dette ligg det også ei drøfting av individuell og kulturell kunnskap, slik vi finn denne presentert hos Eraut (2010). Frå profesjonsteori er omgrepene profesjonalisering, jurisdiksjon og legitimitet sentrale. I tillegg er omgrepene relaterte til problemstilling og tema for avhandlinga utdjupa innleiingsvis for å klargjøre mi forståing av desse. Dette gjeld omgrepene kompetanse, meistring, rolle og identitet. Desse perspektiva dannar eit bakteppe for analyse og drøfting, men vil ikkje vere nytta som analysereiskap på same måte som dei overordna teoretiske perspektiva.

## 4.0 Metodologiske val og vurderingar

Artiklane i avhandlinga bygger på ulike datakjelder, frå intervju med einskildpersonar og fokusgruppeintervju til surveyundersøkingar, og avhandlinga har såleis eit fleirmetodisk eller *multiple methods design* (Morse, 2010). Den første artikkelen bygger på intervju med nyutdanna førskulelærarar i kombinasjon med materiale frå StudData-basen<sup>14</sup>, innsamla og administrert av Senter for profesjonsstudier ved Høgskulen i Oslo og Akershus, og datamateriale frå MAFAL-prosjektet<sup>15</sup>, omtala som «FluData». Artikkel nummer to og fire bygger på «Flu Data» aleine, medan grunnlaget for artikkel tre er individuelle intervju og fokusgruppeintervju av studentar i siste semester av si førskulelærarutdanning. Figur 1 gir ein oversikt over datakjelder i dei ulike artiklane.

Tabell 1. Datakjelder for dei ulike artiklane

| Artikkel   | Datakjelde                                   | Informantar   |
|--|--|---|
| 1 Frå utdanning til yrke. Førskulelæraren som profesjonell aktør                 | StudData, FluData, intervju                  | Førskulelærarar i ulike fasar i arbeidslivet          |
| 2 Common sense or professional qualifications? Division of labor in kindergarten | FluData                                      | Førskulelærarar og assistentar                        |
| 3 Frå assistent til førskulelærar  | Individuelle intervju og fokusgruppeintervju | Førskulelærarstudentar i siste semester av utdanninga |
| 4 Consequences of staff composition in Norwegian kindergarten                    | FluData                                      | Førskulelærarar og assistantar                        |

Målsetjinga var i utgangspunktet å hovudsakleg basere avhandlinga på kvantitative data, men undervegs i prosessen oppstod behovet for å undersøke kva som låg bak tala for å få ei djupare innsikt i nokre av dei aktuelle spørsmåla. Særleg omhandla dette spørsmål om korleis utdanninga hadde bidrige til kunnskapsutvikling og korleis dette påverka førskulelæraren sitt arbeid. Dei kvantitative data gav ikkje tilstrekkeleg grunnlag for konklusjonar om dette, og

---

<sup>14</sup> <http://www.hioa.no/studdata>

<sup>15</sup> <http://www.hivolda.no/nyn/hivolda/forsking-og-utvikling/forsking-og-utvikling/utdanningsforskning/mafal/mafal>

intervju kunne slik vere ein måte å belyse resultata frå spørjeundersøkinga på som gav eit breiare grunnlag for tolking.

Valet av eit fleirmetodisk design inneber at eg har gjort nytte av ulike tradisjonar som kan ha motstridande epistemologiske utgangspunkt, og dei bidreg med ulike kunnskapsaspekt (Fossåskaret, 1997). Det har difor vore viktig å vere merksam på at grunnlaget for metodane er ulike og at dei på kvar sin måte har si sjølvstendige tilnærming til forskingsspørsmåla.

#### 4.1 Vitskapsteoretisk ramme

Grunnlagsforståinga i arbeidet med datamaterialet har vore at dette ikkje gir tilgang til absolute sanningar og kausale forklaringar, men at det må konstruerast ei forståing av materialet både gjennom interaksjon med sentrale aktørar og gjennom teoristudiar. I sosial konstruktivisme inneber kjernelementa at røyndomen vert konstruert og skapt på nytt gjennom interaksjon og samhandling mellom menneske (Berger & Luckmann, 2000). Det inneber også at samfunnskonteksten og det eg har omtala som ein overordna diskurs, er eit viktig bakteppe for forståing. Dei funna ein gjer, må analyserast og tolkast i lys av den aktuelle historiske perioden, av teoretiske perspektiv og av forskaren sine verdiar (Ringdal, 2013).

Intervju, og kanskje i særleg grad fokusgruppeintervju, vert gjerne naturleg plasserte innanfor ei slik sosialkonstruktivistisk ramme der formålet er å konstruere ny kunnskap i samspel med informantane (Holstein & Gubrium, 2011; Jóhnsdóttir, 2012; Kamberelis & Dimitriadis, 2011a). Ein hentar ikkje først og fremst inn data, men ein skaper mening gjennom interaksjon. Spørjeskjema som vert handsama statistisk, vert i større grad oppfatta å produsere faktakunnskap gjennom kvantifisering og ei «objektivisering» av prosessen (Kamberelis & Dimitriadis, 2011a; Kleven, 2011a). Karimbelis og Dimitriadis (2011a) skil mellom ei fortolkande tilnærming til forsking og *hard science* der kunnskap og realitetar er gitte storleikar (s.546). Dette klare skiljet mellom tradisjonar er diskutert. Eit grunnleggande skilje mellom dei to tradisjonane gjeld likevel nærleiken til prosessen i sjølve innsamlinga av data, og at skiljet mellom innsamlingsprosess og forskingsprosess er mindre ved til dømes intervju enn ved bruk av spørjeskjema.

Det er ulike oppfatningar av kva rolle forskaren sin subjektive posisjon spelar (Kleven, 2011a). Relatert til ei sosialkonstruktivistisk forståing vil forskaren sin posisjon ha innverknad

også ved bruk av kvantitative data, sjølv om nokre vil åtvare mot å trekke forståinga av sosialkonstruktivisme for langt (Holstein & Gubrium, 2011). Det kan argumenterast for at også slike data i ei viss forståing er konstruerte, gjennom formulering og val av spørsmål, av utvalet menneske som svarar på skjemaet og gjennom forskaren som analyserer og tolkar data og deretter presenterer si forståing av desse. Erfaringane frå MAFAL-prosjektet viser at forskrar med ulik bakgrunn har lagt ulike tolkingar i analysar av materialet. Forskarar med primærerfaringar frå arbeid i barnehage kan ha andre forståingar enn dei som står på utsida av feltet. I staden for å sjå dette som eit problem, kan det bidra til å skjerpe det kritiske blikket og til å utvikle nye forståingshorisontar.

Konteksten og forskaren sin posisjon har, slik eg ser det, relevans i analysar av både kvalitative og kvantitative data, og det kan difor identifiserast nokre felles kjernekjelde ved dei ulike tilnærmingane. Forskaren sin bakgrunn og posisjon er altså ein viktig faktor i forskingsprosessen. Eg vel difor å starte med nokre refleksjonar rundt tradisjonar i barnehageforskinga i Noreg og min eigen posisjon i dette feltet.

## 4.2 Tradisjonar i barnehageforskinga i Noreg

Når eg i utgangspunktet planla avhandlinga som eit hovudsakleg kvantitativt prosjekt, var det med ein tanke om at forsking basert på kvantitative data var nødvendig for å belyse barnehagefeltet ut over det som har vore gjort tidlegare. Avgjerda har møtt både indre og ytre motstand. Den ytre motstanden handlar om forventningar og haldningar blant delar av miljøet som forskar på barnehage i Noreg, som stiller spørsmål ved kva kvantitative data kan bidra til for utvikling av barnehagefeltet. På eit seminar om etikk i forsking hausten 2010, initiert av forskingsrådet, vart det av fleire innleiarar framheva at barnehageforskinga må vere *praksisnær* for å vere praksisretta. I dette låg det ei klart uttrykt oppfatning om at ein som forskar på barnehageområdet må vere tett på praksis og difor *fysisk til stades* i praksisfeltet. Bruk av spørjeskjema for å hente inn data vart kritisert for å vere på avstand frå barnehagen og tradisjonane der, og dermed heller ikkje eigna til å bidra med relevant kunnskap for å utvikle og opplyse feltet. Det vart også peika på at spørjeskjema gir avgrensa informasjon ved at vi berre får tak i intensjonsplanet hos informantane, og det vart difor stilt spørsmål ved om kunnskapen er gyldig. For å vite kva informantane faktisk gjer, må vi ut og studere *handling*, vart det hevda. Slik ytre motstand har eg også møtt når eg har presentert resultat frå prosjektet i ulike samanhengar. Den indre motstanden botna i at eg sjølv gjennom ulike

arenaer har vore knytt til barnehagefeltet, og er påverka av tradisjonen frå innsida (Kvernbeck, 2005; Paulgaard, 1997).

Kunnskapoversikter over norsk barnehageforskning (Borg, mfl., 2008; Gulbrandsen, Johanson & Nilsen, 2002) peikar på at det eksisterer lite forskingsbasert kunnskap om innhaldet i barnehagen og at forskinga har vore fragmentert. Dei kvalitative metodane har dominert innanfor barnehagefeltet, og den mest vanlege forma for barnehageforskning i Noreg har over tid vore feltarbeid og observasjon med påfølgjande kvalitativ analyse (Borg, mfl., 2008; Gulbrandsen, mfl., 2002). Det epistemologiske utgangspunktet for slike studiar har gjerne hatt fokus på intersubjektiv kunnskap, der formålet med feltarbeid har vore å utvikle feltet gjennom å vere aktivt til stades.

Val av forskingsdesign har truleg hatt samanheng både med ideologi og økonomi, sidan ekstern finansiering av store barnehageprosjekt er av nyare dato. Det er mogleg at den ideologiske rasjonaliteten som eg viste til i innleiinga, også har konsekvensar for metodologiske val i forskinga. Ifølgje Little (1991) er metodologisk pluralisme ikkje berre mogleg, men også ønskjeleg i samfunnsvitskapleg forsking. Behovet for forsking som gir eit større bilet er påtrengande, og her har MAFAL-prosjektet ein viktig funksjon. Dei store, kvantitative forskingsprosjekta er viktige for å få eit meir overordna blikk på innhaldet og organiseringa i barnehagen. Det er behov for forsking basert på kvantitative data for å ramme inn meir avgrensa kvalitative prosjekt, og barnehagefeltet vil truleg tene på ei allsidig metodologisk tilnærming.

Motsetnader mellom ulike tradisjonar er kjende, ikkje berre i barnehageforskning. Metodologisk monoteisme inneber at ein avviser alternative framgangsmåtar og metodar. Positivismestriden på 1960- og 70-talet vert av Grimen (2002) omtalt som ein grunnlagsdebatt som drøfta føresetnadene for samfunnsvitskapane og med utgangspunkt i ein motstand mot tanken om «unity of science» (s. 65). I denne «einskaplege vitskapen» låg ei oppfatning av at det ikkje er grunnleggande skilje mellom vitskapane, noko motstandarane protesterte mot. Striden omfatta også kritikk mot kvantitative metodar. Dette botna i ei oppfatning av at kvalitative metodar var meir tilpassa samfunnsvitskapen, med menneske si handling som sentrale forskingstema (Ringdal 2007). Denne kritikken finn vi framleis blant aktørar i barnehageforskninga, som eg tidlegare var inne på. Tranøy (1986) viser til det ideologikritiske aspektet i forsking, og at om ein forskar nyttar metodar som ikkje blir aksepterte av kollegaer,

inneber det at forskaren må forsvere seg med adekvate argument. At ein metode kan vekke forargning, slik Tranøy skildrar det, kan ha samanheng med ideologiske spørsmål og kva slags metodar som er vurdert som legitime innanfor feltet. Dette gir gjenklang i høve til eige arbeid. Eg må argumentere for bruken av kvantitative metodar i eiga forsking, når eg drøftar denne med andre forskrarar på barnehagefeltet. Mange av dei som driv barnehageforskning, har bakgrunn som forskulelærarar. Ei særleg utfordring kan då vere at ein er sterkt sosialisert inn i ein tradisjon med kunnskapsteoretiske, ontologiske og metodologiske preferansar som gir særlege føringar.

Guba og Lincoln framhevar at spørsmålet om metode er sekundært til spørsmålet om paradigme, som dei skildrar som ... *a set of basic beliefs* som representerer ...*a worldview that defines ...the nature of the world, the individuals place in it and the range of possible relationships to that world and its parts...* (Guba & Lincoln, 2005, s.107). Paradigmet styrer forskaren ontologisk og epistemologisk, og val av metode er ein konsekvens av eit bestemt ontologisk og epistemologisk utgangspunkt. Forskingsparadigmet definerer kva som ligg innanfor grensene for legitim forsking. I kva grad metoden kan gi svar på aktuelle spørsmål er avhengig av utgangspunktet. Guba og Lincoln (2005) framhevar at det metodologiske spørsmålet ikkje må reduserast til eit spørsmål om val av metode. Metoden må passe inn i ein metodologi som er bestemt på førehand og er del av ein større heilskap. Forskaren si plassering i synet på til dømes barn si utvikling og læring kan ha konsekvensar for dei konkrete metodar som vert valde i barnehageforskinga. Val av kvalitative metodar heng då saman med eit grunnleggande teorisyn. Dette kan vere prega av oppfatningar om kva som skal vere barnehagen sin eigenart, der omsorg og nærliek vert framheva som sentralt. Desse oppfatningane kan ha innverknad på kva ein ser som tenlege metodar i forskinga, og bruk av kvantitative metodar kan oppfattast som å bryte med barnehagen sin ideologi. Dersom denne forklaringa stemmer, kan ein stille spørsmål ved om det er i strid med det vitskaplege grunnlaget i barnehageforskinga å trekke på kvantitative metodar i forskinga. Svaret vil vere avhengig av kva posisjon ein tek.

Ringdal (2013) viser til at valet mellom ulike forskingsstrategiar kan vere resultat av kva som er oppfatta å vere mest nyttig, eller basert på eit særskilt vitskapsfilosofisk standpunkt. I dag er det vanleg å sjå pragmatisk på val av forskingsstrategi. Problemstillinga og forskaren sin kompetanse påverkar valet, og ulike forskingsstrategiar kan vere gyldige til same tid (ibid.).

Dette inneber aksept for metodologisk pluralisme, og ei oppfatning av at ulike metodar kan vere haldbare og gyldige (Kleven, 2011a). Eit slikt val betyr ikkje at ein manglar eit vitskapleg grunnlag, men at ein kombinerer strategiar med utgangspunkt i kva som er mest tenleg. Kleven framhevar at det er grunn til å gjere val på bakgrunn av kva metoden kan tilby i forhold til problemstillinga, meir enn å velje på reint vitskapsfilosofisk grunnlag (*ibid.*). Det krev at ein kan frigjere seg frå ideologiske dogme. Som del av barnehagetradisjonen gjennom mange år som forskulelærar og seinare som lektor i førskulelærarutdanninga, er eg personleg prega av desse dogma. Å velje eit kvantitatittivt design møtte difor noko indre motstand som måtte handsamast, samtidig som det gav ein kritisk distanse som er særleg viktig for ein *insider* (Kvernbekk, 2005).

Ein kvar forskar har sin personlege biografi som påverkar korleis ein forstår verda rundt seg (Denzin & Lincoln, 2005). Det at forskaren har kjennskap til miljøet han eller ho studerer, kan vurderast på ulike måtar. *På den ene siden kan forskeren forstå informantens situasjon, og forskerenes erfaringer kan bidra til å bekrefte den forståelsen hun eller han utvikler. På den andre siden kan forskeren overse nyanser som ikke er i samsvar med egne erfaringer* (Thagaard, 2010, s. 181). Når du er sosialisert inn i eit felt og identifiserer deg med dette, kan det vere ei utfordring å unngå å vere normativ. Tolkingar kan vere prega av oppfatningar av kva som er ønskjelege tilstandar i feltet, med manglande objektivitet som mogleg resultat. Dette har vore ei utfordring eg har vore medviten om gjennom heile prosessen, og eg har difor nytta ulike fora for å presentere og drøfte resultat og tolkingar undervegs for å styrke det kritiske blikket på forskinga. Fullstendig objektivitet vil truleg vere umogleg, og førestellinga om vitskapleg kunnskap som noko objektivt og «avpersonifisert» blir problematisert av mellom andre Paulgaard (1997). Som forskar vil ein uansett stå i ein tradisjon som bidreg til ei eller anna føreforståing. Er ein medviten om denne føreforståinga, treng den ikkje vere ei feilkjelde, men heller ein føresetnad for innsikt. Gjennom arbeidet med utvikling av spørjeundersøkinga og med intervjuha har eg sett det som ein styrke at eg har erfaring frå feltet gjennom ulike posisjonar, og det har gitt eit godt grunnlag for å vite kva spørsmål det var viktig å stille. Det har også vore ein styrke å kjenne innhaldet i sentrale omgrep i barnehagekvardagen, og min bakgrunn gav legitimitet i intervjurunden.

## 4.3 Kvantitative metodar

To av artiklane er baserte på materiale frå FluData aleine, medan ein artikkkel kombinerer data frå StudData, FluData og intervju. Eg vil i det følgjande gjere kort greie for dei kvantitative databasane og korleis desse har vore nytta i avhandlinga.

Den første artikkelen var naturleg nok skriven tidleg i avhandlingsløpet og her vart det nytta intervjuemateriale frå ein tidlegare studie (Steinnes, 2007), kombinert med data frå den longitudinelle databasen StudData<sup>16</sup> og FluData. Det var nytta berre avgrensa materiale frå StudData, og spørsmåla som var undersøkte, handla om i kva grad nyutdanna førskulelærarar opplevde å få opplæring og rettleiing i yrket<sup>17</sup> (spørsmål 22 SD1-3). Data var henta frå ein rapport av Caspersen og Frøseth (2008) og ga tilgang til kunnskap vi ikkje fekk gjennom FluData.

### 4.3.1 FluData

Denne undersøkinga vart send ut til ei representativt utval av 1000 norske barnehagar våren 2009, og var utarbeidd av ei gruppe forskrarar frå Høgskulen i Volda og Høgskolen i Oslo<sup>18</sup>, senter for profesjonsstudier. Når fleire skal samarbeide om utvikling av spørjeskjema, er det ei utfordring at skjemaet kan bli for omfattande om alle skal få dekt sine tema. Samstundes krev slike forhandlingar at ein er medviten om formålet med spørsmåla og må argumentere for å få plass til desse, noko som kan gjøre arbeidet meir målretta. Vi ser likevel i ettertid at andre viktige spørsmål kunne ha vore stilte. Spørsmåla i surveyen bygde delvis på StudData, og formålet var å kunne samanlikne våre tverrsnittsdata med longitudinelle data. I arbeidet med spørjeskjemaet nytta ein også tidlegare undersøkingar frå barnehagefeltet som grunnlag for samanlikning (Løkken, 1992; Nafstad, 1976). Her var ein særleg oppteken av å kunne studere ei eventuell utvikling og endring i førskulelærarar si oppfatning av førskulelærarrolla frå 1970-talet og fram til i dag.

---

<sup>16</sup> StudData er eit samarbeidsprosjekt der elleve høgskular og universitet deltek og den omfattar tjue profesjonar/profesjonsutdanninger. StudData har ulike panel og fasar. Materialet som var nytta i artikkelen er henta frå panel 1, fase 3 der førskulelærarar utdanna frå Høgskolen i Bergen, Høgskolen i Oslo og Høgskulen i Volda svarte på spørjeskjemaet tre år etter fullført utdanning. Svarprosenten var på 55 og omfatta 121 respondentar.

<sup>17</sup> «Hva slags opplæring har du fått etter at du begynte i din nåværende jobb?»

<sup>18</sup> No Høgskolen i Oslo og Akershus

Styrarane i kvar barnehage vart bedne om å distribuere spørjeskjemaet til minimum ein og maksimum tre av både assistenter og pedagogiske leiarar/førskulelærarar<sup>19</sup>. Desse vart i spørjeskjemaet bedne om å svare på spørsmål om ulike sider ved arbeidet i barnehagen og om oppfatningar omkring kompetanse for arbeid med små barn. Skjemaet hadde identiske spørsmål til assistenter og førskulelærarar, slik at dei gir grunnlag for samanlikning mellom gruppene. I undersøkinga fekk vi svar frå ca. 58 % av barnehagane som hadde fått tilsendt spørjeskjemaet. Av informantane var 1192 pedagogiske leiarar og 1357 assistenter frå 576 barnehagar. I analysane har eg berre nytta data frå pedagogiske leiarar med førskulelærarutdanning og talet på informantar vert difor 998 i denne gruppa. Sidan vi ikkje har oversikt over det totale talet på tilsette i dei utvalde barnehagane, veit vi ikkje noko om svarprosent i høve til gruppene av respondentar. Det kan vere ei utfordring i tolkinga av resultata at ein ikkje har innsikt i korleis utvalet av informantar er gjort innanfor kvar barnehage. Når styrarane fekk ansvar for å rekruttere deltakarar i undersøkinga, må vi ta høgde for at dei ville velje stabile og motiverte arbeidstakarar (Løvgren & Gulbrandsen, 2012). Ein indikasjon på dette er at prosenten utdanna fagarbeidarar er høgre i vårt materiale enn i populasjonen. Det inneber at vi ikkje veit om vi har representative utval. Det er også eit poeng at styrarane har hatt større fridom i valet av assistenter enn av pedagogiske leiarar, sidan assistentane er dobbelt så mange (Friis, 2014). I ein del av barnehagane vil styrar ikkje hatt fridom i det heile med omsyn til val av pedagogar.

#### **4.3.1.1 Spørsmålsutval og analysemetodar**

Når det gjeld metodar for analysar av materialet frå FluData, har det hovudsakleg vore nytta frekvensanalysar og deskriptiv statistikk i artiklane i avhandlinga. Signifikansnivå og i kva grad tala representerer eit gjennomsnittsnivå er markert i presentasjon av data i artiklane. Det kan innvendast at meir avanserte metodar kunne ha vore tenlege, men vurderinga var at frekvensanalysar gav svar på dei spørsmåla ein stilte. Formålet har vore å få fram informasjon om korleis førskulelærarar og assistenter oppfatta ulike sider ved arbeidet for å danne seg eit overordna bilet av dette. I dette ligg det ei forståing av at avhandlinga har eit beskrivande og drøftande formål meir enn å legge vekt på eintydige årsaksforklaringsar.

---

<sup>19</sup> Nokre av dei pedagogiske leiarane i materialet hadde dispensasjon frå kravet om førskulelærarutdanning. Desse er ikkje med i analysane som artiklane bygger på.

Spørsmål som har vore analyserte gjennom deskriptiv statistikk og frekvensanalysar i artikkel ein, *Frå utdanning til yrke. Førskulelæraren som profesjonell aktør?* er om førskulelærarane opplever å få systematisk opplæring for å vidareutvikle seg som førskulelærar, og i kva grad dei får rettleiing i arbeidet (spørsmål 15, vedlegg 1). Vidare er data på spørsmålet om kva kompetanse førskulelærarane ser på som særleg viktig for å gjere ein god jobb i barnehagen (spørsmål 13) analysert.

I artikkel to, *Common sense or professional qualifications. Division of labor in kindergarten*, er det gjennomført frekvensanalyse av svara på spørsmålet om kor mykje tid assistentar og førskulelærarar opplever å bruke på ulike oppgåver i barnehagen (spørsmål 9).

Frekvensanalyse er også gjennomført på spørsmålet om kva oppgåver dei er involverte i (spørsmål 8), og om desse oppgåvene høver best for førskulelærarar, for assistantar eller for begge grupper (spørsmål 19). Når det gjeld oppgåver som i særleg grad er relaterte til alder på barnegruppa («5-årsklubb» og «skifte bleier»), var det viktig å fjerne dei som ikkje arbeidde med barn i relevant alder frå datagrunnlaget. Spørsmål 13 er analysert også i denne artikkelen, men her er det gjort samanlikningar mellom førskulelærarar og assistantar og resultata er analyserte i høve til erfaring som ny variabel. Vurdering av eigen kompetanse (spørsmål 14) tek utgangspunkt i eit batteri på totalt 19 items (vedlegg 3). Desse dannar utgangspunkt for konstruksjon av tre indeksar; praktisk kunnskap, relasjonell kunnskap og teoretisk kunnskap. Grunnlaget for indeksane var ei vurdering av kva items som høyrd naturleg saman, og er basert både på forskaren sine vurderingar og andre prosjekt som har gjort liknande konstruksjonar (Smeby & Vågan, 2008). Artikkel fire, *Consequences of staff composition in Norwegian kindergarten* har, som artikkel to, gjennomført frekvensanalysar av spørsmål 8, 9 og 13 (sjå ovanfor).

#### **4.3.1.2 Vurdering av FluData**

Det er ei generell utfordring ved bruk av spørjeskjema at ein ikkje har kunnskap om korleis informantane har tolka innhaldet i spørsmåla og at dei kan ha mistydd kva det er spurt om. For å sikre at vår intensjon med spørsmåla i størst mogleg grad harmonerte med informantane si tolking, vart spørsmål og sentrale omgrep drøfta inngåande med førskulelærarar som var med i styringsgruppa for prosjektet. I ettertid ser ein at det også kunne ha vore ein fordel å ha representantar for assistentgruppa med i styringsgruppa. Det er særleg utfordrande å skulle samanlikne to grupper der den eine har høgskuleutdanning og den andre eit lågare utdanningsnivå. Eksempelvis vil svaret på spørsmålet om kor god den teoretiske forståinga er

(spørsmål 11) kunne henge saman med kor viktig ein meiner teoretisk kunnskap er for arbeidet i barnehagen og korleis ein tolkar omgrepene teoretisk kunnskap. Dette vil kunne ha innverknad på omgrepsvaliditeten (Kleven, 2011b). Det er grunn til å tru at informantane svarar med utgangspunkt i eigen bakgrunn og posisjon, og at tolkinga av spørsmåla vil variere. Dette gjeld særleg spørsmål som omhandlar vurdering av eigen kompetanse (spørsmål 14). Her vil pedagogane ha eit anna grunnlag for å vurdere desse spørsmåla enn assistentane, både med bakgrunn i at dei har ei fagutdanning som kan gi omgropa eit anna innhald, men også fordi det vert stilt ulike krav til dei i yrkesrolla. Eit døme på at innhaldet i spørsmålet kan ha vorte oppfatta ulikt er spørsmålet om innsikt i reglar og avgjersler. Her kan assistentane ha svart utifrå korleis dei opplever dette i barnehagen sitt indre liv, medan forskulelærarane som har ansvar for kontakt med eksterne partar kan ha svart utifrå meir overordna reglar. Det er mogleg dette er noko av forklaringa på at vi finn små skilnadar i vurdering av eigen kompetanse og det er rimeleg å stille spørsmål ved om vi her har greidd å måle det vi ønskte. Basert på svake skilnader mellom forskulelærarar og assistentar kan det sjå ut til at effekten av utdanninga ikkje er tydeleg i materialet. Samstundes ser vi teikn på at utdanninga slår ut på nokre område. Sjølv om skilnadene gjennomgåande er små, får vi ved å gruppere område tematisk i akademisk/profesjonell kunnskap, relasjonell kunnskap og praktisk kunnskap slik det er vist i artikkelen *Common sense or professional qualifications? Division of labor in kindergarten* (Steinnes, 2014 upublisert), signifikante skilnader innanfor det ein definerte som akademisk/profesjonell kunnskap.

Dei ulike gruppene kan altså ha svart med utgangspunkt i bakgrunn og posisjon, og utifrå kva krav og forventningar dei opplever til stillinga. I arbeidet med datamaterialet var det i denne samanheng interessant å studere eventuelle skilnader mellom assistentar med og utan fagutdanning. Blant gruppa assistantar finn vi ei lita gruppe som er utdanna fagarbeidarar. Desse har fagutdanning på vidaregåande skulenivå og har ei viss grad av teoretisk skulering. Sjølv om gruppa fagarbeidarar gjennomgåande vurderte sin kompetanse høgare enn assistentgruppa elles, var skilnadene ikkje store nok til å vere signifikante. Materialet gir oss difor ikkje grunnlag for eintydige konklusjonar omkring korleis utdanning har påverka svara.

Som eg var inne på ovanfor, er det generelt slik ved spørjeskjema at ein ikkje har kontroll over korleis informantane har oppfatta og tolka spørsmåla. Eit anna døme på slike utfordringar er batteriet som omhandlar viktig kompetanse i yrket (spørsmål 13). Her veit vi

lite om kva informantane i surveyundersøkingane har lagt i omgrepet fagkunnskap. Innanfor førskulelærarutdanninga skil ein gjerne mellom fagkunnskap og pedagogisk kunnskap, der fagkunnskapen er relatert til fag som norsk, drama, matematikk, musikk og så vidare. Det er difor mogleg at nokre av informantane ikkje har integrert pedagogisk kunnskap i si tolking av fagkunnskap. Gjennom avklaringar i intervjuha har ein likevel fått ein viss peikepinn på korleis førskulelærarane kan ha operasjonalisert omgropa. Informantane i intervjuha oppfatta fagkunnskap som det dei lærer i utdanninga, inkludert pedagogikk. Dei har altså knytt fagkunnskapen til formell læring gjennom utdanninga. Så kan ein argumentere for at fagkunnskap også kan lærast på ulike måtar gjennom yrket og at dei som har arbeidd mange år, kan ha andre oppfatningar enn studentar ved slutten av utdanninga. Dette viser noko av kompleksiteten.

#### **4.4 Kvalitative data**

Gjennom arbeidet med det kvantitative materialet, dukka det opp spørsmål surveyundersøkinga ikkje gav svar på. Særleg handla dette om i kva grad eller korleis utdanninga har ført til endringar i kunnskap og praksis. For å studere dette vidare, fann eg det særleg relevant å intervju studentar i siste semester av førskulelærarutdanninga, som tidlegare hadde arbeidd som assistent i barnehagen. Dei tok utdanning på deltid og arbeidde alle i barnehage ved sida av utdanninga, dei fleste som førskulelærar eller pedagogisk leiar på dispensasjon. Ei arbeidde som assistent, men hadde ansvar som pedagogisk leiar i periodar. Desse tidlegare assistentane ville vere i ein unik posisjon for å skildre kva eventuelle endringar dei erfarte gjennom utdanninga og kva konsekvensar desse har hatt for det pedagogiske arbeidet. Som grunnlag for å gjere samanlikningar vart det også valt ut ei gruppe studentar med lite eller ingen erfaring som assistent før utdanninga.

##### **4.4.1 Intervju og fokusgruppe**

Grunnlaget for artikkel tre, *Frå assistent til førskulelærar*, er individuelle intervju og fokusgruppeintervju med studentar i siste året av førskulelærarutdanninga hausten 2011/våren 2012. Studentane følgde ei samlingsbasert deltidsutdanning ved ein mellomstor høgskule, og vart rekrutterte etter å ha motteke munnleg og skriftleg informasjon om studien (vedlegg 4). Som det er skildra i artikkelen, vart det gjort eit strategisk utval ved at informantane oppfylte særskilde kriterium med omsyn til erfaring frå arbeid i barnehage (Malterud, 2008; Thagaard, 2010). Med bakgrunn i at ein ønskte å studere endringar i kompetanse gjennom utdanninga, vart det rekruttert to grupper baserte på lite eller mykje erfaring frå arbeid i barnehage før

utdanninga. Informantane i gruppe ein hadde frå ti til 22 års erfaring. I gruppe to hadde ingen meir enn eitt års erfaring før utdanninga. Det melde seg sju deltarar til gruppe ein og ni til gruppe to. Det vart gjennomført eit intervju med kvar av respondentane i begge gruppene i tillegg til eit fokusgruppeintervju med dei av studentane som hadde meir enn ti års erfaring. Argumenta for å velje dei erfarne til fokusgruppeintervju var at desse kunne gi særleg innsikt i korleis dei opplevde skiljet i kompetanse knytt til utføring av arbeidsoppgåver i barnehagen og kva eventuelle skilnader dei opplevde i rolla som assistent kontra forskulelærar. Desse kunne også i særleg grad bidra til å skildre prosessen frå erfaren assistent til nesten ferdig utdanna forskulelærar, og dette peika seg ut som eit interessant tema å følgje opp.

Intervjuguiden for dei individuelle intervjuia vart utforma på bakgrunn av analysar av data frå FluData-materialet som ein ønskte å undersøke vidare (vedlegg 5). Primært omfatta dette spørsmål om utdanninga og om fagleg kompetanse. Intervjuguiden var retningsgivande for intervjuia, samstundes som interessante innspel frå informantane vart følgde opp. Dei individuelle intervjuia danna vidare utgangspunkt for kva tema som vart tatt opp i fokusgruppa og for intervjuguiden (vedlegg 6). I tillegg til å utdjupe spørsmål om overgang frå ei yrkesrolle til ei anna, var tilhøvet mellom ulike yrkesgrupper i barnehagen drøfta.

Som eg var inne på tidlegare, vert fokusgrupper i særleg grad oppfatta å bidra til konstruksjon av kunnskap og mening (Silverman, 2006). Slike intervju kan dessutan gi utvida innsikt i kva resonnement som ligg til grunn for informantane sine handlingar, oppfatningar og haldningar (Powell & Single, 1996). Fokusgruppeintervju kan produsere data ein ikkje får gjennom individuelle intervju, ved at informantane responderer på kvarandre sine utsegner (Kamberelis & Dimitriadis, 2011b). Når tema som var drøfta i dei individuelle intervjuia vart løfta fram i fokusgruppa, gav det hove til fordjuping og perspektivering. Gjennom å følgje diskusjonen og argumentasjonen kan du som forskar få djupare innsikt i temaet.

Når det gjeld utvalet til fokusgruppeintervju, er det viktig å vere merksam på at det kan ligge eit visst komformitetspress innanfor gruppa. Nokre åtvarar difor mot å nytte deltarar som kjenner kvarandre frå før i slike intervju, sidan det kan legge uønskte føringar for deltarane sine bidrag (Fern, 1982; Morgan, 1988). Deltatarane kan påverke kvarandre sine ytringar ved at det vert eit press om å vere einige. I denne samanhengen kunne eit komformitetspress handle om å framstille forskulelærarrolla på ein bestemt måte. Samstundes kan det å ha ei felles plattform bidra til «safe spaces» der deltarane deler felles utfordringar og der

forskaren sin posisjon ikkje legg så sterke føringar som i individuelle intervju (Kamberelis & Dimitriadis, 2011b). Når eg har analysert samtalane i både individuelle intervju og fokusgruppeintervju, finn eg ikkje grunnlag for at deltakarane i fokusgruppa har vagra seg mot å uttrykke seg fritt. Det kan henge saman med at dei ikkje opplevde temaet som kontroversielt, men det kan også ha vore ein fordel at dei kjende kvarandre godt frå før. Dei hadde eit fellesskap gjennom å vere deltakarar i ein studiekultur med rom for faglege diskusjonar, og dei hadde eit felles erfaringsrulllag som såg ut til å bidra positivt i prosessen (Denscombe, 1998; Malterud, 2008). Dynamikken i gruppa var god og evalueringa av sekvensen positiv, og felles plattform var i denne samanhengen ein føresetnad.

Rolla som intervjuar i fokusgrupper er noko annleis enn ved individuelle intervju, særleg med tanke på den sosiale samhandlinga i gruppa (Halkier, 2010). I omtalen av fokusgruppeintervju nyttar ein gjerne nemninga *moderator*. Moderatoren skal både få deltakarane til å snakke godt saman og handtere den sosiale dynamikken (*ibid.*). Eg ønskete i utgangspunktet å la samtalen flyte relativt fritt, men var budd på at eg også måtte bidra til struktur i høve til dei sentrale tema som skulle drøftast. Gjennom dei individuelle intervjuia observerte eg at deltakarane var ulike og at nokre var meir verbale enn andre. Innleiingsvis i fokusgruppeintervjuet tematiserte eg difor at det var viktig å la alle kome til orde. Informantane ønskete då at eg skulle ha ein ordstyrarfunksjon slik at alle fekk sleppe til etter tur. Eg fekk difor ei litt meir aktiv rolle enn eg hadde planlagt, men dette var viktig for dynamikken i gruppa.

#### **4.4.2 Transkribering**

I både dei individuelle intervjuia og i fokusgruppa vart det nytta lydbandopptakar. Før transkriberingsarbeidet starta, lytta eg gjennom alle intervjuia. Eg nytta her Audacity som hjelpemiddel i prosessen med overgang frå tale til tekst. Lydkvaliteten på opptaka var god. Ifølgje Kvale (2009) er transkripsjonar abstraksjonar og sosiale konstruksjonar, og ikkje eksakte kopiar av realitetane. Det finst inga sann, objektiv omsetjing frå munnleg til skriftleg form. Transkripsjonane vil mellom anna vere farga av forskaren si forståing og tolking. I samband med arbeidet med transkribering vart det gjort ei vurdering av kva som var hovudformålet med intervjuia. Intervjuia fungerte som eit supplement til spørjeundersøkinga, og målet var primært å undersøkje nærrare i kva grad eller korleis utdanninga har ført til endringar i kunnskap og praksis. Eg var oppteken av kva som var tenleg for mi forsking (Kvale 2009). Informantane sine historier var det sentrale, og eg hadde difor fokus på innhaldet i ytringane, meir enn på forma. Her var det ikkje eit poeng å gjere detaljerte

språklege analysar, ei heller var psykologiske tolkingar til dømes av nektingar eller teikn på frykt sentralt (*ibid.*). Etter å ha lytta til intervjeta fleire gonger, fann eg ikkje mønster i til dømes nonverbale ytringar (til dømes latter, sukk eller gjentekne pausar i ytringane) eller stamming og repetisjonar som endra innhaldet i formuleringane. I lys av dette valde eg å ikkje legge for stor vekt på slike signal. Omsynet til at det ikkje skulle vere mogleg å kjenne igjen ytringar frå informantane, gjorde at eg nytta eit nøytralt språk, der særlege dialektord vart erstatta med nøytrale formuleringar. Utover dette vart innhaldet i ytringane skrive ned ordrett. Konfidensialiteten vart også ivaretaken gjennom å gi informantane fiktive namn.

#### **4.4.3 Analyse og funn**

Eg vurderte å nytte eit formalisert analyseverkty i analysane av intervjeta, som til dømes NVIVO. Sidan spørsmåla i intervjeta var baserte på spørsmål frå surveyundersøkinga FluData, var kategoriane hovudsakleg lagde på førehand. Om dei same spørsmåla skulle kunne belysast med ulike metodar, var det viktig å nytte dei same kategoriane. Eg valde difor å ikkje nytte slike analyseverkty. Etter at intervjeta var transkriberte og lesne gjennom fleire gonger, vart dei grupperte utifrå dei sentrale tema i undersøkinga. Leiing av vaksne og personalsamarbeid var i tillegg tema som opptok informantane, men dette har ikkje blitt følt vidare opp i avhandlinga. Som ei ramme for tolking av intervjeta låg også teoriar om profesjonskvalifisering til grunn. Som eg har kommentert i artikkel tre, kan dette ha avgrensa tolkingane noko, men var formålstenleg for å halde fokus i undersøkinga.

Sentrale funn i intervjeta er presenterte og drøfta i artikkelen, men eg vel her å gi eit kort oversyn over desse. Det var eit klart skilje i motivasjon for å ta utdanning mellom dei erfarte og dei med lite eller ingen erfaring. Der det for den siste gruppa var nokså tilfeldig at dei valde førskulelærarutdanning, var dei erfarte motiverte av eit ønske om å lære meir og få nye utfordringar. Begge grupper var nøgde med utdanninga og opplevde at dei hadde lært mykje. Eit gjennomgåande trekk frå dei individuelle intervjeta var at informantane i begge grupper gav uttrykk for at dei reflekterte på ein annan måte enn tidlegare. Denne refleksjonen skreiv seg, slik informantane oppfatta det, frå ein utvida kunnskap dei hadde tileigna seg gjennom utdanninga. Dei opplevde at dei hadde skaffa seg ei fagleg tyngd som gjorde dei tryggare i grunngjevingar og argumentasjon. Denne danna basis for nye handlingsmåtar og såg ut til å kunne erstatte noko av den intuitive kunnskapen, slik særleg dei erfarte skildra dette. Det var eit skilje i korleis informantane i dei to gruppene var i stand til å konkretisere korleis dette påverka praksis. Dei erfarte gav slike døme gjennom å skildre korleis dei hadde tenkt og

handla annleis i arbeidet som assistent. Eit sentralt tema for utdjinging i fokusgruppa var difor kva informantane opplevde å vere det viktigaste skiljet frå før dei tok utdanninga til no når dei snart var ferdig utdanna. Informanten Anne peika på noko interessant når ho uttrykte at ho trudde ho kunne mykje om barn også før utdanninga, men at kunnskapen som var tileigna gjennom utdanninga, representerte ein annan type kunnskap. Dei andre i fokusgruppa stadfesta dette. Dette kan synleggjere eit skilje mellom realkunnskap og formell kunnskap, og at ein har blitt meir medviten om dette skiljet i kunnskapsinnhald i løpet av utdanninga enn ein var som assistent. Likevel var dei erfarte særleg opptekne av at alle skulle kjenne seg verdsette og at det ikkje skulle vere «forskjell på folk». Dette resulterte i at forskulelærarar og assistentar i hovudsak utførte dei same arbeidsoppgåvene i det daglege. Haldningane støttar funna i surveyundersøkinga om manglande differensiering i arbeidsoppgåver og ein flat struktur. Dei erfarte meinte likevel at dei hadde eit strategisk fortrinn ved at dei kjende feltet frå rolla som assistent og difor i store grad visste kvar motstanden låg (sjå også kap. 5.3). Det å ha kontekstuell kunnskap var difor ein fordel både i utdanninga, der dei erfarte hadde knaggar å hengje teorien på, og i yrket der dei hadde strategiar for å møte motstand i personalgruppa.

#### **4.5 Validitet og reliabilitet**

Validitet handlar om i kva grad ein metode er eigna til å undersøke det den er tenkt å undersøke og reliabilitet er knytt til om forskingsresultata er konsistente og pålitelege (Kvale & Brinkmann, 2009). Eg vel her å ikkje gi ei generell utdjinging av dei to omgropa, men peikar i staden på konkrete utfordringar i undersøkinga. Kvar av metodane som er nytta i avhandlinga har sine grunnleggande utfordringar. Intervjuja fordi det kan stillast spørsmål ved om det som kjem fram her er noko anna enn einskildpersonar sine personlege historier, og spørjeskjemaundersøkinga fordi ein ikkje får fram intensjonsplanet.

Spørsmålet om validitet kan vidare knytast til minst to forhold i FluData-materialet. Det eine er at dei ulike gruppene svarar svært likt på spørsmåla, og det andre at dei svarar gjennomgåande positivt. Målingsfeil kan oppstå ved at informantane framstiller seg sjølv meir positivt enn det er grunnlag for (Judd, Smith & Kidder, 1991; Ringdal, 2013). Når ein ser svara frå undersøkinga under eitt, kjem det fram at både assistantar og pedagogiske leiarar svarar gjennomgåande positivt. I dette ligg det til dømes at dei vurderer sin eigen kompetanse relativt høgt på ein skala frå 1 til 5. Det er ikkje utenkjeleg at det kan ligge ein motivasjon til

grunn som handlar om å framstille profesjonen og barnehagen på ein mest mogleg positiv måte (Goffman, 1959). Årsaka kan vere at dei svarer utifrå det som innanfor feltet kan oppfattast å vere ideale. Eit døme på dette er at svært mange svarar at dei deltek aktivt i frileik. Leiken har ein stor symbolverdi i barnehagen og å svare negativt på dette spørsmålet kunne oppfattast å bryte med ein dominerande ideologi. I kva grad dette er avgjerande for tolking av resultata, er avhengig av formålet med undersøkinga. I denne samanhengen var vi ute etter informantane si oppfatning, og vi har ikkje grunnlag for å konkludere med korleis dette gir seg utslag i ein konkret praksis. Det vi kan trekke slutningar om, er korleis førskulelærarane og assistentane oppfattar aktuelle tema og korleis dei ønskjer å presentere seg sjølve. Frå forsking innanfor skuleområdet erfarer ein også at lærarane svarer meir positivt enn det ein skulle forvente ut frå andre signal om tilhøva i skulen (NYMY<sup>20</sup>-prosjektet). Dette er difor eit kjent fenomen. Ringdal (2013) viser også til «enighetssyndromet», der personar kan ha ein tendens til å svare i same retning på alle spørsmål uavhengig av innhald. Korleis spørsmåla er utforma kan i seg sjølv gi retning for svara. Dette forsøkte ein å motverke i FluData-undersøkinga gjennom variasjon i skalabruken og at ein drøfta med representantar frå førskulelærargruppa korleis spørsmåla kunne verte oppfatta.

Utfordringar knytte til sjølvrapportering er truleg særleg store på spørsmålet om korleis personalet nyttar tida si (spørsmål 9). Her vert informantane bedne om å angi kor mange prosent av stillinga dei nyttar på administrasjon og leiing, arbeid direkte med barn og praktisk arbeid utan barn. I arbeidet med utforminga av spørjeskjemaet drøfta forskargruppa korleis dette skulle løysast. Uansett korleis spørsmålet vart stilt, ville det vere utfordrande å få heilt presise vurderingar av korleis dei ulike gruppene fordelte seg mellom ulike arbeidsoppgåver. Utan ein detaljert tidsbruksstudie vil svara uansett verte omtentlege. Rapporteringa gir likevel eit bilet som stemmer med det vi kjenner frå før, at dei pedagogiske leiarane nyttar meir tid på administrasjon og leiing enn assistentane. Mellom anna har dei ein del av stillinga som ubunden tid. Formålet har ikkje vore å få ei eksakt oversikt over ulike arbeidsoppgåver, men heller å vise kven som nyttar mest tid saman med borna. Det er viktig å presisere at vi

---

<sup>20</sup> Nyutdannede læreres mestring av yrket (HIO, UIS og HVO)

ikkje kan seie noko om kvaliteten på samspelet med borna, eller korleis dei ulike gruppene nyttar tida si saman med borna.

For å auke reliabiliteten er det viktig at datainnsamlinga vert planlagd og gjennomført på ein god måte (Fangen & Sellerberg, 2011). Når det gjeld FluData, var denne planlagd i ei gruppe med erfarte forskarar. I tillegg var representantar frå feltet som skulle undersøkast involverte i utforminga av spørjeskjema. Fleire av forskarane i prosjektet har gjennomført analysar av det same datamaterialet, noko som bidreg til å kvalitetssikre resultata. Det er også ein styrke at FluData bygger på andre godt gjennomprøvde datasett, som til dømes StudData. Eg har dessutan i ettertid gjennomført ei undersøking med nokre av elementa frå FluData-undersøkinga, der alle pedagogiske leiarar (n=44) og assistenter (n=89) i ein kommune fekk tilsendt spørjeskjema. 95 % av dei pedagogiske leiarane og 79 % av assistentane svarte på undersøkinga. Undersøkinga er relevant i vurdering av reliabilitet fordi den viser dei same tendensane som i FluData<sup>21</sup>. Med så høg svarprosent er det sannsynleg at ein har fått tak i breidda av dei tilsette. Det svekker ei tolking som tilseier at resultata i FluData ikkje er representative fordi ein kanskje berre har fått svar frå dei mest motiverte.

Reliabiliteten både i surveyundersøkinga og intervjuet kan styrkast ved at funna samsvarer med funn frå andre undersøkingar. Anna forsking som er relevant for mi undersøking er presentert i kapittel 2 og i kapittel 6.

#### **4.5.1 Forskaren sin posisjon**

Forskaren sin posisjon er relevant i alle former for datainnsamling, men det er ei særleg utfordring i intervju at samspelet med forskaren og forskaren sin posisjon kan legge føringar for kva som blir sagt (Kvale & Brinkmann, 2009). Informantane i dei individuelle intervjuet og i fokusgruppa var informerte om at eg hadde bakgrunn som høgskulelektor i førskulelærarutdanninga. I dette ligg det ein asymmetri og ein maktfaktor som kan ha påverka korleis dei omtalte utdanninga. Dette såg likevel ikkje ut til å avgrense kritiske ytringar.

---

<sup>21</sup> Prosjektet «Teamleiring» for barnehagane i Haram kommune våren 2013. Både assistenter og pedagogiske leiarar framhevar verdiar og haldningar som den viktigaste kunnskapen for å gjere ein god jobb. Som i FluData vurderer assistentane fagkunnskap som minst viktig. På spørsmål om kva arbeidsoppgåver som høver best for dei to yrkesgruppene, er svara samanfallande med FluData med unntak på spørsmål som gjeld praktisk arbeid utan barn. Her meinte ca. 70 % av pedagogane og 20 % av assistentane at dette passa best for assistenter. Dette temaet hadde vore tema for diskusjon i forkant av undersøkinga, noko som kan ha bidrege til at svara er avvikande frå FluData.

Temaet vart også drøfta med informantane, og eg la vekt på at dei skulle kjenne seg fri til å uttale seg om utdanninga. Det at nokon lyttar til kva ein har å seie over ein lengre periode, kan gjere intervju til ei unik oppleving (Kvale, 1997). Dette harmonerer godt med tilbakemeldingane frå mange av informantane, som uttrykte glede over å kunne snakke om utdanninga og rolla som forskulelærar med nokon som var genuint interessert i dette, og innanfor ei ramme av konfidensialitet.

I arbeidet med intervjuva var eg medviten om at min eigen posisjon og bakgrunn frå barnehagefeltet i ulike nivå kunne påverke innhaldet i samtalane. Faren for at informantane kunne ønske å stadfeste eksisterande haldningar hos forskaren, og at eg sjølv kunne overhøyre utsegner som gjekk på tvers av mi føreforståing, var til stades. Eg var difor særleg oppteken av å lytte ope til det informantane hadde på hjertet, samtidig som det var nødvendig med ein struktur og utdjuping av innspel. Det var også viktig å skape ein viss objektiv distanse i analysane av materialet.

Både surveyundersøkinga og intervjuva baserer seg på informantane sine personlege oppfatning, og ovanfor har eg peika på nokre utfordringar i analysar av data frå FluData. Også intervjuet kan representere slike dilemma sidan dei tidlegare assistentane i sin sjølvpresentasjon kunne vere opptekne av å skape avstand til rolla som assistent. Når dei framhevar kva dei har lært gjennom utdanninga, har vi ingen garanti for at dette har konsekvensar ut over formuleringsnivået. Dette var forsøkt motverka ved at eg stilte oppfølgingsspørsmål og bad dei konkretisere og utdjupe slike utsegner.

Dei utfordringane som har vore peika på når det gjeld reliabilitet og validitet, er ikkje særskilde for denne undersøkinga. Å vere medviten om desse innvendingane i arbeidet med analysar og tolking av materialet, bidreg til å styrke truverdet.

#### **4.6 Refleksjonar rundt etiske vurderingar**

Både hovudprosjektet<sup>22</sup> og delprosjektet med intervju er godkjende hos Norges Samfunnsvitenskapelige Datatjeneste, og har følgt gjeldande retningsliner for forskingsarbeid. Etiske vurderingar er viktige gjennom heile forskingsprosessen, og Kvale (2009) omtalar intervjuundersøkingar som moralske føretak. Dei etiske og moralske

---

<sup>22</sup> MAFAL-studien

vurderingane vil vere særleg viktige ved intervju og fokusgruppeintervju, sidan informantane her vert utsette for ein direkte interaksjon med forskaren, og når det gjeld fokusgruppeintervju også med andre deltakarar i gruppa. Brinkmann og Kvale (2005) stiller elles spørsmål ved ei oppfatning av at kvalitativ forsking er grunnleggande etisk overordna kvantitative tilnærmingar. Dei ulike metodane stiller ulike krav til etiske vurderingar, særleg når det gjeld konfidensialitet. Konfidensialitet er eit gjennomgåande tema når Kvale (2009) skildrar sju stadium som bør gjennomsyre forskingsprosessen for å sikre at etiske forhold blir tatt omsyn til. Når det gjeld surveyundersøkingane, har eg ikkje hatt tilgang til kven som hadde svart på skjemaet, noko som langt på veg tek i vare kravet om konfidensialitet. Dei individuelle intervjua gir andre utfordringar. Intervjupersonane gav skriftleg samtykke til deltaking, basert på informasjon om siktemålet med undersøkinga og opplysningar om korleis data ville verte handsama. Dei fekk også informasjon om at dei kunne trekke seg frå studien kva tid som helst. Anonymitet er så langt det er mogleg sikra ved at informantane er gitt fiktive namn i transkripsjonane, og at det ikkje vert referert til utsegner eller opplysningar som kan bidra til identifisering. Slik anonymitet og konfidensialitet er vanskelegare å sikre i fokusgrupper (Barbour & Kitzinger, 1999). Sjølv om deltakarane vart oppfordra til å handsame opplysningane frå fokusgruppa konfidensielt, hadde eg som forskar ikkje ein posisjon som kunne forplikte dei juridisk. Ein var difor avhengig av intern og gjensidig tillit. Samstundes omhandla intervjua i stor grad den profesjonelle rolla som forskulelærar og ikkje private, intime opplysningar. Det som var diskutert i fokusgruppa, var tema ein kan forvente er gjenstand for diskusjon også i opne fora.

I eit sosialkonstruktivistisk perspektiv må ein ta inn over seg at forskinga verkar interaktivt og at det å klassifisere grupper kan få konsekvensar for korleis dei både ser på seg sjølv og korleis dei vert oppfatta av andre (Ringdal, 2013). Fleire er opptekne av konsekvensane ein studie kan ha for dei involverte og at informantane må kunne forvente å få noko igjen i positiv forstand (Hoyle, Harris & Judd, 2002; Kvale, 1997). Det har vore eit dilemma at ein gjennom å studere utfordringar for forskulelærarar si meistring av rolla kan bidra til å støtte opp om eit negativt fokus. Eg har difor vore oppteken av å ikkje klassifisere forskulelærarane på ein måte som bidreg til segmentering av negative haldningar (Ringdal, 2013). Kvale (1997) peikar på at forskaren ikkje berre må ha fokus på den vitskaplege verdien av forskinga, men at ein må ta sikte på å forbetre situasjonen for dei forskinga gjeld. Gjennom heile forskingsprosessen har eg vore oppteken av å formidle resultat gjennom konferansar og foredrag, og å stimulere til

debatt omkring sentrale sider ved arbeidet. På denne måten har eg gitt noko tilbake til feltet, samstundes som eg har fått innspel til alternative tolkingar. Tilbakemeldingane på formidlinga har vore positive, og hovudinstrykket har vore at førskulelærarane som gruppe ønskjer større forskingsfokus på barnehagen generelt, og på vilkår for førskulelærarane spesielt.

## **5.0 Artiklane**

Dette kapitlet gir eit kort resymé av dei fire artiklane i avhandlinga. Artiklane er presentert i kronologisk rekkefølge etter produksjon og ikkje etter tidspunkt for publisering. Med unntak av artikkelen to, som er godkjend for publisering, er alle publiserte.

### **5.1 Artikkelen 1. Frå utdanning til yrke. Førskulelæraren som profesjonell aktør?**

Fagfellevurdert og publisert i antologien *Ny som lærer. Sjansespill og samspill*. Løkensgard Hoel, Engvik og Hansen (red). (2010)

Artikkelen tek som utgangspunkt at førskulelærarane opererer i eit politisk generert felt, samstundes som dei utfører oppgåver som i stor grad er assosiert med heim og familie. Fagutdanningsnivået blant dei tilsette er lågt, og fleirtalet er utan pedagogisk utdanning. Det empiriske grunnlaget for artikkelen bygger på tre informasjonskjelder; StudData, innsamla og administrert av Senter for profesjonsstudier ved Høgskolen i Oslo i 2006, FluData innsamla gjennom MAFAL-prosjektet våren 2009, og intervju med nyutdanna førskulelærarar der intervjuguiden var basert på aktuelle spørsmål i StudData-materialet. Intervjumaterialet er henta frå ein tidlegare studie (Steinnes 2007).

Med utgangspunkt i utfordringar knytte til det som i artikkelen vert definert som eit lekmannspreg i barnehagen, drøftar artikkelen ulike tilhøve som pregar førskulelæraren sitt møte med yrket og vilkår for profesjonell utvikling. Slike vilkår relaterer seg mellom anna til tradisjon og strukturelle tilhøve i barnehagen, og det som etter Bernstein (2001) kan omtalaast som ein horisontal diskurs, der allmennkunnskap står sterkt. I dette biletet kan tilhøvet mellom teoretisk og praktisk kunnskap representera ei utfordring i førskulelæraren sin identitetkonstruksjon og meistring av rolla. Som del av dette er det undersøkt og drøfta kva førskulelærarar i ulike fasar av yrkeslivet opplever som sentrale kompetanseområde i yrket. Fleire danske undersøkingar viser at pedagogane har vanskar med å avgrense seg fagleg i relasjon til foreldre og assistentar (Bayer & Brinkkjær, 2006; Nørregård-Nielsen, 2006). Eit sentralt spørsmål i artikkelen er om den teoretiske delen av førskulelæraren sin kunnskapsbase har tilstrekkelege vilkår for utvikling, eller om denne blir gjort usynleg i møtet med ein kultur dominert av praktisk kunnskap. Teoretisk vert dette belyst gjennom fokus på overgangen mellom utdanning og yrke (Caspersen & Frøseth, 2008; Jordell, 1986; Østrem, 2008) og det som Eraut (2004) omtalar som eit kulturelt gap mellom formell utdanning og læring på

arbeidsplassen. Grimen (2008) sitt omgrep *praktiske synteser* viser korleis ulike kunnskapselement kan spele saman, noko som føreset både praktisk og teoretisk kunnskap.

Vilkår som vidare er tematiserte i artikkelen er korleis nyutdanna førskulelærarar opplever møtet med yrket, tilrettelegging av introduksjonen til yrket og i kva grad dei opplever å få tilgang til fagleg oppdatering i arbeidet. Dei nyutdanna førskulelærarane rapporterer gjennom intervju ei oppleveling av manglande samsvar mellom innhaldet i arbeidet og forventningar om kva utdanninga har kvalifisert dei for. I tillegg opplever dei lite systematikk over introduksjonen til yrket, og både StudData og FluData stadfestar ei oppfatning av at systematisk rettleiing og opplæring er lite utbreidd i barnehagen<sup>23</sup>. Når det gjeld spørsmålet om sentrale kompetanseområde i yrket, viser FluData at nyutdanna førskulelærarar vurderte fagkunnskap lågare enn personlege evner og verdiar og haldningars. Berre praktiske ferdigheter vart vurdert lågare. Verdsetjing av fagkunnskap aukar i takt med erfaring frå yrket, men også etter over tjue års erfaring frå yrket vert fagkunnskapen vurdert lågare enn personlege evner og verdiar og haldningars.

## **5.2 Artikkel 2. Common sense or professional qualifications? Division of labor in kindergarten**

Akseptert for publisering i EECERA journal volum 21 nr. 4, 2014.

Artikkel to studerer arbeidsdelinga mellom førskulelærarar og assistentar i norske barnehagar, og drøftar med bakgrunn i dette dei to gruppene sine oppfatningar av kva som er viktig kunnskap for å utføre ulike pedagogiske oppgåver i barnehagen. Det empiriske grunnlaget for artikkelen er analysar av databasen FluData. Spørsmåla som er analyserte, handlar om kva personalet nyttar tida si på (spm.9), kva arbeidsoppgåver dei er involverte i (spm.8) og kva arbeidsoppgåver som høver best for dei to yrkesgruppene (spm.19) (sjå vedlegg 1).

Analysane viser at førskulelærarar og assistentar utfører om lag like mykje praktisk arbeid som ikkje involverer borna, medan førskulelærarane nyttar meir tid på administrasjon enn assistentane. Det inneber at assistentane er den gruppa som er mest til stades i det direkte arbeidet med borna. Materialet viser elles at det er relativt lite skilje i arbeidsoppgåvene

---

<sup>23</sup> Denne undersøkinga var gjennomført før tiltaket med rettleiing for nyutdanna vart innført for barnehagane. Det er difor grunn til å tru at omfanget av rettleiing for nyutdanna førskulelærarar har auka.

mellom dei to gruppene, og i korleis dei opplever seg kvalifiserte for arbeidet. Berre formelt samarbeid med foreldra, spesialpedagogiske tiltak og leiing av femårsklubb vert av begge grupper vurdert å passe best for førskulelærarar. Dette samsvarar også med kva oppgåver dei er involverte i. Eit aktuelt spørsmål i artikkelen er difor om kulturen i barnehagen er mindre dominert av førskulelærarane sine formelle kvalifikasjonar og desto meir prega av allmennkunnskap og populære oppfatningar av kva som er sentralt i oppseding av barn. Teoretisk vert dette belyst mellom anna gjennom Eraut (2004) sine omgrep individuell og kulturell kunnskap, og som i artikkel ein er Bernstein (1996) sitt perspektiv på vertikal og horisontal kunnskap relevant. Desse perspektiva bidreg til å setje søkelys på ulike kunnskapsformer i barnehagen som arbeidsfellesskap.

Artikkelen drøftar kunnskapsgrunnlaget til førskulelærarar og assistenter, og deira tilhøve til profesjonell kunnskap. Han presenterer vidare i to ulike scenario i kva grad førskulelæraren får gjennomslag for profesjonell, akademisk kunnskap i barnehagen sitt arbeidsfellesskap. I det første scenarioet entrar førskulelæraren barnehagefeltet med tiltru til eigen kunnskapsbase og til at denne kunnskapen vert verdsett i dette møtet. I det andre scenarioet tilpassar førskulelæraren seg ein ikkje-akademisk kultur for å unngå motstand blant assistentane. Ei anna sentral utfordring for førskulelæraren er at det pedagogiske innhaldet ikkje er lett å identifisere, og at kunnskapsbasen har mange fellestrekks med allmennkunnskap om barn. Førskulelæraren sin kunnskap kan verte oppfatta som «sunn fornuft» og å synleggjere kva som skil dei ulike formene for kunnskap, kan difor vere vanskeleg. Barnehagen ser ut til å vere prega av ein likskapskultur, der skilnader i kompetanse vert tilslørt meir enn framheva. Dette vert stadfest gjennom korleis gruppene vurderer eigen og kvarandre sin kompetanse. Artikkelen peikar på at sjølv om førskulelæraren opplever nokre utfordringar knytte til desse tilhøva, finn ein teikn på at den profesjonelle, akademiske kunnskapen til ei viss grad er verdsett blant personalet. Denne tolkinga baserer seg på at verdsetjing av fagkunnskap stig i takt med erfaring frå arbeid i barnehagen, slik det også var presentert i artikkel ein, og at førskulelærarane vert vurdert til å vere best kvalifiserte for å ha ansvar for nokre av oppgåvene i barnehagen. Det siste antyder ein viss aksept for at nokre oppgåver krev særskild kompetanse, medan det første kan vere eit uttrykk for at kulturell kunnskap utviklar seg gjennom samhandling, og at førskulelæraren sitt kunnskapsgrunnlag frå utdanninga spelar ei rolle i denne.

### **5.3 Artikkelen 3. Frå assistent til nyutdanna førskulelærar**

Publisert i tidsskriftet *FOU i praksis* volum 7, nr.1-2013.

Førskulelærarstudentar blir stadig eldre, og ei av årsakene til dette er eit tilbod om deltidsutdanning som gjer det mogleg å halde fram i arbeid i barnehagen ved sidan av studiar (Gulbrandsen, 2009). Den tredje artikkelen har studert studentar med og utan lang erfaring som assistent før dei tok til i utdanninga. Det empiriske grunnlaget er individuelle intervju av 16 studentar i siste semester av si førskulelærarutdanning på deltid og fokusgruppeintervju av 7 av desse studentane. I artikkelen er studentar med og utan lang erfaring frå barnehage før utdanninga samanlikna med tanke på korleis dei har opplevd innhaldet i utdanninga og verdien av formell utdanning. Å studere korleis særleg dei erfarne assistentane opplever endringar i den profesjonelle kunnskapsbasen, samanlikna med studentar utan slik erfaring, gir perspektiv på verdien av formell utdanning for den profesjonelle rolla som førskulelærar.

Utgangspunktet for artikkelen var spørsmål omkring i kva grad studentar med lang erfaring som assistent før utdanninga, oppfattar målet med å ta utdanning primært som kvalifiserande eller sertifiserande (Abbott, 1988; Collins, 1979; Freidson, 2001; Larson, 1977). Den siste tilnærminga indikerer at erfaringane frå arbeidet som assistent i seg sjølv har utstyrt studentane med den nødvendige kompetansen for arbeidet som førskulelærar, men at utdanninga er eit nødvendig verkemiddel for å tilfredsstille krav om utdanning som er definert i Lov om barnehagar (2006). Alternativet er at desse tidlegare assistentane har ønske om å heve kunnskapsnivået, og at dei ser utdanninga som ein viktig kvalifiseringsarena. Artikkelen drøftar korleis både utdanning og yrkeslivet kan vere verdifulle arenaer for læring (Billett, 2010; Eraut, 2010).

Studien peikar på nokre skilje mellom studentar med og utan lang erfaring frå arbeid i barnehage før utdanninga. Sjølv om begge grupper rapporterer at dei er nøgde med innhaldet i utdanninga og at dei har lært mykje, viser intervjuat at dei erfarne har meir kontekstuell kunnskap som kan gi støtte i meiningsskaping relatert til innhaldet i utdanninga. Omfattande praksiserfaringar vert framheva som viktige for korleis dei erfarne tek opp i seg innhaldet i utdanninga. Dette viser seg mellom anna i korleis dei er i stand til å setje ord på tileigna kunnskap, og på kva som skil denne frå kunnskapen dei hadde før utdanninga (erfaringskunnskapen). At førskulelærarar meistrar å kommunisere kva som er sentralt i den profesjonelle kunnskapsbasen og korleis denne kunnskapen er viktig og relevant for det

pedagogiske arbeidet i barnehagen, er viktig for å oppnå legitimitet og anerkjenning i yrket. Studien viser også at dei tidlegare assistentane opplever å ha utvikla ein profesjonell kunnskapsbase gjennom utdanninga, som gjer dei i stand til å reflektere over pedagogiske spørsmål på ein annan måte enn tidlegare.

#### **5.4 Artikkelen 4. Consequences of staff composition in Norwegian kindergarten**

Publisert i tidsskriftet *Nordisk barnehageforskning*, 12. juni 2013 (Steinnes & Haug, 2013).

Den siste artikkelen studerer samansettjinga av personalet, kompetanse og arbeidsdeling i barnehagen i lys av eit rammefaktorperspektiv, og bygger på analysar av FluData. Spørsmåla som er analyserte, handlar om fordeling av arbeidstid (spm. 9), i kva grad assistenter og førskulelærarar er involverte i ulike oppgåver i jobben (spm. 8) og kva dei oppfattar som viktig kompetanse for å gjere ein god jobb (spm.13) (sjå vedlegg 1). Hovudspørsmålet som er drøfta, er korleis samansettjinga av personalet og den formelle kompetansen påverkar arbeidsdelinga, og korleis den eksisterande praksisen kan forklarast. Den rammefaktorteoretiske tilnærminga (Dahllöf, 1967; Lundgren, 1984) løftar fram ei forklaringsramme som peikar på at arbeidsdelinga i barnehagen må sjåast i samanheng med fleire tilhøve, og artikkelen presenterer ein modell som utgangspunkt for analyse. Modellen tek utgangspunkt i overordna faktorar som Lov om barnehagar, læreplanen og barnehagen sine ressursar eller rammeverk. Personalet sin kompetanse er assosiert til kvar av dei tre rammefaktorane. Ei svak differensiering av arbeidsoppgåver mellom førskulelærarar og assistenter, kan forklarast på fleire måtar. Artikkelen drøftar korleis arbeidsdelinga i barnehagen er prega av barnehagen sin tradisjon og rådande ideal, av strukturelle tilhøve og av utfordringar i høve til kompetanse i personalgruppa. Ei forståing er at denne svake differensieringa reflekterer tradisjonen og ideala i barnehagen. Den kan også vere i samsvar med barnehagen sin læreplan, som i liten grad skil mellom grupper med ulike kompetanse i sine formuleringar. Vidare kan arbeidsdelinga vere i tråd med aktuelle retningsliner og strukturar.

Ei alternativ forståing av manglande differensiering er at dei praktiske rammene ikkje tillét ei anna form for organisering. Så lenge førskulelærarar utgjer om lag ein tredel av dei tilsette i barnehagen, vil mange pedagogiske oppgåver måtte delegerast til assistentane. Det vil også innebere ei forventning om at assistentane kan gjennomføre oppgåver sjølvstendig utan at

førskulelæraren er til stades. Eit alternativ til dagens organisering kunne vere innføring av pedagogisk kjernetid. Dette ville bryte radikalt med det rådande synet på norsk barnehagepedagogikk, der ein ser omsorg og læring som heilskaplege prosessar.

Innanfor rammefaktortenkinga er den individuelle kompetansen sentral i det som kan definerast som førskulelæraren sitt handlingsrom. Ei tredje forklaring på arbeidsdelinga er at førskulelæraren manglar legitimitet i den profesjonelle rolla og at den profesjonelle kompetansen ikkje har sterkt nok gjennomslagskraft. Det kan såleis vere at utdanninga ikkje har tilført den nødvendige kompetansen. Manglande legitimitet kan også botne i at førskulelæraren manglar den individuelle personlege styrken i møtet med ei personalgruppe som har overvekt av ufaglærte. Det empiriske materialet gir ikkje grunnlag for å trekke eintydige konklusjonar om kva som er den sterkeste faktoren. I lys av rammefaktorteorien må ein sjå alle faktorane i samanheng. Konklusjonen i artikkelen er difor at det ikkje vil vere tilstrekkeleg å studere berre ein faktor om ein skal forstå og endre eksisterande praksis. Skal grunnleggande endring skje, må det gjerast tiltak både i utdanninga og i barnehagen som organisasjon på same tid.

## **6.0 Oppsummering og diskusjon**

I dette kapitlet vil eg sjå nærmere på ulike moment for førskulelæraren si kvalifisering til yrket og meistring av rolla, som har vore presenterte i artiklane og i kappa. Særleg relevant er kva faktorar som kan bidra til at førskulelæraren sin profesjonalitet står under press. Når det gjeld kvalifisering, er utgangspunktet ei brei tilnærming, der eg har lagt til grunn at denne skjer gjennom ulike livserfaringar, gjennom teoretisk skulering og praktisk erfaring. Kvalifiseringa er difor både formell og uformell. Diskusjonen tek utgangspunkt i det empiriske materialet som er gjort greie for i artiklane og i metodekapittelet i kappa. Sentralt i dette er FluData der det er henta data om arbeidsdeling og kven førskulelærarar og assistenter vurderer som mest kompetente til å utføre ulike arbeidsoppgåver, om oppfatningar av eigen kunnskap og kva som er viktig kunnskap for å gjere ein god jobb i barnehagen. Intervjua gir perspektiv på kunnskapsutvikling gjennom utdanninga, og særleg relevant her er korleis utdanninga har bidrege til endring i kunnskapsbasen for førskulelærarstudentar med lang erfaring som assistent frå før utdanninga.

Dei teoretiske perspektiva frå kapittel 3 vert her nytta som grunnlag for analyse og forståing av det empiriske materialet. Utdanninga og yrkesarenaen sin relevans for kunnskapsutvikling og kvalifisering er grunnleggande. Kjerneomgrepa frå sosiokulturell teori som er ført vidare frå kapittel 3, er kulturelle reiskapar og distribuert kunnskap. I dette ligg det også ei drøfting av individuell og kulturell kunnskap (Eraut, 2010). Frå profesjonsteori er omgropa profesjonalisering, jurisdiksjon og legitimitet sentrale. Førskulelærarane si meistring av yrket må studerast i lys av den konteksten dei står i, slik det er gjort greie for tidlegare. Sidan førskulelærarane både er bidragsytarar i konteksten og styrt av rammer delvis utanfor eigen kontroll, er den rammefaktorteoretiske tilnærminga nyttig som referanseramme for drøftinga. Dei juridiske, pedagogiske, fysiske og administrative rammene vil ikkje berre internt henge saman, men dei vil også regulere og dels verte regulerte av diskursen både i samfunnet generelt og i den einskilde barnehagen spesielt. Kunnskapsgrunnlaget frå kapittel 2, der eg har presentert relevant forsking på feltet, vert også nytta som grunnlag for perspektivering av eigen forsking.

Den overordna problemstillinga er, som det vart gjort greie for i kapittel 1: *Korleis meistrar førskulelærarane den profesjonelle rolla, sett i lys av kvalifiseringa til yrket og*

*arbeidsdelinga med assistentane?* Denne problemstillinga er tematisk konkretisert gjennom tre forskingsspørsmål, som vert drøfta i dette kapitlet:

1. *Kva status har den faglege kunnskapsbasen i forståinga av eiga rolle og korleis verdset førskulelærarane denne kunnskapen?*
2. *Korleis pregar utdanninga og etablerte tradisjonar i barnehagefeltet førskulelæraren sin profesjonaliseringsprosess og profesjonsutøvinga?*
3. *Korleis kan vi forstå og forklare sentrale tendensar i materialet i lys av teoretiske perspektiv og forsking på feltet?*

Forskingsspørsmåla heng tett saman, og det inneber glidande overgangar i tematiseringa av drøftinga. I lys av ei overordna vitskapsteoretisk ramme med fokus på det sosialkonstruktivistiske, er konteksten viktig for forståing og tolking, og min eigen posisjon vil også ha innverknad på kva som vert veklagt som særleg relevant og viktig.

## **6.1 Førskulelæraren sin profesjonell kunnskapsbase**

Eit gjennomgåande tema i dei ulike artiklane har vore korleis utdanninga har kvalifisert førskulelærarane for yrket, med særleg vekt på kva vilkår dei møter for vidare profesjonell utvikling i yrkeslivet. Det har vore reist spørsmål ved om den faglege ballasten frå utdanninga vert gjort usynleg i møte med ein praksisnær kultur, prega av ein «common sense» diskurs meir enn av vertikale kunnskapsstrukturar (Bernstein, 1996; Riksaasen & Vigeland, 1994). Ein konklusjon er at førskulelæraren sin kunnskapsbase kan vere vanskeleg å definere og skilje frå allmennkunnskap om barn, og at arbeidet i barnehagen er generelt, uklart og vanskeleg å avgrense eller definere. Dette kan også ha konsekvensar for profesjonaliseringa.

I fleire av artiklane vert omgrepet lekmannspreg nytta. Dette er ikkje eit uttrykk for nedvurdering av kunnskap, men eit forsøk på å forklare kva type kunnskap som dominerer. Det gir også eit signal om kva slags arbeidsoppgåver som pregar barnehagen. Som eg har vore inne på tidlegare, liknar mange av arbeidsoppgåvene på oppgåver gjennomførte i ein kvar heim med barn, det ein gjerne i barnehagen omtalar som kvardagsaktivitetar. Sidan dei fleste assistenter og foreldre vil oppleve at dei meistrar denne forma for aktivitetar rimeleg greitt, vil dette kunne utfordre ein argumentasjon om at det trengst særskilt kompetanse for å utføre dei same oppgåvene i barnehagen. Slik kan det juridiske vernet av eit profesjonsfelt verte utfordra.

FluData-materialet tyder på at førskulelæraren sin kunnskapsbase er lite synleg for andre, og at førskulelærarane sjølve kan mangle medvit om kva som skil eigen kunnskapsbase frå assistentane sin. Dette kan indikere ei svak verdsetjing av kunnskapen førskulelæraren har tileigna seg gjennom utdanninga. Grunnlaget for ei slik tolking er basert primært på korleis assistentar og førskulelærarar vurderer eigen kompetanse. Figuren i vedlegg 3 viser at det på dei fleste områda er marginale skilnader i korleis dei ulike yrkesgruppene opplever denne kompetansen. Med bakgrunn i at førskulelærarane har gjennomført ei profesjonsutdanning, skulle ein forvente at skilnadene var større. Det er likevel viktig å merke seg at nokre skilnader kjem til syne når det gjeld oppfatning av leiarevne, kunnskap om planlegging og organisering og yrkesspesifikk kunnskap. Dei to første relaterer seg til typiske leiarfunksjonar og kan ha sin basis i at det er førskulelæraren som er leiar, medan yrkesspesifikk kunnskap omfattar relevant barnehagefagleg kunnskap. Skilnadene er signifikante, men sett i lys av effektstorleik er dei likevel små. Det svake skiljet kan vere eit uttrykk for at kulturell kunnskap er sentral i barnehagen sitt arbeidsfellesskap, og at denne får ein dominerande plass i høve til den individuelle kunnskapen (Eraut, 2004, 2010). Førskulelæraren vert då sosialisert inn i ein kultur der personlege evner og verdiar og haldningar er vurderte som det mest sentrale for å gjøre ein god jobb. Konsekvensar av at abstrakt, formell kunnskap vert underkommunisert, er at den kulturelle kunnskapen får dominere og at den individuelle kunnskapen vert fortengd (Eraut, 2004). Det kan innebere at førskulelærarane sin utdanningskunnskap får lite rom i fellesskapet.

Om ein ser kunnskapen som distribuert, vil det vere viktig å legge vekt på at ulike personar har ulike bidrag til den kulturelle kunnskapen. I dette perspektivet er det sentralt å sette saman gode team (Aasen, 2012), og kva ein kan få til saman vert viktigare enn å framheve førskulelæraren sin individuelle kunnskap. Førskulelærarane har eit ansvar for å rettleie assistentane og gjennom dette sørge for kvalitet i alle plan i barnehagen sitt arbeid (Moser & Röthle, 2007). Det inneber å bidra til fagleg utvikling av assistentane, slik at dei får utnytta sitt potensiale best mogleg. Å utnytte potensialet i personalet er ein god strategi for å heve kvaliteten. Dette kan likevel representere eit dilemma for førskulelærarane. På den eine sida har dei ansvar for kvalitet i barnehagetilbodet og på den andre sida skal dei verne om profesjonen. Om assistentane opplever seg like kvalifiserte for arbeidet som førskulelærarane, kan det bidra til manglande råderett over feltet og utgjere ein trussel mot jurisdiksjonen

(Abbott, 1988). For å motverke dette, må forskulelærarane stå fram med eigen kompetanse og gjere denne synleg.

Eraut (1994) hevdar at dersom kunnskapen skal vere nyttig for praksis, må den integrerast med verdiar og ferdigheiter. Denne oppfatninga vert stadfesta i det empiriske grunnlaget for avhandlinga og i særleg grad i intervjuet, der det kjem fram at informantane finn det vanskeleg å gjere klare prioriteringar mellom fagkunnskap, verdiar og haldningar, praktiske ferdigheiter og personlege evner. Informantane framhevar at desse områda heng tett saman og at alle er viktige for å gjere ein god jobb. Arbeidet i barnehagen er i stor grad relasjonelt, og prega av at ein nyttar seg sjølv som arbeidsreiskap. Dette er trekk ein vil kjenne att i fleire relasjonelt prega yrke, som eg også var inne på tidlegare. Fagkunnskapen vil vere påverka av verdiar og haldningar og vice versa, og konteksten vil ha innverknad både på kva kunnskap som er gyldig og på kva som vert vektlagt. Sjølv om det er naturleg at dei ulike kunnskapsområda er integrerte, kan det at fagkunnskap ikkje vert framheva likevel representere ei utfordring for profesjonen. Om den generelle haldninga er at det er like viktig å vere «flink med barn» eller ha dei rette verdiane, bidreg det til å gjere fagkunnskapen og delar av forskulelærarane sin profesjonelle base mindre synleg. Dermed kan grunnlaget for profesjonaliseringa verte svekt.

«It is not what you know but how you use it» konkluderer Murray (2013, s. 538), basert på ein studie av utvikling av profesjonell identitet blant *Early Years professionals* i England.

Kunnskap må brukast aktivt for å vere til nytte, og du må ha eit medvit om korleis kunnskapen kan nyttast på best mogleg måte. Forfattaren skildrar dette som lakkmustesten på omgrepet profesjonalitet. Om den profesjonelle sjølvforståinga er svak, vil dette ha konsekvensar både for eigen meistring av rolla, men også for andre si oppfatning av profesjonen. Skal forskulelæraren få gjennomslag for at kunnskapen dei har tileigna seg gjennom utdanninga er relevant for arbeidet i barnehagen, vil medvit omkring eige faglege fundament og tryggleik i den faglege ståstadene vere viktig. Det vil også vere eit viktig grunnlag for arbeidet med ei målretta kunnskapsutvikling i assistentgruppa.

Spørsmålet omkring profesjonalisering og utfordringar for profesjonen vert drøfta vidare i kapittel 6.3.

## 6.2 Arenaer for kvalifisering

I presentasjonen av teoretiske perspektiv vert utfordringar med omsyn til det juridiske vernet av forskulelærarprofesjonen knytt til lite målbare mål og synlege resultat, manglande eksklusivitet i yrket og ein svak vitskapleg kunnskapsbase. Ein sterk profesjonell kunnskapsbase er avgjerande både for profesjonen sin status og for å sikre kvalitet i arbeidet (Joram, 2007). Korleis forskulelæraren meistrar yrket vil mellom anna vere avhengig av i kva grad kunnskap tileigna gjennom utdanninga er opplevd som relevant og nyttig. At arbeidsplassen gir rom for vidareutvikling av den profesjonelle kunnskapsbasen, vil også vere sentralt. Slik er kunnskapsbasen også relatert til pedagogiske rammer.

I artikkel to er det stilt spørsmål ved om utdanninga og barnehagefeltet representerer epistemologiar som ikkje let seg foreine, av Joram (2007) omtala som *clashing epistemologies*. Ei hovudutfordring er at det er grunnleggande skilje i kompetanse mellom dei ulike yrkesgruppene og at fleirtalet av dei tilsette ikkje har pedagogisk utdanning. Det inneber at den største gruppa representerer eit anna kunnskapsgrunnlag enn forskulelærarane, og kan gjere det vanskeleg å få til fagleg relevante diskusjonar. Det er også grunn til å stille spørsmål ved om det er rom og tid nok til å løfte personalet fagleg når så mange ikkje har relevant utdanning. Gustumhaugen (2013) etterlyser rom for refleksjon over faglege spørsmål i barnehagen. «Når personalet mangler en felles pedagogisk plattform, bygget opp på refleksjon og gode diskusjoner, blir praktisk makt større enn intellektuell makt» (Gustumhaugen, 2013s. 46). Praktisk makt kan innebere at ein argumerterer utifrå kva som let seg praktisk gjennomføre, meir enn kva som vil gi fagleg størst utbytte. Døme på korleis denne praktiske makta kan fungere, finn vi i fokusgruppeintervjuet, der ein av dei erfarte assistentane skildrar korleis ho får reaksjonar på at ho har endra fokus frå praktisk effektivitet til at ho no er oppteken av å inkludere borna i ulike prosessar. I møte med den praktiske makta opplever særleg dei unge, nyutdanna utfordringar i høve til utvikling av den kunnskapen dei har tileigna seg gjennom utdanninga. Dei er opptekne av å ikkje skilje seg for mykje ut, og det kan også vere vanskeleg å vite korleis kunnskapen kan vere til nytte. Som ein av forskulelærarane det vert referert til i artikkel ein seier det: «Kvar er Vygotsky når du treng han?» Utsegna synleggjer ei utfordring for mange nyutdanna i å sjå relevansen av kunnskapen dei hadde med frå utdanninga, i møtet med ein kvardag prega av praktisk handling. Den gir også eit bilet av nokre utfordringar med omsyn til synet på kunnskap, og verdien av denne kunnskapen, i overgangen frå utdanningskonteksten til yrkeskonteksten. Om ein ser kunnskap

som direkte overførbar, kan det bidra til at ein opplever at denne ikkje fungerer slik ein forventa (Kvernbeck, 2005). Den kan difor verte forkasta.

### **6.2.1 Kvalifisering gjennom utdanninga**

FluData-materialet gir ikkje grunnlag for å stille seg kritisk til det konkrete innhaldet i utdanninga. Frå andre undersøkingar finn vi at førskulelærarar er relativt godt nögde med utdanninga, samanlikna med andre profesjonsutdanninger (Caspersen & Frøseth, 2008; Caspersen & Skjønsberg, 2009). I teorikapitlet er det likevel løfta fram nokre utfordringar, som at utdanninga manglar ein signaturpedagogikk og at kunnskapsgrunnlaget kan vere diffust (Shulman, 2005; Ødegård, 2011). Å slå fast om utdanninga har relevans og korleis den eventuelt har ført til endring er vanskeleg, både fordi dette er glidande prosessar og fordi det er vanskeleg å objektivt samanlikne kunnskapen før og etter utdanninga.

Som vist til ovanfor gjer artikkelen tre eit forsøk på å vise endringar i kunnskapsbasen før og etter utdanning, gjennom intervju med studentar i siste semester av utdanninga. To grupper studentar vart intervjua; ei gruppe med liten eller ingen erfaring frå arbeid i barnehagen før utdanninga og ei gruppe med lang erfaring. Begge gruppene rapporterte om stort utbytte av utdanninga. Gjennom å samanlikne dei erfarne assistentane med studentar med lite eller ingen barnehagefaring, konkluderer artikkelen med at studentane med tidlegare erfaring som assistent har tileigna seg kontekstkunnskap som gjer innhaldet i utdanninga meiningsfullt. Dei har i større grad knaggar å henge kunnskapen på enn studentar utan slik erfaring. Omfattande praksiserfaringar er nyttige i høve til korleis dei erfarne tek opp i seg innhaldet i utdanninga. Dette viser seg mellom anna i korleis dei er i stand til å setje ord på tileigna kunnskap og kva som skil denne frå kunnskapen dei hadde før utdanninga (erfarkunnskapen). Dei erfarne lykkast betre i rekontekstualisering av kunnskapen dei har tileigna seg gjennom utdanninga (Van Oers, 1998), samstundes som omfattande praksiserfaringar gjer det lettare å skape praktiske syntesar (Grimen, 2008). Studien gir innsikt i korleis dei tidlegare assistentane har utvikla ein profesjonell kunnskapsbase gjennom utdanninga, som gjer dei i stand til å reflektere over pedagogiske spørsmål på ein annan måte enn dei gjorde som assistentar. Eit tilleggselement for meistring av rolla er at dei erfarne opplevde å ha eit strategisk fortrinn ved at dei kjende assistentrolla frå innsida. Det gav dei verkty i møte med den praktiske makta som nyutdanna utan slik erfaring mangla.

### **6.2.2 Utdanning som sertifisering eller kvalifisering?**

Eit av dei sentrale teoretiske perspektiva i artikkelen er i kva grad utdanninga fungerer som hovudsakleg kvalifiserande eller sertifiserande. Konklusjonen er at den kan ha begge funksjonar og at det difor ikkje er eit spørsmål om enten-eller. Samanlikna med ein del andre profesjonsutdanninger vil utdanninga sin sertifiserande funksjon likevel vere svak. Det at forskulelærarane i liten grad posisjonerer seg på bakgrunn av si fagutdanning, kombinert med at den profesjonelle legitimeten og jurisdiksjonen vert utfordra gjennom omfattande dispensasjonar frå utdanningskravet, tyder på at utdanninga i liten grad fungerer som eit middel for å stenge andre grupper ute. Også utdanninga si kvalifiserande rolle kan stå under press ved at forskulelæraren tilslører eigen kunnskapsbase. Fleire studiar støttar opp under ei oppfatning av at forskulelærarane kommuniserer utifrå det ein er samde om og underkommuniserer det ein ikkje har felles (Hard & Jóhnsdóttir, 2013; Hensvold, 2003; Murray, 2013; Mørkeseth, 2012). Desse studiane støttar også funna i avhandlinga, som viser at verdiar og haldningar vert løfta fram som det viktigaste for å gjere ein god jobb i barnehagen. Dette kan bidra til ei folkeleggjering av forskulelæraren sin fagkunnskap. Dersom forskulelæraren samstundes gir frå seg kontrollen over arbeidsoppgåvene, kan resultatet vere svekka råderett over feltet.

### **6.2.3 Læring på arbeidsplassen**

Læring på arbeidsplassen vert av fleire vurdert som ein viktig faktor i utvikling av kunnskap. Det er likevel ikkje utan relevans korleis slik opplæring skjer, og Eraut (2004) peikar på at opplæringa må vere godt planlagt og tima om den skal vere til nytte. Vidare er det viktig med gode støttesystem. Sidan den norske barnehagen er prega av mangfold i storleik og organisering, vil det variere i kva grad forskulelærarar opplever å ha eit kompakt støttesystem av andre profesjonelle. Frå artikkelen ser vi at nyutdanna forskulelærarar opplever mangel på systematikk i introduksjonen. Gjennom FluData finn vi dessutan at berre sju prosent av forskulelærarane er heilt samde i at dei får systematisk opplæring for å utvikle seg i rolla. Manglande fagleg støtte kan innebere at ein blir assimilert inn i ein eksisterande kultur, utan fagleg styrke til å ta eit oppgjer med denne. Dette finn vi støtte for hos Eik (2013), som konkluderer med at nyutdanna forskulelærarar i liten grad går inn i gjensidige læringsprosessar på arbeidsplassen, noko ho relaterer til spenningsfeltet mellom ein horisontal og vertikal diskurs og til mangelfull kommentatorkompetanse. Resultatet av manglande fagleg

støtte, kombinert med svak fagleg styrke, kan føre til at faglege utfordringar vert individualiserte og privatiserte.

Guile og Young (2003) peikar på at det er skilnader mellom arbeidsplassar med omsyn til vilkår for kunnskapsutvikling. «Knowledge rich workplaces» (ibid. s.73) gir hove til å delta i spesialiserte arbeidsfellesskap og gjennom å delta i ulike aktivitetar får dei involverte utvikla kunnskapen sin. Dei nemner medisinstudentar som ei slik gruppe. Eg refererte ovanfor til førskulelæraryrket som eit praktisk yrke, men det er også legeyrket og fleire andre profesjonar. Skilnaden ligg kanskje hovudsakleg i korleis legane baserer handlingane sine på vitskapleg kunnskap. Vi finn også ein sterkare kamp om posisjonar og vern om arbeidsoppgåver mellom yrkesgrupper på sjukehus enn i barnehagen. Dette kan også bidra til at det vitskaplege kunnskapsgrunnlaget kjem tydelegare fram.

Lave og Wenger (1991) sitt omgrep *legitim perifer deltaking* er uttrykk for ei oppfatning av at nykomaren kan vekse inn i eit praksisfellesskap og gradvis ta større ansvar for arbeidsoppgåvene. Slik kunne denne teorien vere eit nyttig bidrag i hove til læring på arbeidsplassen. Teorien har hatt stort gjennomslagskraft dei seinare åra, og eg ønskjer difor å løfte fram nokre kritiske moment relatert til førskulelærarar si kvalifisering til yrket. Lave og Wenger tek ikkje opp den individuelle situeringa, noko som inneber at individuelle læringsbaner i liten grad har fokus for teorien. Det har også vore hevda at teorien ikkje er tilstrekkeleg for å forklare og forstå korleis læring tileigna i ein kontekst kan vere til nytte i ein annan (Tuomi-Gröhn, Engeström & Young, 2003). Til dømes vert grensekryssingsperspektivet, og at individet samlar erfaring gjennom ulike arenaer i livsløpet, i liten grad tatt omsyn til (Heggen, 2010). Grensekryssingsperspektivet legg mellom anna vekt på at overgangar til nye erfaringar er kjelde for læring. Eit einsidig fokus på det som vert lært gjennom praksisfellesskapet, kan bidra til å diskvalifisere kunnskapen førskulelæraren har tileigna seg gjennom utdanninga, og bryte med tanken om at kvalifisering skjer både formelt og uformelt. Guile og Young (2003) kritiserer Lave og Wenger for å nedvurdere verdien av å tileigne seg kunnskap som ikkje er erfaringsbasert og knytt til spesifikke kontekster. Dei peikar også på at læring i moderne yrke i tillegg til læring gjennom deltaking føreset tileigning av kunnskap som ikkje nødvendigvis er tilgjengeleg i det aktuelle praksisfellesskapet (ibid.). Dette vert stadfest av informantane i artikkelen tre, som skildrar korleis utdanninga har bidrige med ein annan form for kunnskap enn dei har møtt gjennom mange år i yrket. Utdanningskunnskapen har i særleg grad gitt dei verktøy for å kunne

reflektere over praksis og dermed også støtte i å kunne analysere denne på eit plan utover handlingsnivået.

Lave og Wenger sitt perspektiv kan vere særleg problematisk i ein kontekst der mange førskulelærarar går direkte inn i leiarstillingar i eit arbeidsfellesskap der fleirtalet er utan formell utdanning. Det vil også vere utfordrande å ta ei perifer rolle dersom ein kjem inn i eit arbeidsfelt med det ein oppfattar som därleg pedagogisk praksis. Å ta ei perifer rolle vil då generelt gi stor makt til dei ufaglærte og ha konsekvensar for utviklinga av ein profesjonell identitet som førskulelærarar (Steinnes, 2007). Slik vil det også kunne svekke legitimiteten.

## 6.3 Profesjonsutøving i barnehagefeltet

### 6.3.1 Arbeidsdeling

Den svake differensieringa i arbeidsoppgåver mellom førskulelærarar og assistentar, som er drøfta i fleire av artiklane, kan representera fysiske og administrative rammer som påverkar korleis førskulelæraren forstår og meistrar den profesjonelle rolla. Vi har gjennom artiklane sett at assistentar og førskulelærarar er like mykje involverte i majoriteten av arbeidsoppgåver, og at dette samsvarar med kva oppgåver dei to gruppene meiner høver best for dei respektive yrkesgruppene. Assistentar og førskulelærarar ser altså ut til å oppfatte kvarandre som like kompetente til å utføre dei fleste oppgåver. Funna stadfestar oppfatninga av ein flat struktur og ein likskapskultur i barnehagen, slik vi også finn det i forsking frå 1970-og 1980 talet (Bastiansen, 1986; Løkken, 1992). Det kan altså sjå ut til at på nokre område er endringane små, trass i at barnehagefeltet har ein heilt annan dimensjon i dag enn for 30 år sidan.

Årsakene til arbeidsdelinga kan vere ulike, men barnehagen si organisering og personalsamansetjing er særleg relevant. Både forholdstalet mellom assistentar og pedagogar og at barnehagen sin pedagogikk legg vekt på at omsorg og læring er integrerte gjennom heile dagen, gjer ei slik arbeidsdeling nødvendig for å få kvardagen til å henge saman. Det vil ikkje vere nok førskulelærarar i barnehagen til å dekke heile barnehagen si opningstid, og dermed må assistentane kunne utføre alle former for oppgåver. Alternativet er å innføre ei pedagogisk kjernetid som vil bryte med den heilskaplege modellen for barnehagar som Noreg har tradisjon for.

Med referanse til både rammefaktorteorি og Abbott (1988) sine perspektiv på korleis profesjonar utviklar seg, vil det at førskulelæraren er i mindretal i personalet representere ei

særleg utfordring i profesjonaliseringsprosessen. Mange førskulelærarar vil mangle støtte i utforming av rolla, dersom dei nærmeste samarbeidspartane er assistentar. Det vil også ha konsekvensar for korleis det er mogleg å fordele arbeidsoppgåver, og det at andre utan utdanning gjer dei same arbeidsoppgåvene, utfordrar eksklusiviteten. Likevel kan ein hevde at det vil vere mogleg å utnytte handlingsrommet på ulike måtar frå barnehage til barnehage (Dahllöf, 1967; Lundgren, 1984). Når arbeidsdelinga ser ut til å vere lik i majoriteten av barnehagane i undersøkinga, kan dette ha samanheng ikkje berre med fysiske og administrative rammer, men også med kva rådande ideologi som styrer barnehagefeltet. Mellom anna kan dette handle om ein kultur der likskap mellom yrkesgrupper vert framheva som eit ideal, slik det vert skildra i intervjuet med dei erfarte assistentane og som vi finn støtte for i fleire forskingsprosjekt (Børhaug, mfl., 2011; Løkken, 1992; Mørkeseth, 2012; Nørregård-Nielsen, 2006). At denne ideologien er sterkt, kan også forklare at den har fått dominere feltet gjennom fleire tiår.

I boka «Kritisk og begeistret» spør forfattarane om førskulelæraren si identifisering med assistentane bidreg til ei nedvurdering av eigen profesjonelle yrkesrolle og ei innskrenking av handlingsrom og autonomi (Greve, mfl., 2014). Forholdstalet mellom førskulelærarar og assistentar kan tvinge fram ein slags solidaritet der førskulelæraren må løfte fram og verdssetje assistentane sin kompetanse for å få gjennomført arbeidet. Å identifisere seg med assistentane vil kunne gjøre det lettare å akseptere at det er nødvendig å delegerere arbeidsoppgåver, og det kan til og med opplevast som ei utviding av handlingsrommet i den praktiske kvarldagen. At dette i lys av Abbott (1988) og Freidson (2001) si forståing av grunnlaget for profesjonar kan bidra til å svekke førskulelæraren sin jurisdiksjon og autonomi, vert då underordna. Sjølv om arbeidsdelinga i utgangspunktet er basert på praktiske meir enn ideologiske og strategiske val, kan dei praktiske konsekvensane verke inn på ideologiske forestillingar over tid slik at handlingsrommet vert innskrenka. Ifølgje Abbott (1988) vert profesjonar forma i interaksjon med omgjevnadene. Ein praksis med svakt differensiert arbeidsdeling, kombinert med ein kultur der omsorg og likskap vert framheva som ideal, kan bidra til segmentering av ein dominerande ideologi som får konsekvensar for utøving av rolla. Å derimot framheve førskulelæraren sin profesjonelle kunnskap, kan bli sett på som ei undertrykking av assistentane sin status og posisjon. I eit felt der «mjuke» verdiar er særleg verdsette, kan dette verte oppfatta som illojalt (Aasen, 2012). I ein likskapskultur kan førskulelæraren oppleve det som uakseptabelt å framheve eigen fagkunnskap som grunnleggande viktig for arbeidet. Både

fordi ein er avhengig av å bygge tillitsrelasjonar til assistentgruppa, men også fordi eit fokus på manglande kunnskap kan utfordre ei oppfatning av at barnehagertilbodet er prega av høg kvalitet. I sin tur ville ei slik erkjenning kunne medføre ei svekking av profesjonen sin legitimitet.

### **6.3.2 Kraftfulle kulturelle reiskapar?**

Kulturelle reiskapar og medierande artefakt kan vere både konkrete og abstrakte. Konkrete artefakt er representert gjennom til dømes arbeidsdeling og organisering, medan kva språk som vert nytta eller kva ein snakkar om, er uttrykk for abstrakte artefakt. Språket heng tett i hop med kva som er gjeldande diskurs, og korleis ein vel å ordlegge seg, vil styre kva som vert tillagt vekt, slik det er vist i kapittel 6.4.1. I dette kapitlet ser eg nærmare på nokre arbeidsoppgåver som kan utgjere særleg kraftfulle kulturelle reiskapar.

Ved fleire høve er det slått fast at det er svak differensiering mellom assistenter og førskulelærarar med omsyn til kva arbeidsoppgåver dei utfører og kven dei opplever som best eigna for å gjennomføre desse oppgåvene. Likevel kan vi identifisere nokre skilnader i arbeidsoppgåver som foreldresamarbeid, spesialpedagogisk arbeid og skuleførebuande aktivitetar. Her er særleg førskulelærarane sameinte om at desse høver best for førskulelærarar, medan assistenterne er delte i synet på dette. Ei forklaring på at førskulelærarane framhevar nettopp desse oppgåvene, kan vere at dei har ein særskilt symbolsk verdi i kampen om posisjonar. Alle arbeidsoppgåvene har innslag av samarbeid med eksterne aktørar som gir førskulelæraren høve til å synleggjere sin kunnskap. I tillegg er gjerne formelle læringssituasjonar, og særskilt skuleførebuande aktivitetar, assosiert med høgare status. Vi ser her nokre trekk som liknar på profesjonskampen i islandske barnehagar (Jóhnsdóttir, 2012). Det kan vere lettare å argumentere for at det er nødvendig med særskilt kompetanse for å gjennomføre slike oppgåver, sidan dei er meir avgrensa og målbare, og mindre pedagogisk diffuse enn mange av dei andre aktivitetane i barnehagen. Det er også lettare å dokumentere resultat og dermed også lettare å ramme inn og klassifisere (Bernstein, mfl., 2001). Dei spesifikke arbeidsoppgåvene kan såleis representere særskilt kraftfulle reiskapar som gir profesjonen ein sterkare posisjon. Her ser vi parallelar til profesjonsteori og det som i Abbott (1988) sitt perspektiv kan omtala som «reine» pedagogiske oppgåver (Smeby, 2014).

Førskulelærarane nyttar også meir tid enn assistentane på administrasjon og planlegging. Dette er gjerne typiske leiaroppgåver som kan ha stor innverknad på det faglege innhaldet i barnehagen og som kunne bidra til å styrke profesjonen si rolle. Som det går fram av intervjuet, meistrar mange førskulelærarar ikkje godt nok å kommunisere innhald og relevans av dette arbeidet til assistentane, noko som fører til frustrasjon over at førskulelæraren er borte frå arbeidet på avdelinga. Dette samsvarar med studien til Bastiansen (1986) som konkluderer med at arbeidet med planlegging og administrasjon var usynleg for andre enn førskulelærarane sjølv. Smeby (2014) viser til at arbeidsdeling med utgangspunkt i stilling, ikkje nødvendigvis reflekterer ein aksept av ein særskild ekspertise, men at det primært er uttrykk for organisatorisk profesjonalitet ovanfrå. Dermed bidreg desse arbeidsoppgåvene i liten grad til styrkt legitimitet.

## **6.4 Anerkjenning av den profesjonelle rolla**

Legitimitet er sentralt for jurisdiksjon og for utvikling av ei konsistent, profesjonell rolle, og kan vere relatert både til juridiske og pedagogiske rammer. I kva grad førskulelærarar meistrar å kommunisere kva som er sentralt i den profesjonelle kunnskapsbasen, og korleis denne kunnskapen er viktig og relevant for det pedagogiske arbeidet i barnehagen, kan vere viktig for å oppnå legitimitet og anerkjenning i yrket. Legitimitet og anerkjenning vil i sin tur vere grunnleggande for meistring av rolla.

### **6.4.1 Språket som grunnlag for profesjonell autoritet**

Språket er, som det vart vist til i teorikapitlet, eit medierande artefakt som påverkar praksis og kan ha innverknad på førskulelæraren si meistring av rolla. For å nå fram og for å behalde sin autoritet, er fagleg argumentasjon sentralt. Skal førskulelæraren vidareutvikle sin profesjonelle kunnskap, føreset også dette ei språkleggjering av profesjonell praksis. Det profesjonelle språket vil vere ein viktig del av den abstrakte akademiske kunnskapen, eit symbolsk uttykk (Vygotskij, 2001) som bidreg til å oppretthalde makt og prestisje innanfor jurisdiksjonen. Det vil såleis vere viktig at førskulelærarane er medvitne om kva språk dei nyttar i samarbeidet med lekfolk og andre profesjonsgrupper. Dette finn vi støtte for i Eik (2014) si avhandling om nyutdanna førskulelærarar, der ho mellom anna nyttar Hellesnes sitt omgrepsspar aktørkompetanse og kommentatorkompetanse (Hellesnes, 1994). Kommentatorkompetanse er her knytt til språkleggjering av handlingar, der ein er i stand til å grunngje og analysere praksis. Å kunne setje ord på handlingar er ein føresetnad for å kunne reflektere over desse. Aktørkompetanse relaterer seg til sjølve utføringa av handlingane. Skal

førskulelæraren vinne fram i forhandlingar om særskilte roller i høve til assistentane, må dei kunne definere kva som skil denne gruppa sin kunnskapsbase frå andre sin, og som gjer dei særleg kvalifiserte for spesifikke oppgåver. Det profesjonelle språket kan bidra til å gjere ekspertisen tydeleg for andre, og vere eit verkemiddel i «kampen» om definisjonsmakt. Her ligg det truleg ei særskilt utfordring i at det i det pedagogiske arbeidet i barnehagen kan vere vanskeleg å skilje fagspråket frå kvardagsspråket. Når pedagogane er i mindretal som fagutdanna, kan dei mangle støtte i sine forhandlingar. Særleg utfordrande ser dette ut til å vere for nyutdanna, som kan mangle legitimitet og tryggleik i sin faglege ståstad (Steinnes, 2010; Ødegård, 2011). Ifølgje Ødegård har dette samanheng mellom anna med at utdanninga har gitt eit uklart teoretisk fundament. Vi har sett at nyutdanna med og utan lang erfaring frå arbeid som assistent før utdanninga, har ulike vilkår for forhandlingar (Steinnes, 2013). Dei erfarne kjenner feltet frå innsida, og gjennom arbeidet som assistent har dei også kjennskap til eventuelle motstandsmekanismar i tilhøvet mellom pedagogar og assistentar. Dette kan gi dei strategiske fordelar i forhandlingsprosessen som nyutdanna utan slik erfaring manglar.

Samstundes viser Eik (2014) sin studie at kvardagsspråket ikkje fangar opp kompleksiteten i det pedagogiske arbeidet. Kvardagsspråket vil i lys av dette ikkje vere tilstrekkeleg i analysar og refleksjon over praksis, eller som støtte i førskulelæraren si profesjonelle utvikling. Å synleggjere den faglege kunnskapsbasen gjennom kva språk ein nytta, kan difor vere avgjerande for å oppnå profesjonell autoritet.

#### **6.4.2 Kampen om jurisdiksjonen?**

Makt og kontroll over arbeidet er sentralt i tilhøvet mellom profesjonar. Policy-nivået, som til dømes barnehagelova og rammeplanen for barnehagen sitt innhald, representerer ein overordna diskurs og vil såleis også bere i seg element av makt (Foucault, 1999). Med bakgrunn i analysar gjorde av både arbeidsdeling og synet på kompetanse (vedlegg 3) er det vanskeleg å sjå konturar av ein sterk profesjonskamp i barnehagen, der førskulelærarane er opptekne av å verne om sin jurisdiksjon. Førskulelærarane har få formelle retningslinjer å støtte seg til i ein diskusjon omkring arbeidsdeling. Utover at Lov om barnehagar (Kunnskapsdepartementet, 2005) stiller krav om at styrar og pedagogisk leiar må ha utdanning som førskulelærar, finn ein lite støtte i lova for utforming av den profesjonelle rolla. Rammeplanen viser til at styrar og den pedagogiske leiaren... «har eit særleg ansvar for å planleggje, gjennomføre, vurdere og utvikle oppgåvene og innhaldet i barnehagen» (Kunnskapsdepartementet, 2011b, s. 21). Når rammeplanen elles konsekvent nytta omgrepet

«barnehagen skal» og «personalet skal», bidreg ikkje dette til å bygge opp under førskulelæraren sitt særskilde ansvar. Manglande konkretisering føreset at den einskilde førskulelærar les si forståing inn i dette. Resultatet vert gjerne at ein fylgjer den aktuelle barnehagen sine tradisjonar for arbeidsdeling. Eit anna perspektiv er at manglande differensiering mellom dei ulike gruppene kan vere eit resultat av at assistentane i kraft av å vere i overtal, og dermed uunnverlege, nettopp har lukkast i *sin* kamp om posisjon og status. Slik kan denne gruppa utgjere «power-holders» med stor uformell makt, som er omtalt av Bandura (1997).

Fleire forskrarar har hevda at det kan sjå ut til at førskulelærarane ikkje utnyttar potensialet i profesjonaliseringa (Kinos, 2008; Nørregård-Nielsen, 2006; Smeby, 2014). Arbeidet er av ein karakter som det kan vere vanskeleg å synleggjere som profesjonelt arbeid, og førskulelærarane lykkast ikkje i å stenge andre grupper ute (ibid.). Ovanfor har eg drøfta korleis språket kan vere sentralt for å gjere den profesjonelle kunnskapsbasen synleg for andre. I det eg har omtalt som eit lekemannsprega felt med vekt på likskapstenking og flat struktur, er det likevel ikkje sikkert at førskulelæraren vil verte møtt med aksept for denne kunnskapen. Dette rører ved det eg oppfattar å vere eit kjernepunkt, og som også kan synleggjere viktige dilemma i tilhøvet mellom pedagogikk og profesjonsteori. I eit profesjonsperspektiv vil det vere viktig å profilere profesjonen gjennom å verne om arbeidsoppgåver og få tydeleg fram kva som er førskulelæraren sin særskilde kompetanse (Abbott, 1988; Freidson, 2001). Det ser ikkje ut til at dette er ein strategi som gir gjenklang hos førskulelærarane (Smeby, 2014). Ei årsak kan vere at det bryt med likskapsideologien i banehagen. Slik personalsituasjonen i norske barnehagar er per i dag, vil førskulelærarane sitt handlingsrom dessutan vere avgrensa. Dei må ta inn over seg at fleirtalet av dei tilsette manglar relevant utdanning. Å heve kompetansen i assistentgruppa vil vere eit omfattande arbeid og eit ansvar førskulelæraren ikkje kan ta hand om aleine. Dette er eit ansvar som må institusjonaliserast. For å meistre arbeidet og sørge for best mogleg kvalitet, vil førskulelærarane likevel vere avhengige av eit tett og godt samarbeid med assistentane. Dei må gi assistentane tru på at dei har noko å bidra med, slik at desse kan utføre arbeidet sjølvstendig når det er behov for det. I dette perspektivet vil det kunne vere vanskeleg å framheve førskulelæraren sin særskilde kompetanse som særleg viktig for barnehagen sitt arbeid. I ytste konsekvens kan dette vere eit spørsmål om status kontra kvalitet, der

førskulelærarane ved å profilere eigen posisjon og kunnskap skaper motstand i assistentgruppa, og dermed reduserer føresetnadene for fagleg utvikling i personalet.

## 7.0 Konklusjon

Korleis yrket er verdsett i samfunnet, vil ha konsekvensar for korleis yrkesrolla vert opplevd og dermed også på kjensla av meistring. Manglande eksklusivitet med omsyn til kva kompetanse som vert oppfatta å vere relevant for å arbeide i barnehagen, kan bidra til å svekke førskulelærarprofesjonen sitt juridiske vern. Ei generell oppfatning om at det viktigaste for å arbeide i barnehagen er at ein har ei form for allmennkunnskap, kan prege førskulelæraren si oppfatning av eigen kompetanse. Som eg har vore inne på ved fleire høve, er førskulelærarane likevel sjølvé bidragsytarar til diskursen om barnehagar, og dei har handlingsrom innanfor overordna rammer.

Nyutdanna førskulelærarar kan oppleve manglande støttesystem i møtet med yrket<sup>24</sup>. Dette handlar om rettleiing, om systematisk introduksjon og for mange at dei kan mangle andre førskulelærarar å identifisere seg med i det daglege arbeidet. Utover det som er særskilt knytt til det å vere ny, vil utfordingane på mange måtar vere felles for nyutdanna og erfarte. Vi ser at når det gjeld vurdering av kva som er viktig kompetanse i yrket, vurderer førskulelærarane fagkunnskapar høgare til lengre dei har vore i yrket. Likevel vert fagkunnskapane vurderte som mindre viktige enn verdiar og haldningar og personlege evner, uavhengig av arbeidserfaring. Når førskulelærarane verdset personlege evner og verdiar og haldningar høgare enn fagkunnskap, kan dei bidra til ein diskurs som støttar opp under ei folkeleggjering av den profesjonelle kunnskapsbasen. Dersom førskulelæraren sin kunnskap vert redusert til allmennkunnskap, noko kven som helst med litt interesse for og erfaring med barn kan tileigne seg, kan profesjonen miste sin legitimitet.

Avhandlinga konkluderer med at barnehagen er prega av lite differensiert arbeidsdeling mellom førskulelærarar og assistenter. Denne arbeidsdelinga, kombinert med korleis dei ulike gruppene vurderer eigen og kvarandre sin kompetanse, bidreg til manglande synleggjering av førskulelæraren sitt særskilde kunnskapsgrunnlag. Avhandlinga har likevel identifisert nokre arbeidsoppgåver der førskulelærarane ser ut til å ha eit tilnærma monopol på ansvar. Desse oppgåvene har eg definert som særleg kraftfulle reiskapar ved at dei er lettare å avgrense og er

---

<sup>24</sup> Etter at MAFAL-studien gjennomførte si datainnsamling, er det vedteke ein intensjonsavtale om at nyutdanna førskulelærarar skal få tilbod om systematisk rettleiing første året i yrket.

prega av ei sterkare klassifisering enn mange andre pedagogiske oppgåver. Utfordringa er at desse er tidsmessig marginale aktivitetar og at symbolverdien difor er avgrensa.

Basert på analysar av korleis førskulelærarane vurderer eigen kunnskap samanlikna med assistentane (FluData), ser ein ikkje konturar av ein sterk, fagleg kunnskapsbase. Gjennom intervju med dei tidlegare assistentane finn vi likevel konkrete døme på at desse studentane har tileigna seg kunnskap gjennom utdanninga, som gjer at dei tenkjer og handlar annleis enn dei gjorde då dei arbeidde som assistenter. Ikkje minst har den teoretiske kunnskapen gitt eit anna grunnlag for refleksjon over praksis. Denne kunnskapen er gjerne lite synleg for andre og er difor avhengig av å verte artikulert for at andre skal få innsyn i den. Gjennom å kjenne feltet frå innsida opplever dei erfarte også å ha strategiske fordelar i forhandlingsprosessen med assistentane. Denne kunnskapen kan vere nyttig. Dersom førskulelærarane underkommuniserer eigen kunnskap og vurderer assistentane som like kompetente som dei sjølve, undergrev dei sin eigen posisjon. Førskulelærarane må difor sjølve ta ansvar for profesjonen. Ei særleg utfordring er at førskulelærarane sin profesionalitet står under press ved at dei på den eine sida skal vere garantistar for kvalitet i barnehagetilbodet, samtidig som dei i eit profesjonsperspektiv må verne om profesjonen sine grenser om dei skal lukkast med å styrke førskulelærarane sin status. Dette presset vert aktualisert gjennom samansettjinga av personalet og barnehagen si heilskaplege organisering, der omsorg og læring er integrerte prosessar. Det vil difor vere vanskeleg å stenge assistentane ute frå dei daglege oppgåvene om barnehagekvardagen skal fungere. Eit alternativ tiltak for å styrke den profesjonelle rolla, kunne vere at førskulelærarane bidrog til at assistentane si kompetanse vart heva til eit slikt nivå at desse kunne ta sjølvstendig ansvar for ein del av oppgåvene, medan førskulelærarane kunne konsentrere seg om spesialisert oppgåver. Denne tanken ser ikkje ut til å ha gjenklang blant førskulelærarane, og dette potensialet for å styrke profesjonen er i liten grad nyttig.

Artikkelen fire summerer opp utfordringane i førskulelærarane si profesjonelle utvikling og peikar på den flate strukturen som ei særskild utfordring. Med utgangspunkt i den rammefaktorteoretiske tilnærminga vert det konkludert med at for å endre den flate strukturen, er det nødvendig med fleire ulike tiltak. Desse omfattar både barnehagen sitt indre liv og organisering, kompetanseheving på fleire nivå og endringar i utdanninga. Utdanninga må bidra til at ferdigutdanna kandidatar har eit medvit omkring eigen kunnskapsbase, slik at denne kan nyttast som grunnlag for kvalitativt god pedagogisk praksis. Fleire studiar har vist

at utdanninga må bidra til å utstyre forskulelærarane med omgrep som gjer dei i stand til å analysere og drøfte eigen praksis (Eik, 2013; Ødegård, 2011). Førskulelærarane må vidare lære å vere kritiske og reflekterte for å vere i stand til å «fronte» eigen kunnskap og stå opp for eigen profesjon i møtet med eit lekmannsprega felt. Dei må kunne grunngje sine planar, intensjonar og haldningar slik at desse vert synlege for andre.

Ikkje minst vil auka pedagogettleik kunne gi ein annan støttestruktur for utvikling av ei fagleg rolle enn det som er gjeldande i dag. Dette føreset politisk vilje til endring, og det føreset medvit hos førskulelærarane sjølv. Om endringane som er gjorde i ny barnehagelærarutdanning vil ha effekt på struktur og innhald i barnehagen, står igjen å sjå. Arbeidsgruppa for revisjon av Rammeplan for barnehagen, gjorde eit aktivt grep ved å foreslå ei tydelegare presisering av kva som skal vere pedagogane sitt særskilte ansvar. Dette arbeidet er per i dag lagt på is, så om innspelet vert tatt til følgje, er i skrivande stund uvisst. Eg har vore inne på at ei omfattande kompetanseheving av assistentgruppa vil vere eit stort løft, som førskulelærarane ikkje aleine kan ta hand om. Eit tiltak for auka kvalitet er satsinga på kvalifisering av assistenter, både gjennom KOMPASS<sup>25</sup> (kompetanseheving for assistenter) og arbeidsplassbasert barnehagelærardanning der assistenter kan ta barnehagelærarutdanning på deltid parallelt med at dei er i arbeid. Det siste tiltaket kan bidra til å redusere talet på dispensasjonar frå utdanningskravet. Det første tiltaket vil heve kompetansen i personalet og dermed kunne ha innverknad på kvaliteten i det pedagogiske tilbodet, men det vil ta tid og vil truleg ikkje i seg sjølv bidra til å endre strukturen i arbeidsdelinga. Det sterkeste verkemiddelet for ei endring i struktur, nemleg ei lovfesting av fleire pedagogar, ser ikkje ut til å verte innfridd med det første.

At yrkesutdanningar vert oppgraderte til høgare utdanning, kan både forståast som eit resultat av statlege utdanningsreformer og som ein konsekvens av at yrkesgruppene har intensjonar om profesjonalisering av eige yrke. Førskulelærarane ser likevel ikkje ut til å nytte potensialet i ei profesjonalisering fullt ut ved at dei ikkje godt nok synleggjer kva som er eksklusivt i eigen kunnskapsbase. Dette er ei utfordring også utanom Noreg (Nørregård-Nielsen, 2006). Profesjonell kompetanse vert utvikla både gjennom utdanning og gjennom profesjonell praksis. Ufaglærte med lang erfaring kan derfor utfordre den profesjonelle autoriteten, ikkje

---

<sup>25</sup> Initiert av Kunnskapsdepartementet og gjennomført i samarbeid mellom UH-sektoren og Fylkesmannen

minst i høve til nyutdanna profesjonsutøvarar. Arbeidsdeling med utgangspunkt i stilling (leiaransvar) kan sjåast på som eit resultat av organisatorisk profesjonalisering ovanfrå og reflekterer ikkje nødvendigvis at denne ekspertisen er akseptert. Den lite differensierte arbeidsdelinga som går igjen i datamaterialet, kan tyde på at profesjonaliseringsprosjektet er tufta på eit svakt grunnlag med manglande støtte i barnehagen sitt personale. Overordna føringar, representerte gjennom planverk og formelle reguleringar, speglar dessutan ein samfunnsdiskurs der forskulelæraren i liten grad kan hente støtte for dette prosjektet utanfrå.

Avhandlinga sine funn og konklusjonar baserer seg på tolkingar og gir ikkje grunnlag for å trekke slutningar om kausale samanhengar. Intensjonane har primært vore å skaffe fram kunnskap om feltet, som i sin tur kan bidra til diskusjonar om barnehagen generelt og førskulelærarolla spesielt. Ramma for avhandlingsarbeidet gjer at det har vore nødvendig å gjere avgrensingar. Avslutningsvis vil eg kommentere nokre område som kan vere aktuelle for vidare forsking, sett i lys av eiga forsking.

## **8.0 Avsluttande kommentarar**

### **8.1 Avhandlinga sitt bidrag**

Avhandlinga sitt særlege bidrag samanlikna med andre studiar på barnehagefeltet, har sitt utspring både i val av teoretiske perspektiv og i empiri. At det er nytta perspektiv både frå pedagogikk og profesjonsteori, gir tilgang til ei forståing av forskulelærarane sin profesjonaliseringsprosess, samstundes som det synleggjer dilemma i denne prosessen slik det er vist i drøftinga. Avhandlinga viser korleis forskulelæraren kan stå i eit krysspress mellom omsynet til kvalitet i barnehagetilbodet og omsynet til vern om profesjonen sin jursidiksjon og legitimitet, og markering av profesjonalitet. Empirisk har studien eit breitt grunnlag. MAFAL-studien involverer både forskulelærarar og assistenter, og studien omfattar eit stort tal barnehagar. Det gir tilgang til ei innsikt som andre studiar av nyare dato ikkje gir. Ved at ein har innhenta data både frå forskulelærargruppa og assistentgruppa gir studien viktig kunnskap om korleis dei ulike gruppene vurderer sin eigen og kvarandre sin kompetanse, i tillegg til kva dei oppfattar å vere sentral kompetanse i arbeidet i den norske barnehagen. Vidare gir studien tilgang til konkret kunnskap om arbeidsdelinga mellom grupper av tilsette, som ein ikkje har hatt tidlegare.

Sidan den norske barnehagmodellen skil seg frå modellar utanfor Norden, er det viktig å studere den norske barnehagen særskilt. Ei utfordring når ein skal studere korleis utdanninga bidreg til kvalifisering, er at ein sjeldan har tilgang på informantar som har utført det same arbeidet før og etter utdanninga. Til vanleg er det ein premiss for profesjonsutøvarar at dei må ha utdanning for å få tilgang til yrket. Her gir artikkel tre i avhandlinga, *Frå assistent til forskulelærar*, eit særleg viktig bidrag når den studerer forskulelærarstudentar, som tidlegare har arbeidd som assistenter, i siste semester av utdanninga. Det empiriske materialet gir her innspel på korleis utdanninga kan bidrega til endringar i kunnskapar, ferdigheter og haldningar som kan ha konsekvensar for det pedagogiske arbeidet.

### **8.2 Område for vidare forsking**

MAFAL-studien baserer seg hovudsakleg på sjølvrapportering, og på nokre område er dette ikkje tilstrekkeleg for å få innsikt. Særleg gjeld dette korleis personalet nyttar tida si til ulike aktivitetar. Vi finn at forskulelærarane har mindre tid saman med borna enn assistentane, noko som var eit venta funn utifrå den forkunnskapen ein hadde om barnehagar. Førskulelærarane har planleggingstid, og dei deltek i fleire møte enn assistentane. Å vurdere kor stor del av tida

ein sjølv nyttar til ulike former for arbeid vil likevel vere utfordrande. Svara her vil truleg vere noko omtentlege. For å få nærmare kunnskap om kva dei ulike gruppene konkret nyttar tida til, både saman med og utanfor barnegruppa, vil ein tidsbruksstudie vere særleg aktuell.

Det vil også vere behov for studiar som undersøkjer nærmare kva konsekvensar utdanninga har for den pedagogiske praksisen, og om dei skilnadene ein finn i svara frå forskulelærarar og assistenter, gir utslag i ulike arbeidsmåtar. Ein stipendiat innanfor MAFAL-prosjektet studerer assistenter og forskulelærarar i samlingsstund og femårs-klubb gjennom observasjon, noko som vil gi innsikt i korleis dei ulike yrkesgruppene gjennomfører slike vaksenstyrte aktivitetar. Dette er likevel relativt avgrensa aktivitetar som skil seg frå mange av dei meir «flytande» aktivitetane, og vi treng difor eit breiare bilet av den pedagogiske praksisen. Dette handlar også om i kva grad forskulelærarane meistrar å rekontekstualisere kunnskapen frå utdanninga til yrkesfeltet og såleis gjere seg nytte av kunnskapen som grunnlag og støtte for profesjonell praksis.

Ein har i dag tilgang til longitudinelle, kvantitative data gjennom StudData-basen. Å kople desse opp mot longitudinelle, kvalitative studiar vil vere nyttig for å få innsikt i korleis forskulelæraren utviklar seg fagleg gjennom yrkeslivet. Dette er spørsmål ein ikkje får svar på gjennom MAFAL-prosjektet, men som er særleg relevante i lys av dei skilnadene ein finn mellom forskulelærarar som har arbeidd meir enn 20 år i barnehagen og dei som er utdanna i seinare tid.

I den kvalitative delen av min studie, ser vi at forskulelærarstudentar med tidlegare erfaring som assistent, gav til kjenne eit særleg medvit om det faglege grunnlaget for praksis og at dei var opptekne av at dei var fagpersonar. Dei uttrykte også at bakgrunnen som assistent gav dei eit fortrinn i høve til at dei kjende til ulike motstandsmekanismar blant assistentgruppa. Det er naturleg at dei ved slutten av ei utdanning der dei er på veg inn i ei ny rolle, ønskjer å distansere seg frå rolla som assistent. Det er difor mogleg at det medvitet dei gir uttrykk for knytt til skilnaden mellom forskulelærarar og assistenter sin kunnskapsbase, ikkje kjem like godt til uttrykk i praktisk handling. Det ville vere særleg interessant å studere desse forskulelærarane etter nokre år i arbeid for å undersøke om det faglege engasjementet er like sterkt til stades som ved slutten av utdanninga, og om det faglege medvitet har konsekvensar for pedagogisk praksis.

Ein er no i gang med ei ny barnehagelærarutdanning som skal vere profesjonsretta og som skal styrke komande barnehagelærarar som leiarar. Det vil vere viktig å studere utdanninga undervegs, noko som vonleg vert tatt i vare gjennom den etablerte følgjegruppa. Særleg aktuelt er praksis i utdanninga som forskingsfelt, med tanke på korleis komande barnehagelærarar vert sosialisert inn i yrket. Ikkje minst vil det vere relevant å følgje dei nyutdanna barnehagelærarane i ulike fasar etter utdanninga, for å få innblikk i om utdanninga har bidrege til ei anna forståing av eiga rolle enn for tidlegare utdanna førskulelærarar. Her vil både StudData-basen og FluData kunne nyttast som utgangspunkt for samanlikning.

## 9.0 Litteraturliste

- Aasen, W. (2012). *Teamledelse i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Abbott, A. (1988). *The System of Professions: An essay on the division of expert labor*. Chicago: The University of Chicago Press.
- Alvestad, M. (2010). Perspektiver på læring i barnehagen. I Ø. Kvello (Red.), *Barnas barnehage 1. Målsettinger, føringer og rammer for barnehagen* (s. 101-117). Oslo: Gydendal Akademisk.
- Arfwedson, G. (1984). *Hvorfor er skoler forskjellige?* Oslo: Tanum Nordli.
- Balke, E. (1990). Kvinner som tolkere av barnehagepedagogikken. I U. Bleken, A. Sægrov, M. Gravir, E. Johannessen, & H. N. Sætre (Red.), *Barnet viste veien. festskrift til Eva Balke*. Oslo: Barnevernsakademiet i Oslo.
- Bandura, A. (1982). Self-efficacy mechanism in human agency. *American Psychologist*, 37(2), 122-147.
- Bandura, A. (1997). *Self-efficacy. The exercise of control*. New York: W.H. Freeman and Company.
- Barbour, R. S. & Kitzinger, J. (1999). *Developing focus group research: politics, theory and practice*. London: Sage.
- Bastiansen, A. (1986). *Barndom og profesjonell omsorg*. Otta: Tano
- Bayer, M. & Brinkkær, U. (2006). *Pedagogens vidensformer*. København: BUPL.
- Berger, T. & Luckmann, P. L. (2000). *Den samfunnsskapte virkelighet*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Bernstein, B. (1996). *Pedagogy, symbolic control and identity: theory, research, critique*. London: Taylor & Francis.
- Bernstein, B., Chouliaraki, L., Bayer, M. & Gregersen, F. (2001). *Pædagogik, diskurs og magt*. [København]: Akademisk.
- Billett, S. (2010). *Learning Through Practice: Models, Traditions, Orientations and Approaches*. Dordrecht: Springer Science+Business Media B.V.
- Borg, E., Kristiansen, I.-H. & Backe-Hansen, E. (2008). Kvalitet og innhold i norske barnehager. En kunnskapoversikt (Vol. 6). Oslo: NOVA.
- Bourdieu, P. & Waquant, J. D. (1995). *Den kritiske ettertanke. Grunnlaget for samfunnsanalyse*. Oslo: Det norske samlaget.
- Bowman, B., Donovan, S. & Burns, S. (2001). *Eager to learn: Educating our preschoolers*. Washington DC: National Academy Press.
- Brinkmann, S. & Kvale, S. (2005). Confronting the ethics of qualitative research. *Journal of Constructivist Psychology*, 18(2), 157-181.
- Broström, S. (2009). Den pædagogiske firkant. I *Inspirasjon og kvalitet i praksis: med hjerte for barnehagefeltet* (s. S. 139-153). Oslo: Pedagogisk forum.
- Børhaug, K., Helgøy, I., Homme, A., Lotsberg, D. Ø. & Ludvigsen, K. (2011). *Styring, organisering og ledelse i barnehagen* (bind 1). Bergen: Fagbokforlaget.
- Caspersen, J. (2013). *Professionalism among novice teachers. How they think, act, cope and perceive knowledge* (Thesis). Høgskolen i Oslo og Akershus, Oslo.
- Caspersen, J. & Frøseth, M. W. (2008). Tilbakeblikk på utdanningen. Yrkesaktivitet, mestring av yrke, oppfølging i arbeidslivet og vurdering av utdanningen (Vol. 2). Oslo: Høgskolen i Oslo, senter for profesjonsstudier.
- Caspersen, J. & Skjønsberg, A. (2009). Studentenes vurdering av førskolelærerutdanningen - resultater fra StudData. *SPS Arbeidsnotat* (Vol. 2).
- Collins, R. (1979). *The credential society. An historical sociology of education and stratification*. New York: Academic Oress.
- Dahllöf, U. (1967). *Skoldifferentiering och undervisningsförlöpp*. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Dalli, C. (2008). Pedagogy, knowledge and collaboration: Towards a ground-up perspective on professionalism. *European Early Childhood Education Research Journal*, 16(2), 171-185.

- Dalli, C., Miller, L. & Urban, M. (2012). *Early Childhood Grows Up. Towards a Critical Ecology of the Profession*. Dordrecht: Springer.
- Denscombe, M. (1998). *Forskningshandboken- för småkaliga forskningsprosjekt inom samhällsvetenskaperna*. London: Open University Press UK.
- Denzin, N. K. & Lincoln, Y. S. (2005). Introduction. The discipline and practice of qualitative research. I N. K. Denzin, & Y. S. Lincoln (Red.), *The SAGE handbokk of qualitative research* (3. utg., s. 1-32). Thousand Oaks: SAGE Publications.
- DESECO. (2002). Definition and selection of competences (DESECO): Theoretical and conceptual foundations. Neuchatel: OECD.
- Dysthe, O. (2001). *Dialog, samspel og læring*. Oslo: Abstrakt forlag as.
- Eik, L. T. (2013). I møtet mellom det spesielle og det uventede. I L. G. Lingås, & K.-R. Olsen (Red.), *Pedagogisk veileddning*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Eik, L. T. (2014). *Ny i profesjonen. En observasjons - og intervjustudie av førskolelæreres videre kvalifisering det første året i yrket*. (Monografi). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Enehaug, H., Gampiere, M. & Grimsmo, A. (2008). Arbeidsmiljøet i barnehagen AFI-notat (Vol. 9). Oslo.
- Eraut, M. (1994). *Developing professional knowledge and competence*. London: Falmer Press.
- Eraut, M. (2004). Transfer of knowledge between education and workplace setting. I H. Rainbird, A. Fuller, & A. Munro (Red.), *Workplace learning in context* (s. 201-221). London: Routledge.
- Eraut, M. (2007). Learning from other people in the workplace. *Oxford Review of Education*, 33(4), 403-422.
- Eraut, M. (2010). Knowledge, Working Practices, and learning. I S. Billett (Red.), *Learning Through Practice*. Dordrecht: Springer.
- Eraut, M. (2012). Developing a broader approach to professional learning. I A. Mc Kee, & M. Eraut (Red.), *Learning trajectories, innovation and identity for professional development* (s. 21-45). Springer Science+Business media.
- Etzioni, A. (1969). *The semi-professions and their organizations: Teachers, nurses, social workers*. New York: The Free Press.
- Fangen, K. & Sellerberg, A.-M. (2011). *Mange ulike metoder*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Fern, E. F. (1982). The Use of Focus Groups for Idea Generation: The Effects of Group Size, Acquaintanceship, and Moderator on Response Quantity and Quality. *Journal of Marketing Research* 19(1), 1-13.
- Fossåskaret, E. (1997). Ustrukturerte intervju med få informanter gir i seg selv ikke noen kvalitativ undersøkelse. I E. Fossåskaret, O. L. Fuglestad, & T. H. Aase (Red.), *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolking av kvalitative data* (s. 11-45). Oslo: Gyldendal.
- Foucault, M. (1999). *Diskursens orden*. (Tiltredelsesforelesning ved College de France 2. desember 1970 Oslo: Spartacus.
- Freidson, E. (2001). *Professionalism: the third logic*. Cambridge: Polity Press.
- Friis, H. (2014). *Tante eller pedagog? En kvantitativ studie av førskolelæreryket*. Universitetet i Oslo, Oslo.
- Glazer, J. L. (2007). Educational Professionalism: An Inside-Out View. *American Journal of Education*, 114, 169-189.
- Goffman, E. (1959). *The presentation of self in everyday life*. Edinburg: University of Edinburg. Social Sciences Research Senter.
- Gotvassli, K.-Å. (2013). *Strategisk kompetanseutvikling i barnehagen*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Greve, A. (1995). *Førskolelærernes historie: på vei mot en yrkesidentitet*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Greve, A., Jahnsen, T. T. & Solheim, M. (2014). *Kritisk og begeistret. Barnehagelærernes fagpolitiske historie*. Oslo: Fagbokforlaget.

- Grimen, H. (2002). *Samfunnsvitenskapelige tenkemåter*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grimen, H. (2008). Profesjon og kunnskap. I A. Molander, & L. I. Terum (Red.), *Profesjonsstudier* (Vol. 1, s. 71-85). Oslo: Universitetsforlaget.
- Guba, E. G. & Lincoln, Y. S. (2005). Paradigmatic controversies, contradictions, and emerging confluences. I N. K. Denzin, & Y. S. Lincoln (Red.), *The Sage handbook of qualitative research* (3. utg., s. 191-216). Thousand Oaks: SAGE publications.
- Guile, D. & Young, M. F. D. (2003). Transfer and transition in vocational education: Some theoretical considerations. I T. Tuomi-Gröhn, & Y. Engeström (Red.), *Between school and work: New perspectives on transfer and boundary-crossing*. Amsterdam: Pergamon.
- Gulbrandsen, L. (2009). *Førskolelærere og barnehageansatte* (bind 4/2009). (NOVA notat Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Gulbrandsen, L., Johanson, J. E. & Nilsen, R. D. (2002). Forskning om barnehager: en kunnskapsstatus. Oslo: Norges Forskningsråd.
- Gustafson, K. & Mellgren, E. (2008). *Yrkesroller i förskolan* (Vol. 01-2008). Göteborg: Göteborgs Universitet, Institutionen för pedagogik och didaktik.
- Gustumhaugen, K. (2013). *Blant hjertevarme og utilstrekkelighet. Ett år som barnehagelærer*. Oslo.
- Hagesæther, G. (2010). Evaluering av førskolelærerutdanning 2010. Del 1: Hovedrapport. Oslo: NOKUT.
- Halkier, B. (2010). *Fokusgrupper*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Hard, L. & Jóhnsdóttir, A. (2013). Leadership is not a dirty word: Exploring and embracing leadership in ECEC. *European Early Childhood Education Research Journal*, 21(3), 311-325.
- Haug, P. (2005). Rammeplan på tynt grunnlag. *Bedre barnehager skriftserie*, 2, 23-25.
- Haug, P. (2010). *Kvalifisering til læraryrket*. Oslo: Abstrakt.
- Haug, P. (2013). Profesjon og metodikk: Om "Pedagogikk og elevkunnskap" i grunnskulelærarutdanninga. I A. Molander, & J. C. Smeby (Red.), *Profesjonsstudier II* (s. 67-80). Oslo: Universitetsforlaget.
- Haug, P. & Steinnes, G. S. (2011). Educated kindergarten teachers, a prerequisite of quality in Norwegian kindergartens? *Nordic Early Childhood Education and care - Effects and Challenges*. Oslo: Norwegian Ministry of Education and Research.
- Hauge, S. (2001). "Man må ta så mange avgjørelser hele tiden". Rapport fra pilotprosjekt om veiledning av nye lærere. *HIO-rapport* (Vol. 10-2001). Oslo: Høgskolen i Oslo, Avdeling for lærerutdanning.
- Heggen, K. (2007). Profesjon og identitet. I A. Molander, & L. I. Terum (Red.), *Profesjonsstudier* (s. 321-332). Oslo: Cappelen.
- Heggen, K. (2010). *Kvalifisering for profesjonsutøving: sjukepleiar - lærar - sosialarbeidar*. Oslo: Abstrakt forl.
- Heggen, K. & Smeby, J. C. (2012). Gir best mulig sammenheng også den beste profesjonsutdanninga? *Norsk pedagogisk tidsskrift*(1), 4-14.
- Heggen, K. & Terum, L. I. (2010). Lærarkvalifisering og lærarkompetanse. I P. Haug (Red.), *Kvalifisering til læraryrket* (s. 75-97). Oslo: Abstrakt forlag.
- Hellesnes, J. (1994). Vitskapsteori eller fiks ide. *Norsk filosofisk tidsskrift*, 19(1).
- Hensvold, I. (2003). *Fyra år efter examen: - hur förskollärare erfar pedagogiskt arbete och lärarutbildningens spår* (Monografi). Lärarhögskolan i Stockholm, Stockholm.
- Hoel, T. L. (2008). *Skriving ved universitet og høgskolar: For lærarar og studentar*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Holstein, J. A. & Gubrium, J. F. (2011). The constructionist analytics of interpretative practice. I N. K. Denzin, & Y. S. Lincoln (Red.), *The Sage handbook of qualitative research* (4. utg., s. 341-358). Thousand Oaks: SAGE Publications.

- Hoyle, R. H., Harris, M. J. & Judd, C. M. (2002). *Research methods in social relations* (7. utg.). Fort Worth, Texas: Wadsworth. Thomson learning.
- Jensen, K., Lahn, L. C. & Nerland, M. (2012). Professional learning in new knowledge Landscapes: A cultural perspective. I K. Jensen, L. C. Lahn, & M. Nerland (Red.), *Professional learning in the knowledge society* (s. 1-24). Rotterdam: Sense Publishers.
- Johansson, j.-E. (2007). Familj, natur och fabrik, verkstad eller laboratorium: vart går barnehagepedagogiken idag? I T. Moser, & M. Röthle (Red.), *Ny rammeplan - ny barnehagepedagogikk?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Jóhnsdóttir, A. H. (2012). *Professional Roles, Leadership and Identities of Icelandic Preschool Teachers: Perceptions of Stakeholders* (Monografi). University of London, London.
- Joram, E. (2007). Clashing epistemologies: Aspiring teachers', practicing teachers', and professors' beliefs about knowledge and research in education. *Teaching and Teacher Education*, 23, 123-135.
- Jordell, K. Ø. (1986). *Fra pult til kateter: om sosialisering til læreryrket: en teoretisk studie*. Universitetet i Oslo, Tromsø.
- Judd, C. M., Smith, E. R. & Kidder, L. H. (1991). *Research methods in social relations* (6. utg.). Fort Worth: Harcourt Brace Jovanovich college Publishers.
- Kamberelis, G. & Dimitriadis, G. (2011a). Focus groups. Contingent articulations og pedagogy, politics and inquiry. I N. K. Denzin, & Y. S. Lincoln (Red.), *The SAGE handbook of qualitative research* (4. utg., s. 545-561). Los Angeles: SAGE Publications.
- Kamberelis, G. & Dimitriadis, G. (2011b). Focus groups. Strategic articulations of pedagogy, politics and inquiry. I N. K. Denzin, & Y. S. Lincoln (Red.), *The SAGE handbook of qualitative research* (4. utg., s. 887-907). Los Angeles: SAGE.
- Karila, K. (2008). A Finnish viewpoint on professionalism in early childhood education. *European Early Childhood Education Research Journal*, 16(2), 210-224.
- Karila, K. & Kinos, J. (2012). Acting as professional in a Finnish Early Childhood Education Context. I C. Dalli, L. Miller, & M. Urban (Red.), *Early childhood grows up. Towards a Critical Ecology of the Profession*. (Vol. 1, s. 55-70). Dordrecht: Springer.
- Kinos, J. (2008). Professionalism - a breeding ground for struggle. The example of the Finnish daycare senter. *European Early Childhood Education Research Journal*, 16(2), 224-241.
- Kleven, T. A. (2011a). Forskning og forskningsresultater. I T. A. Kleven (Red.), *Innføring i pedagogisk forskningsmetode: En hjelp til kritisk tolkning og vurdering* (s. 9-24). Oslo: Unipub.
- Kleven, T. A. (2011b). *Innføring i pedagogisk forskningsmetode: en hjelp til tolking og vurdering*. Oslo: Unipub.
- Korsvold, T. (1998). *For alle barn! Barnehagens framvekst i velferdsstaten*. Oslo: Abstract forlag.
- Korsvold, T. (2008). *Barn og barndom i velferdsstatens småbarnspolitikk: en sammenlignende studie av Norge, Sverige og Tyskland 1945-2000*. Oslo: Universitetsforl.
- Kunnskapsdepartementet. (2005). *Lov om barnehager*. Oslo.
- Kunnskapsdepartementet. (2007). *Kompetanse i barnehagen: Strategi for kompetanseutvikling av barnehagesektoren 2007-2010*. Oslo.
- Kunnskapsdepartementet. (2007-2008). *Stortingsmelding nr. 41. Kvalitet i barnehagen*. Oslo.
- Kunnskapsdepartementet. (2011a). *Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring*. Oslo.  
Henta frå  
<http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Internasjonalt/UNESCO/NasjonaltKvalifikasjonsrammeverk200612.pdf>
- Kunnskapsdepartementet. (2011b). *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Oslo. Henta frå  
[http://www.udir.no/Upload/barnehage/Rammeplan/rammeplan\\_bokmal\\_2011nett.pdf?eps?language=no](http://www.udir.no/Upload/barnehage/Rammeplan/rammeplan_bokmal_2011nett.pdf?eps?language=no)

- Kunnskapsdepartementet. (2012a). *Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning*. Oslo.  
 Henta fra <http://www.lovdata.no/for/sf/kd/td-20120604-0475-0.html>
- Kunnskapsdepartementet. (2012b). *NOU (2012:1): Til barnas beste. Ny lovgivning for barnehagene*.
- Kunnskapsdepartementet. (2013). *Meld. St. 24 (2012-2013). Fremtidens barnehage*. Oslo.
- Kvale, S. (1997). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: AdNotam Gyldendal.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju* (T. M. Anderssen, & J. Rygge, Oms. 2. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Kvernbekk, T. (2005). *Pedagogisk teoridannelse: insidere, teoriformer og praksis*. Bergen: Fagbokforl.
- Larson, M. S. (1977). *The Rise of Professionalism: A Sociological Analysis*. Berkeley: University of California Press.
- Lave, J. & Wenger, E. (1991). *Situated learning: legitimate peripheral participation*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Leontjev, A. (1978). *Activity, consciousness and personality*. Englewood Cliffs: Prentice Hall.
- Little, D. (1991). *Varieties of social explanation: an introduction to the philosophy of social science*. Boulder, Colorado: Westview Press.
- Lundgren, U. (1984). "Ramfaktorteorins" historia. I D. Broady, & U. Lundgren (Red.), *Skeptron. Texter om läroplansteori och kulturreproduktion* (s. 69-81). Stockholm: Symposion Bokförlag.
- Lundgren, U. (1994). Om begränsnigarnas möjligheter. I C. Gustafsson, & S. Selander (Red.), *Ramfaktorteoretiskt tänkande. Pedagogiska perspektiv. En vänbok til Urban Dahllöf*. Uppsala: Uppsala Universitet.
- Løkken, G. (1992). *Yrkesrollene i barnehagen: YR i BH : undersøkelser med vekt på å klargjøre forholdet mellom førskolelærerollen og assistentrollen i barnehagen*. Trondheim: Dronning Mauds Minne, Høgskole for førskolelærerutdanning.
- Løvgren, M. (2012). I barnehagen er alle like? I B. Aamotsbakken (Red.), *Ledelse og profesjonsutøvelse* (s. 37-47). Oslo: Universitetsforlaget.
- Løvgren, M. (Under vurdering). Essentialism at work. *Gender, Work and Organization*.
- Løvgren, M. & Gulbrandsen, L. (2012). How early and how long? *Nordisk barnehageforskning*, 5(7), 1-9.
- Malterud, K. (2008). *Kvalitative metoder i medisinsk forskning* (bind 2). Oslo: Universitetsforlaget.
- Mastekaasa, A. (2008). Tidligere skoleprestasjoner og rekruttering til og gjennomføring av allmennlærerutdanningen *Sps arbeidsnotat* (Vol. 5/2008). Oslo: Senter for profesjonsstudier, Høgskolen i Oslo, Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi, Universitetet i Oslo
- Miller, L. & Cable, C. (2011). *Professionalization, leadership and management in the early years* (bind 1). London: Sage.
- Molander, A. & Smeby, J. C. (2013). Innledning. I A. Molander, & J. C. Smeby (Red.), *Profesjonsstudier II*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Molander, A. & Terum, L. I. (2008). Profesjonsstudier: en introduksjon. I *Profesjonsstudier* (s. s. 13-27). Oslo: Universitetsforl.
- Morgan, D. L. (1988). *Focus groups as qualitative research*. Newbury Park.
- Morse, J. (2010). Procedures and practice of mixed method design. I A. Tashakkori, & C. Teddlie (Red.), *SAGE handbook of mixed methods in social and behavioral* (Vol. 2, s. 339-352). Thousand Oaks: SAGE.
- Moser, T. & Röthle, M. (2007). Prolog- Ny rammeplan - ny barnehagepe, nye utfordringer? I T. Moser, & M. Röthle (Red.), *Ny rammeplan - ny barnehagepedagogikk?* (s. 13-22). Oslo: Universitetsforlaget.
- Moss, P. (2008). The democratic and reflective professional: Reforming and rethinking the early years workforce. I L. Miller, & C. Cable (Red.), *Professionalism in the early years* Oxon: Hodder education.

Innanfor profesjonsforskinga finn vi ulike oppfatningar om utdanning sin relevans for kvalifiseringsprosessen. Dei som løftar fram maktperspektivet i profesjonalisering (Collins, 1979; Freidson, 2001; Larson, 1977), ser profesjonane som «monopolistiske samansvergelsar», samanslutningar som strevar etter kontroll over posisjonar. Gjennom omgrepene *jurisdiksjon* viser Abbott (1988) korleis profesjonane har fått ein offentleg aksjept for uteving av yrket, basert på spesialisert, vitskapleg kunnskap. Dette gir profesjonane ein legitim og eksklusiv rett til å utøve yrket. Lov om barnehagar (Kunnskapsdepartementet, 2005) gir forskulelæraren ein slik legitim rett. Abbott peikar på at kunnskapsbasen må vere tilstrekkeleg abstrakt til at han skal seg frå kunnskap andre har, men også til ein viss grad konkret. Samtidig framhevar han at akademisk kunnskap fungerer meir symbolsk enn praktisk. Ei utfordring er at grunnlaget for å oppretthalde jurisdiksjonen delvis ligg i krafta og prestisjen til den akademiske, abstrakte kunnskapen. At forskulelæraren sin profesjonelle kunnskap tilsynelatande ligg tett opp til allmennkunnskap, kan svekke profesjonen sin status.

Collins (1979) argumenterer for at utdanninga først og fremst har ein sertifiserande funksjon, og at mange av dei kvalifikasjonane som er nødvendige i arbeidet, vert lært og utvikla i arbeidslivet. Han hevdar at utdanningsinstitusjonar er lite effektive arenaer for læring, og at utdanning ikkje garanterer for høg produktivitet og kvalitet. Utdanninga sin viktigaste funksjon er såleis å heve statusen til yrket og skape barrierar mellom profesjonsutøvarane og lekfolk slik at tilgangen til yrket vert regulert. I barnehagen kan denne reguleringsa verte svekka gjennom omfattande dispensasjonar frå utdanningskravet og manglande differensiering i arbeidsoppgåver. Å studere forskulelærarutdanninga einsidig frå eit strategisk perspektiv er såleis ikkje tilstrekkeleg for å forstå utdanninga sitt bidrag.

Eit alternativ er å undersøke korleis utdanninga bidreg til kunnskapsutvikling. Kva kunnskap som trengs for å løyse utfordringar i praksis vil variere, og Scanlon (2011) peikar på at profesjonell kunnskap er relativ. Når kunnskapen vert hevda å vere utan verdi, er det basert på to hovudinnvendingar; at han ikkje er overførbar eller at han er «feil» (Haug, 2010). Utduaninga kan ikkje tilby kunnskap som fungerer som oppskrifter for handling.

og utdanninga sin relevans kan difor vere vanskeleg å måle. Grimen (2008) framhevar at profesjonell yrkesutøving er prega av eit komplisert samspel mellom teori og praksis. Gjennom omgrepet *praktiske synteser* viser han korleis teorien får meinings når ein relaterer han til praksis. Profesjonsutdanning peikar mot eit yrkesfelt, og slik kan delar av kunnskap utgjere meiningsfulle samanhengar i yrkesutøvinga der relevans vert skapt.

Med utgangspunkt i oppfatninga av kunnskap som situert og dermed knytt til ein konkret kontekst utfordrar Lave og Wenger (1991) tanken om at kunnskap kan overførast frå utdanning til yrke. Sjølv om læring i ein kontekst vert ein del av identiteten og kan påverke andre delar av livet, veit ein lite om kor mykje dette vil bety. Dei framhevar at læring primært skjer i eit praksisfellesskap, er knytt til lokale konstruksjonar av hendingar, og går føre seg i ein prosess frå legitim perifer deltakar til fullverdig deltakar. Gjennom meiningsfull deltaking får nykomaren ein gradvis introduksjon til den profesjonelle rolla. I dette perspektivet har tradisjonell undervisning liten verdi, og den viktigaste læringa skjer i arbeidslivet.

For Billett (2010) og Eraut (1994, 2010) har både utdanning og arbeidsliv verdi som arenaer for verdifull læring. Begge omfattar og utviklar teoretisk og praktisk kunnskap, men dei har ulike kulturar og diskursar. Ifølgje Eraut (2010) vert det viktig å finne ut av kva kunnskap som vert lær best på kva arena. For å kunne overføre kunnskapen mellom ulike arenaer må ein sjå potensialet i kunnskapen, forstå den nye situasjonen, kjenne igjen kva kunnskapar og ferdigheiter som er relevante og overføre desse slik at dei passar i den aktuelle situasjonen. Til slutt må kunnskapen integrerast med tidlegare ervervda kunnskap. Ei utfordring i overføringsprosessen er manglande eigarskap til denne. Eraut konkluderer med at formell læring bidreg best når ho er relevant og godt «tima», men læringa må vidareutviklast i praksis for at ho skal verte mest mogleg funksjonell. Ein føresetnad for læring på arbeidsplassen er støtte og tilbakemelding i rolla (Eraut, 2010). Billett (2010) støttar at utdanning og praksis bidreg til ulike former for kunnskap, og at det difor vert viktig å sjå desse som ein heilskap. Sidan praksis er i konstant endring, vil det vere kontinuerleg behov for profesjonell utvikling. Det føreset å kunne sjå praksis frå utsida, og Young (2008) presiserer difor at yrkesretta utdanning må innehalde både teoretisk og yrkesbasert kunnskap. Utdanning tilbyr kunnskap som kan bidra til utvida perspektiv og auka forståing for dei sosiale systema ein er del av. Kunnskap basert på erfaring aleine står i fare for å utvikle seg til rein synsing eller fordommar (Young, 2008, s. 165) og er såleis ikkje tilstrekkeleg i profesjonell praksis.

Som eg var inne på tidlegare, støttar ein del profesjonsforsking tesen om at utdanninga sin relevans for kvalitet i yrkesutøvinga er svak. Dilemmaet ved at det vert reist tvil om nytten av vitskapleg kunnskap, vert løfta fram av mellom andre Heggen (2010). Tvilen vert stimulert ved at nyutdanna stiller

spørsmål ved bruksverdien av denne kunnskapen. Brüsling (2001) åtvarar lærarar mot å framheve utdanninga sin manglande yrkesrelevans. Med dette vil dei mālbere eit syn om at utdanninga ikkje gir dei unike kunnskape ein nettopp legg vekt på når ein hevdar at berre dei som er kvalifiserte, skal ha tilgang til yrket. Årsaker til tvilen kan, ifølgje Heggen, mellom anna vere auka avstand mellom utdanning og yrkesfelt (Heggen, 2010). Ei utfordring i profesjonskvalifiseringa er at den lærande har nok informasjon om praksisfeltet, slik at kunnskapsinnhaldet i utdanninga gir mening. Studentar med manglande innsikt kan ha vanskar med å relatere det dei lærer til yrkesfeltet. Tvilen kan dermed ha konsekvensar både for profesjonell handling og for den profesjonelle posisjonen. Å undergrave kunnskapen sin verdi kan såleis også vere eit strategisk mistak.

Sjølv om profesjonane tradisjonelt har vore kopla til spørsmål om vitakapleg kunnskap, hevdar Mathias Urban (2008) at kva ein legg i profesjonalitet, likevel kan vere uttrykk for ein diskurs som ikkje harmonerer med diskursen i barnehagefeltet. Han skisserer eit fundamentalt dilemma ved at forskulelærarar må konstruere og kommunisere ein profesjonell identitet for å verte anerkjende. Denne identiteten representerer ein dominerande kunnskapsdiskurs i samfunnet, men kan vere i motstrid til nøkkelsjenesteikn ved barnehagen sin praksis.

Teoripresentasjonen knyter seg til forskingstemaet ved fokus på utdanninga sin relevans og funksjon. Dikotomien mellom utdanning som sertifisering og kvalifisering inneber ikkje at perspektiva er gjensidig ekskluderande. I det vidare vil temaet verte belyst gjennom det empiriske materialet.

## Forskingsmetode

Grunnlaget for studien er individuelle intervju med 16 studentar i siste året av forskulelærarutdanninga hausten 2011, og fokusgruppeintervju med eit utval av desse. Studentane følgde ei samlingsbasert deltidsutdanning ved ein mellomstor høgskule, og melde seg som informantar etter å ha motteke munndleg og skriftleg informasjon. Utvalet for intervjuva var strategisk ved at ein ønskte informantar som kunne belyse problemstillingane på ein relevant måte (Malterud, 2008; Thagaard, 2010), og difor oppfylte særskilde kriterium. Det vart rekruttert to grupper basert på erfaring frå arbeid i barnehage før utdanninga. Informantane i gruppe 1 hadde frå ti til 22 års erfaring. Alle arbeidde i barnehage ved sidan av studia, ei som assistent og dei andre som forskulelærar eller pedagogisk leiar på dispensasjon. I gruppe 2 hadde ingen meir enn eitt års erfaring før utdanninga. Seks av informantane arbeidde deltid som assistent parallelt med studiet. Det melde seg sju delta-karar til gruppe 1 og ni til gruppe 2.

Intervjuguiden vart utforma med utgangspunkt i data frå ei spørjeundersøking gjennomført i MAFAL-prosjektet. Det vart gjennomført eit semistruktureret intervju med kvar informant, der ein tok opp alle momenta i intervjuguiden, men også følgde opp interessante innspel frå informantane. På bakgrunn av dei individuelle intervjua vart det gjennomført eit fokusgruppeintervju med dei erfarte assistentane for å avgrense fokus for studien. Slike intervju kan gi større innblikk i resonnementa bak individua sine handlingar, oppfatningar og haldningar (Powell & Single, 1996). Dei erfarte vart valde ut fordi dei i særleg grad kunne bidra til å skildre prosessen frå erfaren assistent til nesten ferdig utdanna førskulelærar, og dette peika seg ut som eit interessant forskingstema.

Nokre åtavar mot å nytte deltakarar som kjerner kvarandre frå før i fokusgruppeintervju, sidan det kan legge uønskte føringar for deltakarane sine bidrag (Fern, 1982; Morgan, 1988). Malterud (2008) argumenterer derimot for betydninga av grupper med felles erfaringsgrunnlag, og Denscombe (1998) framhevar også at diskusjonen i fokusgrupper er basert på emne eller erfaringar som alle deltakarane i gruppa har liknande kjennskap til. Deltakarane i denne studien hadde mange felles erfaringar gjennom at dei hadde studert saman i fleire år. Dynamikken i gruppa var god og evalueringa av sekvensen positiv, og felles plattform var i denne samanhengen ein føresetnad.

### Metodekritikk

Ifølgje Gadamer er det er umogleg å oppnå forståing for noko emne utan å først studere sin eigen tradisjon og fordommar som vår posisjon innanfor tradisjonen har skapt i oss (Gadamer, Jørgensen, & Darling Nielsen, 2007). Forskaren sin bakgrunn som lærar i forskulelærarutdanninga er ikkje utan relevans, og førehandsforståinga kan påverke både kva spørsmål som vert stilt og korleis svara vert tolka. Gjennom å studere feltet teoretisk vert dei teoretiske omgrepene nytta som reiskap for å skape avstand og forståing. Spørsmåla i studien er utvikla på bakgrunn av omfattande analysar av eit kvantitatativt materiale, eit arbeid som har skapt både innsikt og avstand. Paulgaard (1997) ser den subjektive førehandsforståinga som ein føresetnad for innsikt, meir enn som feilkjelde. Å ha innsidekunnskap om barnehagefeltet kan såleis også vere ein styrke.

Sjølvpresentasjonen er ei utfording i intervju, og både personlege og profesjonelle årsaker gjer at vi gjerne ønskjer å stå fram som ei positiv utgåve av oss sjølv (Goffman, 1959). Å markere avstand til posisjonen dei har hatt, kan handle både om identitet og status for dei erfarte assistentane. Dei kan ha behov for å skape distanse til rolla som assistent når dei snart er formelt kvalifiserte for ei ny profesjonell rolle. Spørsmålet om posisjonering vert difor drøfta seinare.

Útvalet avgrensar høvet til generalisering til populasjonen studentar, sidan innhald og organisering av studiet kan ha påverka svara. Bortsett frå at studentane var del av eitt særskilt studiekull, skil dei seg truleg ikkje grunnleggande frå andre deltidstudentar. For å ha best mogleg grunnlag for samanlikning av utbytte var det viktig at studentane var rekryterte frå same utdanning. Sjølvseleksjon kan gi tilgang på dei mest motiverte studentane, og dei som tek utdanning i vaksen alder kan ha ein særleg motivasjon for utdanningsvalet. Analysane tyder likevel ikkje på at motivasjonsspørsmålet har hatt vesentleg betydning for svara. Materialet vil difor kunne gi verdifull innsikt i korleis desse informantane har opplevd kvalifiseringsprosessen gjennom utdanninga og overgangen til ei anna yrkesrolle, men også bidra til ei meir generell innsikt i slike prosessar.

## Analyse

Arbeidet med materialet har hatt eit prosessuelt preg, ved at vegen har gått frå spørjeundersøking via individuelle intervju til fokusgruppeintervju. Gjennom stegvis analyse har ein gått stadig djupare inn i materialet og samtidig avgrensa temaet. Tolkinga har teke utgangspunkt i teoriar om profesjonskvalifisering, og ligg innanfor det Kvale og Brinkmann (2009) omtalar som *teoretisk lesing*. Å bestemme det teoretiiske rammeverket på førehand kan bidra til einsidige tolkingar. Når temaet likevel var avgrensa og målretta, var ei slik analyseform formålstenleg. Målet med undersøkinga har vore å få utvida innsikt i utdanninga sin relevans og funksjon, og om erfaring har innverknad på korleis studentane tek opp i seg utdanningsinnhaldet. To grunnleggande hovudkategoriar er knytte til deltakarane sine erfaringar som assistent; lang erfaring og ingen eller lite erfaring. Utover dette er kategoriene relaterte tematisk til intervjuinnehaldet.

## Resultat

I presentasjonen av data er det nytta ei kategoribasert tilnærming der hovudlinjer i intervjua vert presenterte tematisk (Thagaard, 2010). Viktige poeng vert understreka og belyst ved at karakteristiske eller typiske utsegner er nytta som sitat.<sup>2</sup> Bidraga frå dei erfarne gav særleg interessante perspektiv på kunnskapsutvikling gjennom utdanninga, og desse vart utdjupa i fokusgruppeintervjuet. Resultatpresentasjonen vil difor ha eit særleg fokus på dei erfarne.

---

<sup>2</sup> Dei erfarne er merkte med bokstaven E.

### Bakgrunn for val av utdanning

På spørsmålet om kvifor dei bestemte seg for førskulelærarutdanning etter mange år som assistent, har informantane, som på sekjartidspunktet var konstituerte i pedagogstillingar, gjerne vorte oppmoda av arbeidsgjever om å sökje. Dei erfarne framhevar likevel at motivasjonen botna i eit ønske om å lære meir, og at den kunnskapen dei hadde, ikkje var tilstrekkeleg for arbeidet. Behovet for meir teoretisk tyngd vert uttrykt slik: «Eg var konstituert og følte at eg ikkje var kompetent [...] det blei ikkje riktig følte eg [...] eg var nysgjerrig på å få teoretisk tyngde [...].» (LisbetE). AnneE seier det slik: «[...] men det var mykje eg mangla [...] og så det å kunne stå litt rakrygga overfor foreldre og samfunnet elles [...].» Argumentasjonen kan primært knytast til kvalifisering, men også til sertifisering gjennom vektlegging av større utfordringar, ansvar og innflytelse: «[...] det å gå underordna andre var heller ikkje inspirerande nok, eg hadde lyst å by meir på meg sjølv på eit vis [...] det blei lite givande for meg å vere assistent, det blei ikkje utfordrande nok» (LisbetE). HildeE er einig: «Det var eigentleg lysta eller trangen til å gjere noko meir [...] å ha meir innflytelse på arbeidet ein gjer i barnehagen». Forventningane om auka innflytelse og ny formell status impliserer at valet også var strategisk.

Blant studentane med lite eller ingen erfaring varierer grunngjevingane, men eit fellestrekk er at valet var relativt tilfeldig. «Eg greidde liksom ikkje å finne noko anna då», seier Berit. For fleire passa det godt at det var ei deltidsutdanning, slik at dei kunne arbeide ved sidan av. «Eg visste ikkje kva den gjekk ut på», seier Solveig. Ho valde førskulelærarutdanning fordi ho syntest det virka kjekt å jobbe i barnehage, og ungar hadde ho alltid likt. Slik skil desse seg frå dei erfarne som har gjort målretta val basert på omfattande kunnskap om barnehagefeltet.

### Utbytte av utdanninga

Jamt over er informantane nøgde med utdanninga, som har gått meir i djupna enn dei hadde forventa, vore krevjande og fagleg omfattande. Lærarar med erfaring frå arbeid i barnehage vert framheva som positivt, særleg av informantane utan erfaring. Relevante døme bidreg til at undervisninga kjennest meir barnehageretta og relevant. Å arbeide i barnehage parallelt med studia bidreg også til å skape samanheng mellom teori og praksis og gir høve til utprøving underveis. Informantane etterlyser større fokus på leiarrolla, barn med særskilde behov og samarbeid med barnevernet.

På spørsmål om dei har lært noko anna enn dei kunne frå før gjennom utdanninga, trer tre tema fram: Forståing, bevisstgjering og refleksjon. Informantane skildrar at dei har fått ei utvida *forståing* for barn, som gjer dei i stand til å møte desse på ein annan måte enn før utdanninga. Denne for-

ståinga har utgangspunkt i ein fagleg teoretisk kompetanse som gir tryggleik i utøvinga av yrket. Informantane uttrykkjer at kunnskapen dei har tildeigna seg gjennom utdanninga, er relevant og har innverknad på praksis. Den teoretiske kunnskapen bidreg til at dei er meir *bevisste* på korleis dei handlar, dei *reflekterer* meir og dei kjenner seg i stand til å kunne forsvare og grunngi vala sine. «Altså, det med refleksjon er det største som har skjedd», seier AnneE. Dei erfarte skildrar korleis denne kunnskapen er annleis enn erfaringskunnskapen. Dei har tileigna seg «handverket» gjennom praksis, men ikkje den grunnleggande teoretiske innsikta som styrker refleksjon og målretta handling. «Du har den faglege tyngda som gjer at du blir trygg i rolla di på ein heilt anna måte», uttrykkjer EliE. Utdanninga har styrkt den munnlege framstillingsevna, sjølv om det å bruke fagspråk kan møte motstand. Den faglege ballasten og trening i munnlege framlegg og diskusjonar bidreg til at det har vorte lettare å ta ordet i faglege samanhengar. «Før gjekk eg aldri inn i diskusjonar», seier Emma. Ho var redd for å verte motsagt, men er no tryggare og ser at diskusjonar er viktige for utvikling av barnehagen. «Eg veit at dette kan eg noko om, så då torer eg å snakke om det rett og slett», seier BeritE. Den teoretiske ballasten ser ut til å ha ført til større tryggleik i arbeidet generelt, og EliE peikar på at dette gjer det lettare å stå i ubehag og ha mot til å ta opp forhold ein reagerer på. Anette omtalar dette som ei fagleg ryggrad.

Dei erfarte trur at utdanninga har ført til grunnleggande endringar som vil få varige konsekvensar for arbeidet: «Du har forandra deg som person [...] det er ei utvikling som er varig», seier EliE i fokusgruppa. Dei andre støttar dette, men HildeE peikar på at du er i ein læringsprosess heile livet, og det vil ha betydning kva slags fagmiljø du kjem inn i. Du er prisgitt arbeidsplassen og det vert viktig å ha andre forskülelærarar å støtte seg til. «Men du må sjølv vere bevisst på at du stadig vil framover», seier EllenE. Sjølv om informantane gir uttrykk for at dei har lært mykje, slår dei seg ikkje til ro med det. Å sekje andre kanalar og impulsar vert framheva som viktig i ein kvardag prega av mangel på tid og rom for fagutvikling.

Vurderinga av utdanninga avslører ingen motsetnader mellom studenterne med og utan erfaring. Dei er generelt godt nøgde og opplever at utdanninga har bidrige til ein fagleg tryggleik som har konsekvensar for korleis dei handlar og for kjensla av meistring. Analysen viser likevel at dei erfarte i større grad er i stand til å konkretisere korleis den teoretiske kunnskapen har relevans for praksis.

### Viktig kompetanse i yrket

Informantane vart bedne om å vurdere fire område ut frå kor viktige desse er for å gjere ein god jobb i barnehagen; verdiar og haldningar, fagkunnskapar, personlege evner og praktiske ferdigheter. Særleg dei erfarte fram-

hevar samanhengen mellom områda. To av informantane utan erfaring peikar på at ein må ha fagkunnskap i botnen, medan dei resterande framhevar verdiar og haldningar som sentralt. Emma er oppteken av korleis barna speglar seg i dei vaksne og at verdiar og haldningar difor vert særleg viktige. Fleirtalet av dei erfarne seier at du *må* ha fagkunnskapar og at utdanninga har bidrege vesentleg på dette området. Likevel er fagkunnskap utilstrekkeleg om du ikkje har dei rette verdiane og haldningane. Samtidig kan fagkunnskap bidra til å endre verdiar og holdningar, og er det som skil førskulelæraren frå andre: «Eg kan med handa på hjertet seie at eg ville handla annleis om eg ikkje hadde hatt den faglege biten», seier SynnøveE. Sjølv om ein ikkje kan slå fast at studentane utan erfaring finn fagkunnskap lite viktig, viser analysane at dei erfarne har større medvit omkring fagkunnskapen sin relevans og kan argumentere for dette.

På eit meir ope spørsmål om kva som er den viktigaste kompetansen til ein førskulelærar, er studentane utan erfaring mest opptekne av å «sjå barna», støtte og vere der for dei, og av mellommenneskelege relasjoner. Svara frå dei erfarne varierer frå fokus på barnet til refleksjon og teoretisk forankring. Førskulelæraren som fagleg støtte for barn si læring vert i liten grad løfta fram. Det reiser spørsmålet om dette speglar ein omsorgsdiskurs i barnehagen, og at signala i relevante styringsdokument om sterkare fokus på læring i liten grad har fått gjennomslag.

### Skilje mellom assistenter og førskulelærarar

Informantane uttrykkjer at det er få formelle skilje i arbeidsoppgåver i barnehagen. Dei er generelt opptekne av at kollegaene skal kjenne seg aksepterte og verdsette, og at alle skal få utnytta sitt potensial. Særleg studentane utan erfaring finn det vanskeleg å peike på klare skilje fordi strukturen er flat. «Eg veit ikkje om det er så bra å gjøre forskjell på folk», seier Reidun og uttrykkjer motstanden mot å differensiere arbeidsoppgåver. Klare førskulelæraroppgåver er foreldresamarbeid, planlegging og organisering. Dette arbeidet kan dels vere lite synleg og formålet er kanskje ikkje alltid like godt kommunisert. LisbetE skildrar korleis dette pregar assistentane sine haldningar: «Dei [førskulelærarane] skal ordne noko papir, dill og dall, litt desse holdningane om at det er ikkje så viktig». I løpet av utdanninga har dei erfarne fått større innblikk i jobben og har endra oppfatning av kor viktig arbeidet til førskulelærarane er. Dei uttrykkjer at førskulelærarane må kommunisere dette til assistentane og samtidig synleggjere kompetansen sin.

Ny kunnskap om barn, barndom og samfunn som dei ikkje hadde som assistent, gjer at dei erfarne opplever å opptre annleis enn før. «Det kan nok sjå ut som vi gjer akkurat det same, så det har noko med tankane å gjøre», seier BeritE. Sjølv om grunnlaget for handling kan vere vanskeleg å identifisere, meiner dei at førskulelærarane generelt sampelar annleis med barn

enn assistentane. Dei reflekterer og vurderer i større grad ut frå ein formell kunnskap om barn. «Du har teoretisk kunnskap og blir meir bevisst på korleis du kan tone deg inn», seier Anette. Den teoretske kunnskapen gjer at ein handlar mindre intuitivt og ser fleire handlingsalternativ. Det påverkar mellom anna korleis dei grip inn i konfliktar. HildeE skildrar korleis ho ofte irriterte seg over små barn som sprang rundt og «herja», og om aha-opplevinga då ho fekk innsikt i teoriar om korleis små barn lærer. Ho har fått mange erfaringar som assistent og har lært mykje gjennom ein god arbeidsplass, men den teoretske forståinga mangla. Denne forståinga er grunnlaget for ein ny måte å tenke på der heilskap og samanheng er sentralt. At denne faglege innsikta mangla før, var ikkje noko dei nødvendigvis var bevisste på. AnneE seier det slik i fokusgruppa: «Etter lang erfaring trur du på ein måte at du kan veldig mykje om ungjar, men du lærer utruleg mykje kvar einaste dag i studiet, syns eg». TorillE stadfestar og får støtte frå dei andre: «Uansett kor flott du er som assistent så vil du mangle noko [...] altså det skjønner man først når man har gått skulen».

I argumentasjon for skilnader mellom fôrskulelærarar og assistentar er det hovudsakleg det faglege som vert trekt fram, men også posisjonen som leiar vert framheva som argument for å skilje i arbeidsoppgåvene. Dei erfarne er tydelegare på kva skiljet mellom dei ulike gruppene inneber, medan fleire av dei utan erfaring uttrykkjer at dei manglar grunnlag for å vurdere dette.

### Ei ny profesjonell rolle

Prosessens frå å vere assistent til å verte fôrskulelærar er krevjande, og dei største utfordringane ligg i møtet med personalet. Informantane opplever varierande grad av støtte frå kollegaer, og særleg det å skifte roller innanfor same arbeidsplass kan vere vanskeleg. Nokre møter ein skepsis som dei tolkar som usikkerheit frå andre assistentar. «Det er vel såinne høgskulegreier dette», møter AnneE gjerne når ho vil introdusere noko nytt. «Du får den som seier at kva trur du at du er no? [...] Ein skal trå litt varsamt og tone seg innpå», seier LisbetE. Du skal altså prøve deg litt fram når det geld kva som er akseptert. HildeE kommenterer at ho kjenner på at ho ikkje bør vere så frampå, og at ho merkar at det kan verte reagert på at ho har endra fokus. Til dømes bakar ho ikkje 20 brød i slengen slik ho kunne før. No er ho meir oppteken av å inkludere barna enn å få unna det praktiske arbeidet på kortast mogleg tid.

Fleire av dei unge peikar på at det er utfordrande å skulle stå opp mot eit personale som har lang erfaring og som er mykje eldre enn dei sjølv. Benedicte fortel om motstanden ho opplevde som konstituert pedagogisk leiar: «[...] så det var veldig vanskeleg, for der var eldre som var fast bestemt på å ikkje gjere nye ting [...] det blir ikkje godt mottatt for å sei det sånn. Så eg

misser motivasjonen då». At nokre assistenter handlar med utgangspunkt i erfaring, kan også vere utfordrande å handtere, særleg for dei unge som kanskje ikkje heller har eigne barn: «Dei brukar sine morskunnskapar, sant, så viss du klagar på det så er det jo omtrent som du set ein kniv inn i sjølv-tilliten deira [...]», seier Emma. Dei er opptekne av å ha gode relasjoner sidan dei jobbar tett saman. Fleire kommenterer at det er viktig å ikkje «heve seg over» dei andre. Informantane er opptekne av å ikkje skilj seg for mykje ut, og dei tilpassar seg ved å «tone seg inn» og justere handlingane.

Intervjuet antydar likevel ein «kamp» om posisjonar i barnehagen. Dei erfarte skildrar fordelen ved å kjenne kulturen frå innsida og kan bruke denne kunnskapen strategisk, medan dei unge manglar både kunnskap og erfaring, noko som gjer prosessen særleg utfordrande. Spørsmålet om posisjonar handlar også om å markere seg mot samfunnet. Anders og Emma peikar på paradokset ved at forskulelæraren i liten grad synleggjør sin faglege kompetanse, og viser til statusen ein får om ein studerer til ingeniør eller marknadsføring. I fokusgruppeintervjuet var informantane opptekne av at barnehagen må kjempe for sin eigenverdi overfor eit press om å verte meir lik skulen. EliE spør om samfunnet ikkje har tillit til forskulelæraren sin kompetanse når dei vert pålagde stadig meir kartleggingsarbeid, og ho peikar på at forskulelærarane må synleggjøre kompetansen sin for å få vekk tvilen rundt denne. Det inneber at dei må verte flinkare til å våge å seie at dei meistrar. Å få respekt og aksept for den jobben dei gjer, er viktig for å vere gode rollemodellar for assistentane og for at foreldra skal kunne kjenne seg trygge på kvaliteten på tilbodet.

### Oppsummerande kommentarar

Motivasjonen for utdanninga skil seg klart mellom dei to gruppene. Der valet har vore tilfeldig for informantane utan erfaring, har det vore målretta for dei erfarte. Dette påverka også forventningane til utdanninga. Begge gruppene verdset kunnskapen dei har tileigna seg gjennom utdanninga, og å arbeide i barnehage parallelt med studia gjer det lettare å sjå relevansen. Teorien har innverknad på korleis dei utfører arbeidet, men dei erfarte har breiare grunnlag og eit rikare språk for å skildre korleis. Dei skildrar også korleis denne kunnskapen er annleis enn erfaringskunnskapen, og dei ser ut til å ha eit sterkare medvit omkring fagkunnskapen si rolle enn informantane utan erfaring.

### Drøfting

Eit hovudskilje i oppfatninga omkring utdanninga sin relevans ser ut til å gå mellom utdanning som kvalifisering og sertifisering. Dei teoretiske per-

spektiva kan bidra til komplementære forståingar og treng ikkje vere gjen-sidig ekskluderande. Gjennom å tilegne seg formell kunnskap vil grunnlaget for profesjonell praksis verte endra, samtidig som utdanninga sertifiserer for ein ny posisjon.

Når det gjevd ulike kvalifiseringsarenaer, er det liten grunn til å tvile på at mykje kunnskap vert tileigna gjennom arbeidslivet, slik mellom andre Collins (1979) skildrar det. Informantane fortel at dei har lært mykje gjennom praktisk erfaring, og vi ser at særleg dei unge informantane opplever stadig større tryggleik i sitt praksisfellesskap. Med denne kjem også lysta til å ta på seg nye utfordringar. Slik kan ein skildre ein prosess frå perifer til full deltakar i praksisfellesskapet (Lave & Wenger, 1991). Ei utfording ved denne tilnærminga er manglande kopling mellom ulike kontekstar og at relevansen av teoretisk kunnskap i liten grad er teken omsyn til. Dei erfarne skildrar korleis kunnskapen dei har fått gjennom utdanninga, bidreg til ei utvida forståing som mange år med praksiserfaringar ikkje har tilført, sjølv om dei har arbeidd nært saman med fôrskulelærarar. Dei tek avstand frå delar av sin tidlegare praksis, sjølv om dei opplevde å gjere så godt dei kunne innanfor aktuelle rammer. Dersom arbeidssituasjonen er pressa, kan manglande tid til refleksjon bidra til gjentaking av gamle feilgrep. Eraut (2004) hevdar at praksisfellesskap i ei postmoderne tid ikkje er prega av den stabiliteten Lave og Wenger baserer sin teori på. Eit miljø prega av utskiftingar i personalet gir dårleg grunnlag for fagleg utvikling gjennom praksisfellesskapet. At fôrskulelæraren i mange høve er den einaste fagutdanna i avdelinga, utfordrar prinsippet om kvalifisering frå perifer til full deltagning. Å ta ei perifer rolle kan harmonere dårleg med rolla som leiar for avdelinga.

Vi ser ovanfor at dei erfarne assistentane uttrykkjer at kunnskapen dei har fått gjennom utdanninga, representerer noko anna enn kunnskap dei har tileigna seg gjennom årelang erfaring. Det er difor grunn til å stille spørsmål ved om praksis aleine kan bidra til å utvikle sentrale sider ved den profesjonelle kompetansen. Teoretisk kunnskap har gitt informantane ei ny forståing som bidreg til utvida refleksjon og som påverkar handlingane. Heggen (2010) argumenterer for at praksis aleine ikkje bidreg til å gjere yrkesutvarane i stand til å sjå si eiga verksemd utanfrå, og at teoretisk kunnskap difor er ein naudsynt føresetnad for å utvikle praksis. Når informantane skildrar korleis dei vurderer ulike handlingsalternativ, tyder det på at utdanninga har gitt dei det utsidoperspektivet og den avstanden som Young (2008) peikar på som viktige. Rutineprega handlingar har fått nytta lys på seg ved at ny kunnskap er utvikla, noko som inneber større sannsyn for kritisk refleksjon (Eraut, 2010). Nettopp refleksjonen vert framheva som ein viktig følgje av utdanninga. Kunnskapen gjer dei også tryggare i fagleg argumentasjon. Sjølv om praksis ikkje er teorfri, ser utdanninga ut til å gi

rom og tid for fordjuping som manglar i ein hektisk barnehagekvardag, og som i alle fall på formuléringsplanet endrar praksis.

Synet på kva som er nødvendig kompetanse for å gjere ein god jobb, kan henge saman med kva som vert oppfatta som det sentrale i barnehagen sitt oppdrag. Når Urban (2008) spør om det å vere profesjonell innanfor ramma av tradisjonelle profesjonskriterium, er i strid med barnehagediskursen si vekt på relasjonar, kan dette relaterast til kva som er vurdert som sentralt. Vatne (2010) og Østrem (2009) viser at omsorg, leik og sosial kompetanse vert vektlagt i barnehagen. I MAFAL-prosjektet viser spørjeundersøkinga at verdiar og haldningar vert framheva som viktigare enn fagkunnskap (Steinnes, 2010). Omsorgsdiskursen ser også ut til å prege relasjonane mellom dei vaksne. Å framheve det faglege kan true denne. Resultatet er at forskulelærarane kan kome i skvis mellom ulike diskursar, noko som kan gjøre det vanskeleg å utnytte potensialet for fagleg posisjonering. I intervjuaterialet ser vi likevel eit skilje mellom dei to gruppene. Når dei erfarne er tydelegare på at fagkunnskap er viktig, kan det vere eit uttrykk for at dei gjennom utdanninga i større grad har sett fagkunnskapen sin relevans. Eit sterkt forhold til fagkunnskapen kan styrke den nye posisjonen og motverke at ein fell tilbake i gamle mønster.

Innarbeidd praksis kan skugge for alternative perspektiv. Ødegård (2011) viser at nyutdanna med erfaring som assistent før utdanninga får større legitimitet fordi dei meistrar det praktiske barnehagearbeidet, men ho spør samtidig om desse i stor grad kan identifisere seg med «erfaringstyranniet» slik at dei ikkje approprierer dei kvalifiseringsrelevante kompetansane. Fordelen ved å ha kontekstuell barnehagekunnskap er at han utgjer «knaggar» å knyte teorien til, og dei erfarne skildrar dette som «aha-opplevingar». Erfaringane gjer det lettare å abstrahere og differensiere den teoretiske kunnskapen fordi dei har noko å knyte han til. Slik kan dei erfarne oppleve kunnskapen som meir relevant og skape samanhengen sjølv. Dei har nok informasjon om praksisfeltet til at kunnskapsinnhaldet i utdanninga gir mening (Grimen, 2008; Heggen, 2010). Dei erfarne har kontekstuell kunnskap og slepp å bruke energi på å tilegne seg «handverket» på same måte som dei utan erfaring. Denne praktiske handlingskompetansen kan gjøre det lettare å verte anerkjent.

På vegn frå assistent til forskulelærar må ein forhandle om posisjon i fellesskapet (Nygren, 2004). Dette inneber forhandlingar om relevant kunnskap, ferdigheter og meinings, og bidreg til å definere kven ein får lov til å vere. For erfarne studentar som skiftar posisjon innanfor same arbeidsplass, kan det vere krevjande å synleggjere endringar i kunnskapsbasen som grunnlag for ei ny rolle og gå inn i forhandlingar om endra praksis. Studentar utan erfaring manglar den kontekstuelle kunnskapen som teoretisk kunnskap kan relaterast til, og dei har i mindre grad enn dei erfarne språk for å synleggjere kunnskapen. At dei delvis ser ut til å mangle støtte innan-

for organisasjonen, inneber utfordringar. At dei i tillegg er opptekne av å «ikkje gjere forskjell på folk», kan svekke forskulelærarprofesjonen sin status og legitimitet.

## Sluttord

Profesjonalisering kan innehalde både eit sertifiserande og eit kvalifiserande element, som kan vere gjensidig støttande meir enn ekskluderande. Når grunnlaget for jurisdiksjonen ligg i krafta til den akademiske kunnskapen, vert det sentralt at forskulæraren har eit solid fagleg fundament som skil seg frå allmennkunnskap. Å verte anerkjent og oppnå legitimitet kan gi større rom for utdanningsinnhaldet i praksis. Informantane rapporterer at utdanninga har vore fagleg krevjande og omfattande, og ho har bidrige til auka teoretisk forståing som grunnlag for utvida refleksjon og fagleg medvit. Det kan sjå ut til at kunnskapsinnhaldet si betydning trer sterkare fram undervegs, og dette tyder på at kvalifiseringsargumentet har vunne terrenget. Samtidig viser praksiserfaringar seg nytige for korleis ein tek opp i seg innhaldet i utdanninga. Studien peikar på nokre grunnleggande skilje mellom studentar med og utan erfaring frå arbeid i barnehage før utdanninga. Dei erfarne har ein annan klangbakgrunn for å forstå innhaldet i utdanninga, noko som viser seg i korleis dei er i stand til å setje ord på kunnskapen. Studentane utan erfaring ser i mindre grad ut til å kunne kommunisere kva som er sentralt i forskulæraren sin kunnskapsbase og kva som skil assistenter og forskulelærarar. Det kan få innverknad på utforminga av rolla. Å synleggjere utdanninga sin relevans kan bidra til både kvalifisering og sertifisering. Om forskulæraren meistrar å løfte fram korleis teoretisk kunnskap er relevant, kan det påverke praksis. Det kan også påverke opinionen si oppfatning av kunnskapsbasen sin eksklusivitet og dermed profesjonen sin status og legitimitet.

Sjølv om det empiriske materialet omfattar eit avgrensa utval informantar, gir det nokre perspektiv på kvalifiseringsprosessen som kan gi oss auka innsikt i denne. Korleis den langsiktige verknaden på praksis vert, veit vi derimot lite om, og det kunne såleis vere interessant å studere utviklinga til denne gruppa etter nokre år.

## Litteratur

- Abbott, A. (1988). *The system of professions*. Chicago, IL: The University of Chicago Press.
- Billett, S. (2010). *Learning through practice: Models, traditions, orientations and approaches*. Dordrecht: Springer.
- Brüsling, C. (2001). Mot en demokratiserende deprofesjonalisering av læreryrket? I T. Kvernbeck (red.), *Pedagogikk og lærerprofesjonalitet* (s. 112–127). Oslo: Gydendal Akademisk.
- Børhaug, K., Helgøy, I., Homme, A., Lotsberg, D. Ø., & Ludvigsen, K. (2011). *Styring, organisering og ledelse i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Collins, R. (1979). *The credential society. An historical sociology of education and stratification*. New York: Academic Press.
- Denscombe, M. (1998). *Forskningshandboken – för småskaliga forskningsprojekt inom samhällsvetenskaperna*. London: Open University Press.
- Eraut, M. (1994). *Developing professional knowledge and competence*. London: Falmer Press.
- Eraut, M. (2004). Transfer of knowledge between education and workplace setting. I H. Rainbird, A. Fuller, & A. Munro (red.), *Workplace learning in context* (s. 201–221). London: Routledge.
- Eraut, M. (2010). Knowledge, working practices, and learning. I S. Billett (red.), *Learning through practice* (s. 37–58). Dordrecht: Springer.
- Evenstad, R., & Granholz, M. (2006). Førskolelæreutdannings yrkesrelevans. I T. T. Jahnzen, M. Pettersvold, & K. R. Tholin (red.), *Førskolelæreren* (s. 49–63). Oslo: Pedagogisk Forum.
- Fern, E. F. (1982). The use of focus groups for idea generation: The effects of group size, acquaintanceship, and moderator on response quantity and quality. *Journal of Marketing Research*, 19(1), 1–13.
- Freidson, E. (2001). *Professionalism: The third logic*. Cambridge: Polity Press.
- Gadamer, H.-G., Jørgensen, A., & Darling Nielsen, K. (2007). *Sandhed og metode: Grundtræk af en filosofisk hermeneutik*. København: Academica.
- Goffman, E. (1959). *The presentation of self in everyday life*. Edinburgh: University of Edinburgh.
- Grimen, H. (2008). Profesjon og kunnskap. I A. Molander & L. I. Terum (red.), *Professionsstudier* (s. 71–85). Oslo: Universitetsforlaget.
- Haug, P. (2010). *Kvalifisering til lærarykten*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Heggen, K. (2010). *Kvalifisering for profesjonsutøving: Sjukepleiar – lærar – sosialarbeidar*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Hensvold, I. (2011). En förändrad yrkesidentitet. *Nordisk barnehageforskning*, 4(1), 1–16.
- Kunnskapsdepartementet. (2005). *Lov om barnehager (barnehageloven)*. Oslo: Forfatteren.
- Kunnskapsdepartementet. (2012). *NOU (2012:1). Til barnas beste. Ny lovgivning for barnehagene*. Oslo: Forfatteren.
- Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M., & Rygge, J. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gydendal akademisk.
- Larson, M. S. (1977). *The rise of professionalism: A sociological analysis*. Berkeley, CA: University of California Press.

- Lave, J., & Wenger, E. (1991). *Situated learning: Legitimate peripheral participation*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Malterud, K. (2008). *Kvalitative metoder i medisinsk forskning* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Morgan, D. L. (1988). *Focus groups as qualitative research*. Thousand Oaks, CA: Sage Publications.
- Nygren, P. (2004). *Handlingskompetanse: Om profesjonelle personer*. Oslo: Gydendal akademisk.
- Nørregård-Nielsen, E. (2006). *Pædagoger i skyggen. Om barnehavepedagogers kamp for faglig anerkendelse*. Odense: Syddansk Universitetsforlag.
- Paulgaard, G. (1997). *Ungdom, lokalitet og modernitet. Om kulturbrytninger og identitetsutforming i et samfritt nordpå*. Upublisert doktorgradsavhandling, Det samfunnsvitenskaplige fakultet, Institutt for pedagogikk, Universitetet i Tromsø.
- Powell, R. A., & Single, H. M. (1996). Focus groups. *International Journal for Quality in Health Care*, 8(5), 499–504. DOI: 10.1093/intqhc/8.5.499
- Scanlon, L. (red.). (2011). «*Becoming» a professional: An interdisciplinary analysis of professional learning*. Lifelong Learning Book Series 16. Dordrecht: Springer.
- Smeby, J. C. (2008). Profesjon og utdanning. I A. Molander & L. I. Terum (red.), *Professionsstudier* (s. 87–99). Oslo: Universitetsforlaget.
- Smeby, J. C. (2012, 25. januar). Virker utdanning?. Kronikk. *Aftenposten*. Lasta ned fra [www.aftenposten.no/meninger/kronikker/Virker-utdanning-6748452.html](http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/Virker-utdanning-6748452.html)
- Smeby, J. C., & Mausethagen, S. (2011). Kvalifisering til «velterdstatens yrker». I N. P. Sandbu, G. Nygård, T. A. Galloway, A. L. Støren, & A. Turmo (red.), *Utdanning 2011: Veien til arbeidslivet* (s. 149–169). Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Steiness, G. S. (2010). Frå utdanning til yrke. Fôrskulelæraren som profesjonell aktør. I T. L. Hoel, G. Engvik, & B. Hanssen (red.), *Ny som lærer. Sjansespill og sampill* (s. 115–140). Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Thagaard, T. (2010). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitative metoder* (3. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- TV2 Nyhetene. (2012). *Vil ha 8000 ekstra fôrskolelærere, men barnehagetopp tviler*. Lasta ned 17. januar 2012 frå: <http://www.tv2.no/nyheter/innenriks/vil-ha-8000-ekstra-fôrskolelaerer-men-barnehagetopp-tviler-3684676.html>
- Urban, M. (2008). Dealing with uncertainty: Challenges and possibilities for the early childhood profession. *European Early Childhood Education Research Journal*, 16(2), 135–152. DOI: <http://dx.doi.org/10.1080/13502930802141584>
- Vatne, B. (2010). *Towards an "Academic day" in Norwegian kindergarten?* Paper presentert på ESFR, 29. september 2010, Milano, Italia.
- Young, M. F. D. (2008). *Bringing knowledge back in: From social constructivism to social realism in the sociology of education*. London: Routledge.
- Ødegård, E. (2011). *Nyutdannede pedagogiske lederes mestring og appropriering av barnehagens kulturelle redskaper*. Upublisert doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo.
- Østrem, S., Bjar, H., Fosker, L. R., Hogsnes, H. D., Jansen, T., & Nordtømme, S. (2009). *Alle teller mer. En evaluering av hvordan «Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver» blir innført, brukt og erfart*. Tønsberg: Høgskolen i Vestfold.

**English summary: From kindergarten assistant to newly educated kindergarten teacher**

*The age at which kindergarten teachers qualify is increasing, and today one third of newly qualified teachers is over the age of 30 years. Many of these have experience from working in kindergartens prior to undertaking education in teaching, and have attained extensive knowledge of children. Questions have been raised as to whether the goal of part-time studies in kindergarten teachers' education is certification rather than qualification. The article investigates how part-time students experience qualification through education, and is based on individual and focus group interviews held with 16 students in their final year of education. The study compares how students with either long experience or no experience of working in kindergartens assess their knowledge development during their education, and the relevance of the education for their new role. The empirical material is discussed in the light of theories of professions, with different perspectives on function and relevance for the professional role. The study indicates that students with experience from work in kindergarten prior to the education, value the content of education differently from students without such experiences. In addition, they seem to have a more extensive system of concepts to talk about their professional knowledge base.*

Keywords: certification, content of knowledge and relevance, kindergarten teachers' education, qualification

## 4 - Consequences of staff composition in Norwegian kindergarten

NORDIC EARLY CHILDHOOD EDUCATION RESEARCH JOURNAL  
TIDSKRIFT FOR NORDISK BARNEHAGEFORSKNING

# Consequences of staff composition in Norwegian kindergarten

---

Gerd Sylvi Steinnes: Department of Education, Volda University College, Norway. E-mail:  
[gerds@hi.volda.no](mailto:gerds@hi.volda.no)

Peder Haug: Department of Education, Volda University College, Norway. E-mail: [ph@hi.volda.no](mailto:ph@hi.volda.no)

---

PEER REVIEWED ARTICLE, VOL. 6, nr. 13, p. 1-13, PUBLISHED 11TH OF JUNE 2013

**Abstract:** The main question in this study is related to how the composition and formal competence of staff can affect the division of labor in Norwegian kindergarten. The article discusses the distribution of activities between kindergarten teachers and assistants, and what characterizes the two groups' responsibilities at work. The study is based on a survey representing kindergartens from all over Norway, and is part of a national research project<sup>1</sup>. Division of labor is weak. The findings are discussed using a frame factor theoretical approach (Dahllöf 1967, Lundgren 1981). It is argued that several factors affect how staff utilize the scope of action in kindergarten.

**Key words:** Composition of staff, kindergarten teachers and assistants, division of labor, competence

### Criteria for educational quality

Kindergarten has become a significant contribution to the Norwegian welfare state, and is expected to comprise care, experiences and play. Development, learning, growth and formation are the main objectives (Kunnskapsdepartementet, 2011). As a consequence there are strong political expectations that kindergarten should be associated with professionalism and educational quality in order to ensure that children are provided with optimal opportunities to learn and develop. These expectations of quality are today widespread throughout Europe (Dalli, Miller, & Urban, 2012; Miller & Cable, 2011; OECD, 2006; Peeters, 2008). What constitutes such educational quality has been the subject of change over the years (Dahlberg, Moss & Pence, 1999).

The main question in this study is related to the composition and formal competence of staff and the consequences these factors have for the quality of Norwegian kindergarten. Only about 32 percent of staff are qualified kindergarten teachers, given opportunities to develop academic and professional knowledge during years of specific formal education<sup>2</sup>. The remaining staff are kindergarten assistants with no formal job requirements. This composition of staff could represent a

---

<sup>1</sup> The "MAFAL"-project. *"Mastering the role as kindergarten teacher in a field dominated by laymen."* Cooperation between researchers at Volda University College and Oslo and Akershus University College. Supported by the Norwegian Council of Research

<sup>2</sup> Kindergarten teacher training leads to a Bachelor's degree.

challenge to educational quality. Nevertheless, the relationship between staff quality and learning outcome is complex and not so well researched.

